Årsrapport

# Menneskerettar 2002

## Årsrapport om norsk innsats for menneskerettane



UTANRIKSDEPARTEMENTET

Årsrapport

# Menneskerettar 2002

## Årsrapport om norsk innsats for menneskerettane

UTANRIKSDEPARTEMENTET

**Bildekrediteringer:**

Side 8: © Nana Reimers / BAM / Samfoto
Side 12: © AP/Scanpix
Side 14: © Bernt Eide / Samfoto
Side 19: © Mimsy Møller / Samfoto
Side 21: © NORAD
Side 26: © NORAD
Side 30: © Fredrik Naumann / Samfoto
Side 33: © AP/Scanpix
Side 37: © Nils-Inge Kruhaug/Scanpix
Side 40: © Stig Stasig / BAM / Samfoto
Side 45: © Asle Hjellbrekke / NN / Samfoto
Side 48: © Hans Hvide Bang / NN / Samfoto
Side 51: © Bernt Eide / Samfoto
Side 53: © Aftenposten /Scanpix
Side 56: © Mimsy Møller / Samfoto
Side 58: © Mikkel Østergaard / BAM / Samfoto
Side 63: © Fredrik Naumann / Samfoto
Side 64: © Nana Reimers / BAM / Samfoto
Side 71: © NORAD
Side 75: © Paul Sigve Amundsen / Samfoto
Side 76: © Fredrik Naumann / Samfoto
Side 81: © Fredrik Naumann / Samfoto
Side 84: © Jarle Ree / Samfoto
Side 89: © AP/Jacqueline Larma/Scanpix
Side 90: © Fredrik Naumann / Samfoto
Side 94: © FN /Scanpix
Side 102: © Fredrik Naumann / Samfoto
Side 108: © Knut Falch/Scanpix
Side 110: © Berit Keilen/Scanpix

# 1 Innhald


**1. Innhald** ... 3

**2. Forord** ... 7

**3. Innleiing** ... 9
3.1. Menneskerettar i framvekst ... 9
3.2. Eit oversyn over innhaldet ... 9
3.3. Terrorisme og menneskerettar ... 11
3.4. Innarbeiding av konvensjonar ... 13
3.5. Norsk tilslutning til nye menneskerettsinstrument ... 13

**4. Demokrati, utvikling og det sivile samfunnet** ... 15
4.1. Demokrati og val ... 15
4.2. Ytringsfridom og meiningsfridom ... 16
4.2.1. Grunnlova § 100 ... 17
4.2.2. Straffelova § 135a om hatefulle ytringar ... 17
4.2.3. Mediepolitikk ... 17
4.2.4. Samiske medium ... 17
4.2.5. Born og media ... 18
4.2.6. Funksjonshemma og medium ... 18
4.2.7. Internasjonale tiltak ... 19
4.3. Religions- og livssynsfridom ... 19
4.4. Utdanning ... 20
4.4.1. Skulen i arbeid mot rasisme og diskriminering ... 21
4.4.2. Kartlegging av læreplanane ... 21
4.4.3. Eigen nettstad for menneskerettar ... 22
4.4.4. Menneskerettsperspektivet i lærarutdanninga ... 22
4.4.5. Etterutdanningskurs for fagpersonell i lærarutdanninga ... 22
4.4.6. Nasjonal database for godkjenning av utanlandsk høgre utdanning ... 22
4.4.7. Internasjonale tiltak ... 22
4.5. Oppbygging av det sivile samfunnet ... 23
4.5.1. Det norske menneskerettsfondet ... 24
4.5.2. Stiftelsen Menneskerettighetshuset ... 24
4.5.3. Hjelpeorganisasjonar ... 25
4.5.4. Norsk ressursbank for demokrati og menneskerettar (NORDEM) ... 25
4.5.5. International Institute for Democracy and Electoral Assistance (IDEA) ... 26
4.5.6. Andre internasjonale tiltak ... 26
4.6. Retten til utvikling ... 27
4.7. Rettsbasert utvikling ... 28

**5. Liv og helse** ... 31
5.1. Sosial tryggleik ... 31
5.2. Psykisk helse ... 32
5.3. Eldre ... 33
5.4. Funksjonshemma ... 34

5.5. Hiv/aids ... 35
5.6. Miljø ... 36
5.6.1. Retten til miljøopplysningar ... 36
5.6.2. Miljøinformasjon i bistandsarbeidet ... 37
5.7. Retten til mat ... 37
5.8. Kultur og vitskap ... 38
5.8.1. Evaluering av lov om medisinsk bruk av bioteknologi ... 38
5.8.2. Innhenting, oppbevaring og bruk av humant biologisk materiale ... 39
5.8.3. Tvangslisensiering ... 39

**6. Toleranse og likeverd** ... 41
6.1. Diskriminering og rasisme ... 41
6.1.1. Ny lov mot etnisk diskriminering ... 41
6.1.2. Handlingsplan mot rasisme og diskriminering (2002-2006) ... 42
6.1.3. Tiltak for å auke deltakinga i samfunnet for born og unge med innvandrarbakgrunn ... 42
6.1.4. Forslag om forbod mot diskriminering i nye burettslover ... 43
6.1.5. Kontaktutval mellom innvandrarar og styresmaktene ... 43
6.1.6. Kulturelt mangfald ... 43
6.1.7. Lesbiske/homofile ... 44
6.1.8. Internasjonale tiltak ... 44
6.2. Nasjonale minoritetar ... 44
6.2.1. Oppfølging av Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001) Nasjonale minoritetar i Noreg ... 45
6.2.2. Kvenar ... 46
6.2.3. Romanifolket ... 46
6.2.4. Tilskot til nasjonale minoritetar ... 47
6.2.5. Internasjonale tiltak ... 47
6.3. Samar ... 47
6.3.1. Nasjonal politikk og tiltak overfor samane ... 47
6.3.2. Samiske rettar til land og vatn ... 49
6.3.3. Ny namnelov ... 49
6.3.4. Oppretting av ny domstol i Indre Finnmark ... 49
6.3.5. Austsamisk museum i Neiden ... 49
6.3.6. Nordisk samesamarbeid ... 49
6.3.7. Ekspertgruppe for å utarbeide forslag til ein nordisk samekonvensjon ... 49
6.4. Urfolk ... 50
6.4.1. Permanent FN-forum for urfolkssaker ... 50
6.4.2. Arbeidet med ei FN-erklæring om urfolksrettar ... 50
6.4.3. Urfolksarbeid etter konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) ... 51
6.4.4. Andre internasjonale prosessar og tiltak ... 51
6.5. Asyl- og utlendingsrett ... 52
6.5.1. Asyl ... 52
6.5.2. Kvote for overføringsflyktningar ... 52

6.5.3. Lovutval for revisjon av utlendingslova ... 53
6.5.4. Kunnskapsutvikling på asylfeltet ... 53
6.5.5. Familievald der overgriparen ikkje er norsk borgar ... 54
6.5.6. Utvising ... 54
6.5.7. Utvising – tiltak mot terrorisme ... 54
6.5.8. Einslege mindreårige flyktningar og asylsøkjarar ... 55
6.5.9. Prosjekt for å utvikle modellar for kommunalt arbeid for einslege mindreårige ... 55
6.5.10. Flyktningar og "Prosjekt traumatisk stress" ... 55
6.5.11. Born med krigsopplevingar ... 56
6.5.12. Styrking av barneverntenesta si rolle i arbeidet med einslege mindreårige asylsøkjarar og flyktningar ... 57

**7. Økonomi og arbeidsliv** ... 59
7.1. Samfunnsansvar i næringslivet – CSR ... 59
7.2. Barnearbeid ... 62

**8. Familieliv, kvinner og born** ... 65
8.1. Menneskehandel ... 65
8.2. Likestilling ... 66
8.2.1. Endringar i likestillingslova ... 66
8.2.2. Vald og seksuelle overgrep mot kvinner og born – krisesentra si rolle ... 67
8.2.3. Behandling for EFTA-domstolen av sak om øyremerking av vitskaplege stillingar ... 67
8.2.4. FNs kvinnekonvensjon i norsk rett ... 68
8.2.5. Internasjonale tiltak ... 68
8.3. Kjønnslemlesting ... 69
8.4. Tvangsekteskap ... 69
8.5. Born ... 70
8.5.1. FNs spesialsesjon om born ... 71
8.5.2. Arbeidet med FNs barnekonvensjon ... 72
8.5.3. Born og medium ... 72
8.5.4. Born og medverknad ... 72
8.5.5. Borns rett til å bli høyrde ... 72
8.5.6. Seksuelle overgrep mot born ... 73
8.5.7. Familievald, privat vald i heimen – situasjonen for born ... 74
8.5.8. Internasjonale tiltak ... 74
8.6. Familieliv ... 74
8.6.1. Likestilling mellom foreldre med omsyn til offentlege overføringar ... 75
8.6.2. Likestilling mellom sambuarar og gifte med omsyn til farskap og foreldreskap ... 75
8.6.3. Farskap ... 75

**9. Krig og konflikt** ... 77
9.1. Tryggleik for individet (HSN) ... 78
9.2. Vern av sivile i væpna konflikt ... 78
9.3. Born i væpna konflikt ... 79
9.4. Økonomisk agenda i krig ... 79
9.5. Flyktningar og internt fordrivne ... 79
9.6. Humanitære standardar ... 81
9.7. Den internasjonale straffedomstolen (ICC) ... 81
9.8. Særleg om fredsprosessen på Sri Lanka ... 82
9.9. Særleg om fredsprosessen i Sudan ... 83
9.10. Særleg om fredsprosessen i Colombia ... 83

**10. Rettsstatsprinsipp** ... 85
10.1. Rettstryggleik ... 85
10.1.1. Inndraging av førarkort ... 85
10.1.2. Raskare straffesaksbehandling og varetektsfengsling i isolasjon ... 85
10.1.3. Erstatning etter straffeforfølging ... 86
10.1.4. Internasjonale tiltak ... 86
10.2. Dødsstraff ... 87
10.3. Tortur ... 88

**11. FN-systemet** ... 91
11.1. Tredjekomiteen i Hovudforsamlinga ... 91
11.2. Tryggingsrådet ... 93
11.3. Menneskerettskommisjonen ... 96
11.4. Høgkommissæren for menneskerettar ... 98
11.5. Konvensjonsorgana ... 99
11.6. ILO ... 99
11.7. Utviklingsbankane ... 101

**12. Regionale system** ... 103
12.1. Europarådet ... 103
12.2. OSSE ... 105
12.3. Austersjørådet ... 106
12.4. Barents-samarbeidet ... 107

**13. Menneskerettsdialogar** ... 109

**14. Vedlegg** ... 111
14.1. Ombodsordningane ... 111
14.1.1. Sivilombodsmannen ... 111
14.1.2. Barneombodet ... 112
14.1.3. Likestillingsombodet ... 113
14.1.4. Ombodsmannen for Forsvaret og Ombodsmannen for sivile vernepliktige ... 114
14.1.5. Senter mot etnisk diskriminering ... 114
14.2. Statistikk ... 118
14.3. Kjelder til meir informasjon ... 132

# 2 Forord

"Det paaligger Statens Myndigheder at respektere og sikre Menneskerettighederne". Dette grunnleggjande utgangspunktet for menneskerettsarbeidet er nedfelt i Noregs grunnlov, og følgjer av ei rekkje menneskerettskonvensjonar. Noreg har lange tradisjonar for aktiv og pågåande innsats for menneskerettane, ikkje berre i eige land, men òg i andre delar av verda. Menneskerettar vedgår oss alle, og på svært mange livsområde.

Menneskerettane har fått ein sentral plass i Sem-erklæringa som regjeringspartia la fram 8. oktober 2001. Målsetjingane i menneskerettsarbeidet kjem klart fram i Handlingsplan for menneskerettigheter, eit omfattande dokument som vart lagt fram av den første Bondevik-regjeringa. Sem-erklæringa forpliktar regjeringa til å følgje opp handlingsplanen.

Årsrapporten presenterer den norske innsatsen for menneskerettane, nasjonalt som internasjonalt. Innsatsen omfattar alle sider ved det arbeidet styresmaktene gjer for å realisere menneskerettane, enten det er gjennom lovgjeving, økonomi, politisk samarbeid, informasjon, opplæring, overvaking eller anna. Årsrapporten viser at handlingsplanen langt på veg er oppfylt. Årsrapporten dokumenterer og forklarer innsatsen som er gjort. Rapporten nemner òg nye utfordringar og oppgåver som er komne til og korleis ein har prøvd å løyse desse.

Årsrapporten fokuserer på innhaldet og målsetjingane i handlingsplanen. Rapporten er organisert rundt rettar og internasjonale gjennomføringsmekanismar. Difor vert nasjonale og internasjonale tiltak gjennomgåande omtala under eitt, ikkje lenger kvar for seg. Disposisjonen speglar den auka interessa for dei ulike aspekta ved menneskerettane, og vil gjere det lettare å finne fram til konkrete saksområde.

Vi legg stor vekt på å gje menneskerettane auka tyngd i det internasjonale arbeidet. Samtidig er det klart at med auka innsikt og omtale kjem det òg for dagen nye område som kallar på handling. I tillegg til å rapportere om arbeidet som er gjort, skal denne årsrapporten difor formidle kunnskap om menneskerettane og inspirere til ny og auka innsats.



Jan Petersen



Hilde Frafjord Johnson



# 3 Innleiing

## 3.1. Menneskerettar i framvekst

Menneskerettane har utvikla seg sterkt sidan FN vedtok Verdserklæringa om menneskerettane i 1948. FNs to hovudkonvensjonar frå 1966 dekkjer det vi kallar sivile og politiske rettar på den eine sida og økonomiske, sosiale og kulturelle på den andre. Desse to hovudkonvensjonane er så blitt presiserte og utvikla gjennom nye spesialkonvensjonar, særleg om born, kvinner, tortur og rasediskriminering. Verdserklæringa om menneskerettane er følgd opp også på det regionale planet. I Noreg kjenner vi best dei etter kvart mange konvensjonane frå Europarådet, særleg hovudkonvensjonen frå 1950.

Rettane som følgjer av konvensjonane, er blitt fortolka og utvikla av gjennomføringsorgan oppretta i medhald av konvensjonane. FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar vert overvakt og fortolka av menneskerettskomiteen i FN, mens FN-komiteen for økonomiske, sosiale og kulturelle rettar overvaker den andre hovudkonvensjonen frå 1966. Den europeiske menneskerettsdomstolen avgjer saker som vedgår den europeiske menneskerettskonvensjonen av 1950.

Framveksten av konvensjonar og den etter kvart omfattande praksisen har ført til at menneskerettane dekkjer eit svært breitt felt. Klassiske rettar som ytringsfridom og fridom frå tortur vert støtta opp av nyare rettar, til dømes rett til utdanning og helsevern. Retten til reint naturmiljø og retten til utvikling er eksempel på rettar som framleis er i støypeskeia.

Dokument og institusjonar fører ikkje nødvendigvis til nokon betra menneskerettssituasjon for enkeltindividet. Politikken og prioriteringane til styresmaktene vil vere avgjerande her. For å sikre innsyn i arbeidet til styresmaktene og for å styrkje dette arbeidet, tilrådde Verdskonferansen om menneskerettar i Wien i 1993 at alle land utarbeider handlingsplanar og årsrapportar om menneskerettane. Noreg var eitt av dei første landa i verda som følgde opp desse tilrådingane. Både handlingsplanen og årsrapportane er omsette til engelsk, og har møtt stor interesse internasjonalt.

Kvart departement har ansvaret for menneskerettane på sitt saksfelt. Årsrapporten byggjer på innspel frå alle desse departementa. Utviklingsminister Hilde Frafjord Johnson har ansvaret for å koordinere oppfølginga av dei nasjonale tiltaka i handlingsplanen.

## 3.2. Eit oversyn over innhaldet

Årsrapporten om Noregs innsats for menneskerettane speglar det breie saksområdet og dei mange institusjonane som arbeider for menneskerettane. Årsrapporten er organisert rundt grupper av rettar, som igjen omfattar mange av dei meir kjende rettane og fridommane. I tillegg har

institusjonane, både FN og dei menneskeretts-orienterte mekanismane, fått særskild omtale. Den nasjonale og den internasjonale innsatsen vert dermed behandla parallelt. På denne måten vil det vere lettare å danne seg eit bilete av dei mange verkemidla som kan setjast inn i menneskeretts-arbeidet, og på same tid få ei forståing av at innsatsen her som elles må knytast til konkrete behov. Til dømes er dødsstraff heldigvis ikkje tema i det nasjonale arbeidet, mens innsatsen til fordel for samane i det vesentlege er avgrensa til Noreg.

Innleiingsvis omtalar årsrapporten tiltak som gjeld demokrati, utvikling og det sivile samfunnet. Dette er grunnlaget for samfunn tufta på vern om menneskerettane, og byggjesteinar for mykje av innsatsen elles. Dette første hovudkapitlet handlar om demokrati og val og om sentrale sivile og politiske rettar som ytringsfridom, meinings-fridom, religionsfridom og rett til utdanning. Deretter vert meir strukturelle tiltak i samband med oppbygginga av det sivile samfunnet omtala, før kapitlet vert avslutta med ein omtale av retten til utvikling og rettsbasert utvikling.

Den neste hovudbolken knyter seg til liv og helse. Her står dei økonomiske og sosiale rettane i fokus. Tiltak som gjeld sosial tryggleik og psykisk helse innleier kapitlet, før tiltak for utsette grupper som eldre, funksjonshemma og hiv/aids-pasientar blir drøfta. Kapitlet vert avslutta med ein omtale av tiltak knytte til miljø, mat, kultur og vitskap.

Toleranse og likeverd er tema i den tredje hovud-delen. Denne tek føre seg tiltak som gjeld diskriminering og rasisme, og særleg innsatsen overfor grupper som nasjonale minoritetar, samar og urfolk. Denne delen vert avslutta med ein omtale av tiltak på asyl- og utlendingsfeltet.

Økonomi er tema for den fjerde hovuddelen. Her er det særleg tale om næringslivet sitt sosiale ansvar, eller CSR etter det engelske uttrykket Corporate Social Responsibility, og om forbodet mot barnearbeid.

Femte hovuddelen i årsrapporten handlar om kvinner, born og familieliv. Tema her er tiltak for å få bukt med menneskehandel, kjønnslemlesting og tvangsekteskap, i tillegg til ei rekkje tiltak for å fremje likestilling mellom kjønna. Innsatsen for menneskerettane til born får brei omtale. Kapitlet vert avslutta med tiltak knytte til familielivet.

Krig og konflikt vert omtala i den sjette hovud-delen. Tiltaka er alle internasjonale, og knyter seg til vern av sivile og born, flyktningar og internt fordrivne. Innsatsen for Den internasjonale straffedomstolen og Noregs rolle i freds-prosessane på Sri Lanka, Sudan og i Colombia er omtala for seg.

Rettsstatsprinsippa avsluttar den delen av årsrapporten som er vigd til konkrete menneske-rettar. Denne hovuddelen tek føre seg retts-tryggleiksprinsipp, dødsstraff og tortur.

FN-systemet innleier den delen av årsrapporten som handlar om mekanismar og organ som skal medverke til å utvikle og overvake menneske-rettane. Hovudforsamlinga og Tryggingsrådet i FN spelar viktige roller her som på så mange andre felt i det internasjonale arbeidet, og får brei omtale. Deretter er FNs menneskerettskommisjon og FNs høgkommissær for menneskerettar omtala. Den norske innsatsen i samband med konvensjonsorgana, bankordningane og ILO er omtala på slutten av denne delen.

Noregs innsats i høve til dei regionale systema vert omtala etter bolken om FN. Her spelar Europarådet ei sentral rolle, men også Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE), Austersjørådet og Barents-samarbeidet er sentrale emne.

Omtalen av internasjonale mekanismar vert avslutta med ein presentasjon av menneskeretts-dialogen mellom Noreg og andre land, særleg Kina og Indonesia.

Årsrapporten vert avslutta med ein serie vedlegg. Den første gruppa vedlegg samlar rapportar frå ombodsordningane og Senter mot etnisk diskriminering. Deretter følgjer eit oversyn over dei økonomiske bidraga Noreg har ytt på menneskerettsfeltet internasjonalt.

### 3.3. Terrorisme og menneskerettar

Arbeidet for menneskerettane i 2002 var prega av etterverknadene av terroraksjonane i USA 11. september 2001. Frå norsk side har det vore viktig å understreke at kampen mot internasjonal terrorisme ikkje må føre til at respekten for menneskerettane svekkjest. Nødvendige og effektive tiltak mot internasjonal terrorisme må etter Noregs syn kunne gjennomførast utan at menneskerettane vert skadelidande. Kampen mot terrorisme og arbeidet for menneskerettane kviler på det same verdigrunnlaget. Målsetjinga om eit fritt, demokratisk og pluralistisk samfunn er sentral i menneskerettsarbeidet. Noreg deltok i dei prosessane rundt problemstillinga menneskerettar og terrorisme som gjekk føre seg i FN-systemet i 2002. Hovudforsamlinga i FN (3. komité) vedtok etter lange og vanskelege forhandlingar ein ny resolusjon som set dette spørsmålet på saklista til FN og sender eit viktig politisk signal om at menneskerettane ikkje skal lide overlast i kampen mot terrorisme. Sjølv om forhandlingane tydeleg viste at dette temaet framleis er sensitivt i ein FN-samanheng, og resolusjonen for så vidt er ”svakare” enn mange hadde ønskt, har FNs høgkommissær for menneskerettar no fått eit uttrykkjeleg mandat til å arbeide med denne problemstillinga. Regjeringa vil følgje opp denne saka i internasjonale forum som menneskeretts-kommisjonen og hovudforsamlinga i FN.

Diskusjonen rundt USA si behandling av fangane på Guantanamo-basen på Cuba har kasta lys over samanhengen mellom menneskerettar og kamp mot terrorisme. Noreg meiner at fangane, utan omsyn til status og handlingar dei er sikta for, skal behandlast humant og få ein rimeleg rettargang. Noreg har teke til orde for at dei pågripne skal behandlast som krigsfangar til ein amerikansk domstol har teke endeleg stilling til statusen deira. Dette synet er gjort klart overfor amerikanske styresmakter. Noreg har understreka at grunnleggjande rettsprinsipp også må gjelde i saker som vert førte for amerikanske militærdomstolar.

Den vanskelege balansen mellom kamp mot terrorismen og respekt for menneskerettane er òg blitt prøvd på norske forhold. Noreg har vist stor vilje til å følgje opp det internasjonale arbeidet med lovgjeving og andre rettslege tiltak. Ved Ot.prp. nr. 61 (2001-2002) fremja regjeringa lovforslag som inneber at FN-konvensjonen av 9. desember 1999 om kamp mot terrorisme og tryggingsråds-resolusjon nr. 1373 av 28. september 2001 vert innarbeidde i norsk rett. Forslaga medverkar til ein meir effektiv innsats mot terrorisme. Samtidig er det lagt særleg vekt på at FN-pålegga ikkje må tolkast dit at det oppstår eit motsetnadsforhold til grunnleggjande menneskerettar. Lovframlegget er utforma slik at det er i samsvar med norske menneskerettstilsegner. I desse nasjonale prosessane er det komme mange verdifulle innspel frå juridiske og menneskerettslege miljø i Noreg.

Det er grunn til å tru at det også i framtida vil vere behov for å evaluere eksisterande rettslege tiltak mot terrorisme og å utvikle nye. Frå norsk side er det viktig at framtidige tiltak mot terrorisme på best mogeleg måte varetek rettstryggleiken og dei grunnleggjande menneskerettane til den einskilde. Under møtet i Nordisk ministerråd på Svalbard 25. juni 2002 vedtok justisministrane å opprette ei eiga nordisk arbeidsgruppe for å vurdere korleis



grunnleggjande menneskerettar og rettstryggleik for den enkelte best kan varetakast i det vidare nasjonale og internasjonale arbeidet mot terrorisme.

Arbeidsgruppa skal gje rettleiing om korleis ein på nasjonalt og internasjonalt plan best kan vareta grunnleggjande menneskerettar og rettstryggleiken til den enkelte i samband med rettslege tiltak mot terrorisme, samtidig som omsynet til samfunnsvernet vert sikra. Arbeidsgruppa er leidd av Noreg og er sett saman av representantar frå kvart av dei nordiske justisdepartementa. Arbeidsgruppa skal levere sin rapport innan 1. mai 2004.

### 3.4. Innarbeiding av konvensjonar

Den første Bondevik-regjeringa fremja menneskerettslova for Stortinget. Denne lova slår fast at FNs to hovudkonvensjonar om menneskerettar frå 1966 saman med Europarådets menneskerettskonvensjon frå 1950 skal gjelde som norsk rett. Arbeidet med innlemming av andre hovudkonvensjonar har sidan halde fram på ulike nivå. Regjeringa har lagt grunnlaget for å fremje forslag til Stortinget om inkorporering og synleggjering av barnekonvensjonen våren 2003, og eit interdepartementalt utval vart nedsett i 2002 for å vurdere innarbeiding av kvinnekonvensjonen. FNs torturkonvensjon vil bli vurdert saman med ei større reform av straffelova. Innarbeiding av rasediskrimineringskonvensjonen er behandla i NOU 2002:12 Rettslig vern mot etnisk diskriminering (Holgersenutvalet). Utgreiinga vart levert 14. juni 2002, og vart send på høyring av Kommunal- og regionaldepartementet med høyringsfrist 1. februar 2003.

### 3.5. Norsk tilslutning til nye menneskerettsinstrument

Noreg ratifiserte tilleggsprotokollen til FNs kvinnekonvensjon 5. mars 2002. På nærare fastsette vilkår gjev protokollen Kvinnekomiteen mynde til å behandle innkomne saker der kvinner meiner at rettane deira etter kvinnekonvensjonen er krenkte.

Noreg underteikna tilleggsprotokoll 13 til den europeiske menneskerettskonvensjonen 3. mai 2002, same dagen som protokollen vart opna for underteikning. Protokollen forbyr all bruk av dødsstraff, også i krig.

Tilleggsprotokoll til barnekonvensjonen om seksuell utnytting av born, som vart ratifisert av Noreg 2. oktober 2001, tredde i kraft for Noreg i januar 2002.

Tilleggsprotokoll til torturkonvensjonen vart vedteken av FNs hovudforsamling i desember 2002.

Sommaren 2002 vart første forhandlingsrunda for utarbeiding av ein heilskapleg konvensjon om rettar for funksjonshemma gjennomført. Noreg deltok med representantar frå Helsedepartementet.



# 4 Demokrati, utvikling og det sivile samfunnet

Demokrati, utvikling og det sivile samfunnet er tett knytte til kvarandre. Alle kan sjåast som delar av menneskerettane eller som føresetnader for at menneskerettane kan respekterast og etterlevast. Det sivile samfunnet er ein nødvendig føresetnad for eit fungerande demokrati, samtidig som det sivile samfunnet fungerer best i land med solid demokrati. Begge er sentrale element i utviklingspolitikken, særleg for at utviklinga skal kunne vere stabil over tid og komme alle grupper i samfunnet til gode.

Regjeringa har sett i verk mange tiltak for å styrkje demokratiet, utviklinga og det sivile samfunnet, nasjonalt som internasjonalt. Slike tiltak er det gjort greie for i kapitlet nedanfor.

Klassiske sivile og politiske rettar som medråderett, ytringsfridom og religionsfridom er omtala i kapitla nedanfor. Retten til utdanning er òg sentral her. Oppbygginga av det sivile samfunnet og dei "nyare" rettane i samband med utvikling avsluttar dette kapitlet.

## 4.1. Demokrati og val

Gjennomføring av val er ein føresetnad for demokratiet. Valkampar, reklamemateriell, demonstrasjonar og offentlege debattar er ei side av dette, mens den tekniske avviklinga er ei anna. Begge delar stiller krav om langvarige førebuingar og utvikling av regelverk og støtteordningar.

Regjeringa tok i 2002 initiativ til å opprette Norsk senter for demokratistøtte. Senteret vart etablert i oktober 2002 og omfattar eit sekretariat og eit råd. I rådet sit representantar for dei politiske partia og tre uavhengige medlemmer (frå Norsk utanrikspolitisk institutt, Chr. Michelsens Institutt og Senter for menneskerettar). Senteret er eit partipolitisk nøytralt og ideelt organ, og har som overordna mål å styrkje framveksten av representative fleirpartidemokrati og frie val i sør.

Ordninga er gjennomført i samråd med dei politiske partia i Noreg. Senteret prioriterer tiltak i hovudsamarbeidslanda våre i regi av norske politiske parti. Tiltak i andre samarbeidsland vil òg kunne få støtte. Tiltak som fokuserer på kapasitets-, organisasjons- og institusjonsutvikling vil bli prioriterte. Det vert særleg lagt vekt på tiltak som legg til rette for at kvinner og ungdom kan delta i politisk arbeid. Rådet behandlar prosjektsøknader frå partia og skriv innstillingar, diskuterer strategiar for det vidare samarbeidet og gjennomgår rapportar frå gjennomførte prosjekt. Vedtak om økonomisk støtte vert fatta av Utanriksdepartementet. Norsk senter for demokratistøtte er etablert som ei prøveordning. Verksemda vil bli evaluert etter 3 år før senteret eventuelt vert etablert som ein permanent institusjon.

Støtte til demokratiutvikling er eitt av hovudmåla med norsk prosjektstøtte internasjonalt. Som eit

eksempel blir det i prosjektbistanden til Russland lagt vekt på kunnskapsoverføring og erfaringsutveksling gjennom samarbeidsprosjekt mellom norske og russiske organisasjonar. Prioriterte område er mellom anna utvikling av frivillige organisasjonar og parti, utvikling av frie medium, institusjonsutvikling i utdanningssektoren og bevisstgjering om menneskerettar. Eit anna eksempel er kontakten med dei fem statane i Sentral-Asia, som alle ber preg av svake menneskerettstradisjonar. Regionen har felles grense med Afghanistan, og den internasjonale interessa for engasjement i denne regionen tok seg kraftig opp etter terroråtaka mot USA 11. september 2001. Forsterka samarbeid om tryggingsspørsmål har gått hand i hand med auka engasjement for å fremje menneskerettar og demokratiutvikling i regionen. Eit tredje eksempel er situasjonen i Kviterussland, der Noreg har uttrykt uro over ei utvikling prega av udemokratiske val og utbreidd mediesensur dei seinare åra. Noreg har ikkje direkte kontakt med det kviterussiske regimet på høgt politisk nivå, og har difor brukt internasjonale organisasjonar, særleg OSSE, som forum for å påpeike brot på menneskerettane i landet.

Det er gjeve støtte til fleire tiltak for å auke valdeltakinga, for å sikre at vala vert gjennomførte på demokratisk vis og for å styrkje media og tilliten til dei politiske partia. Her kan støtta til Guatemala trekkjast fram som eit eksempel. Med støtte frå Noreg gjennomførte OAS (Organisation of American States) og TSE (Tribunal Supremo Electoral) eit program for å betre veljarregistreringa og auke valdeltakinga ved valet i 2003. Dei politiske partia i Guatemala har liten tillit, og Kongressen ber preg av dette i sitt arbeid. Noreg har difor inngått ein avtale med OAS om eit program som har til mål å styrkje dei politiske partia i Guatemala. Partia sjølve har vore med på å utforme programmet, der hovudmålet er å styrkje det guatemalanske demokratiet ved å fremje demokratiske verdiar og praksis innanfor dei politiske partia, fremje tverrpolitisk dialog og etablere mekanismar som kan gjere det lettare for ungdom, kvinner og urfolk å delta i det politiske livet.

Noreg støtta i 2002 fleire tiltak i Afrika retta mot demokrati og val. Mellom anna deltok Noreg med valobservatørar under vala i Lesotho, og vi støtta gjennomføringa av president- og parlamentsval i Mali. Støtta til Mali gjekk i første rekkje til kapasitetsbygging i forvaltninga for å sikre gjennomføringa av frie og rettferdige val. I Etiopia støtta Noreg program for demokratisering og gjennomføring av val. Dette omfattar kontinuerleg veljaropplæring, utvikling av det parlamentariske systemet (i samarbeid med FN) og støtte til valkommisjonen. Under presidentvalet i Zimbabwe hadde Noreg si eiga valobservatørgruppe som følgje av at EU trekte tilbake sine observatørar. Den norske gruppa konkluderte med at valet ikkje var gjennomført i samsvar med internasjonale normer, og rapporten frå gruppa fekk mykje omtale.

Hovudinnsatsen frå norsk side i Kenya har gått ut på støtte til demokrati og val. Støtta til eit omfattande nasjonalt veljaropplæringsprogram i regi av kenyanske frivillige organisasjonar var truleg ei av årsakene til den demokratiske maktovergangen i Kenya i desember 2002.

### 4.2. Ytringsfridom og meiningsfridom

Ytringsfridom og meiningsfridom er av dei klassiske sivile rettane, og er verna av mellom anna FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar av 1966 og Europarådets menneskerettskonvensjon av 1950. Ofte må ytringsfridomen vegast opp mot andre rettar, til dømes det individuelle vernet mot rasediskriminering. Særleg ytringsfridomen står sentralt i den ideologiske debatten. Forslaget til endring av ytringsfridomsparagrafen i Grunnlova vert av mange rekna som

det mest prinsipielle arbeidet som er i gang på dette feltet i Noreg i dag.

*4.2.1. Grunnlova § 100*

Ytringsfridomskommisjonen fremja i NOU 1997:27 forslag til ny utforming av Grunnlova § 100 om ytringsfridom. Justisdepartementet sende utgreiinga frå kommisjonen på høyring i november 1999.

Etter Grunnlova § 112 gjekk fristen for å setje fram grunnlovsforslag for behandling i neste stortingsperiode ut då Stortinget vart oppløyst 28. september 2000. Regjeringa Stoltenberg la difor fram Stortingsmelding nr. 42 (1999-2000) Om endring av Grunnloven § 100 i september 2000. Stortingsmeldinga gjev ein presentasjon av ytringsfridomskommisjonens forslag til ny grunnlovsføresegn om ytringsfridom med bakgrunn i utgreiinga frå kommisjonen. Formålet med meldinga var å gje stortingsrepresentantane høve til å vurdere forslaga og eventuelt å setje fram alternative grunnlovsforslag.

På bakgrunn av utgreiinga frå ytringsfridomskommisjonen og Stortingsmelding nr. 42 (1999-2000) arbeidde Justisdepartementet i 2002 med ei ny stortingsmelding som vil innehalde nærare analyse og vurdering av dei problemstillingane kommisjonsutgreiinga tek føre seg. I meldinga vil òg dei ulike forslaga og alternativa som vart framsette i den førre stortingsmeldinga bli grundigare utgreidde, slik at Stortinget får betre grunnlag for å velje mellom dei ulike alternativa. Ein tek sikte på å fremje meldinga i løpet av siste halvår 2003.

*4.2.2. Straffelova § 135a om hatefulle ytringar*

Regjeringa fremja i Odelstingsproposisjon nr. 109 (2001-2002) forslag om å endre straffelova § 135a om rasistiske ytringar. Forslaget inneber ei presisering av gjeldande rett ved at også ytringar som vert framsette ved bruk av symbol, kan omfattast av føresegna. Forslaget vart vedteke av Stortinget 12. desember 2002 og tredde i kraft 10. januar 2003.

Høgsterett sa 17. desember 2002 dom i plenum om rekkevidda av straffelova § 135a, der blant anna tilhøvet til Grunnlova § 100 vart drøfta. Dommen var ikkje samrøystes, og har vore mykje debattert.

*4.2.3. Mediepolitikk*

Mål og verkemiddel i mediepolitikken i relasjon til ytringsfridomen er omtala i Stortingsmelding nr. 57 (2000-2001) I ytringsfrihetens tjeneste. Meldinga vart behandla i Stortinget 25. april 2002. Stortinget slutta seg i det vesentlege til forslaga i meldinga.

Mediepolitikken skal medverke til å sikre ytringsfridomen som føresetnad for eit levande folkestyre, sikre eit kulturelt mangfald og eit norskspråkleg medietilbod og verne born og unge mot skadeleg medieinnhald. Styresmaktene har eit positivt ansvar for å leggje til rette for ytringsfridom og fri kommunikasjon i samfunnet. Verkemiddel som eigarskapsregulering, pressestøtte og allmennkringkasting skal syte for mediemangfald og innhaldsmangfald i media. Samtidig må media gjennom sjølvregulering vere pådrivarar for å halde på eit høgt etisk nivå og vareta ytrings- og informasjonsfridomen.

*4.2.4. Samiske medium*

I Stortingsmelding nr. 33 (2001-2002) Tilleggsmelding til St.meld. nr. 55 (2000-2001) Om samepolitikken føreslår regjeringa mellom anna ein auke i tilskotssatsen for samiskspråkleg innhald innanfor støtteordninga for samiske aviser. Det heiter mellom anna:

”Regjeringen viser til at opprettholdelse og utvikling av samisk språk er en forutsetning for en fungerende informasjonsformidling og samfunnsdebatt i det samiske samfunnet. De samiske avisene har stor betydning både som informasjonskilder og ytringskanaler og for bevaring av samisk språk. Regjeringen går derfor inn for at tilskuddet i noe større grad rettes inn mot de samiskspråklige avisene. Dette vil bli gjort ved en justering av tilskuddssatsene for samisk språk i forskriften om tilskudd til samiske aviser. Tilskuddsordningen for samiske aviser blir i dag forvaltet av Statens medieforvaltning, i likhet med de øvrige pressestøtteordningene. Spørsmålet om en eventuell overføring av forvaltningsansvaret til Sametinget er blitt reist ved flere anledninger. Regjeringen er åpen for å diskutere dette. En forutsetning må være at tilskuddsforvaltningen gir den nødvendige avstand og uavhengighet i forholdet mellom samiske politiske myndigheter og samisk presse.”

#### *4.2.5. Born og media*

I samband med behandlinga av Stortingsmelding nr. 57 (2000-2001) I ytringsfrihetens tjeneste bad Stortinget Kultur- og kyrkjedepartementet om å ta initiativ til forsking på nettvanar hos born og unge for å skaffe seg eit betre kunnskapsgrunnlag på området.

Kultur- og kyrkjedepartementet har fram til 2003 saman med Nærings- og handelsdepartementet, Justisdepartementet, Utdannings- og forskingsdepartementet, Samferdsledepartementet og Barne- og familiedepartementet vore deltakarar i EU-handlingsplanen for sikker bruk av Internett (IAP - Internet Action Plan). Handlingsplanen er tenkt utvida med to nye år med same årlege budsjett som før.

Ei prosjektgruppe frå Statens filmtilsyn har gjennom IAP fått støtte til eit prosjekt som har til formål å kartleggje nettbruken til dei unge i Norden. Prosjektet har fått namnet SAFT (Safety Awareness For Teens), og får òg støtte frå IKT-Norge og Markeds- og Mediainstituttet (MMI). Dei andre samarbeidspartnarane er Medierådet for børn og unge i Danmark, Våldsskildringsrådet i Sverige, Heimili og Skoli på Island og The National Centre for Technology in Education i Irland.

SAFT-prosjektet har to hovuddelar: ei stor europeisk undersøking av farlege nettvanar hos born og kva foreldra veit om internettvanane til borna, og informasjonstiltak baserte på funna i undersøkinga. I Noreg vil arbeidet bli koordinert med handlingsplanen ”Barn, unge og Internett” som Barne- og familiedepartementet har lagt fram.

Statens filmtilsyn har vidare fått utarbeidd ein rapport om nettvanar hos ungdom. Rapporten har tittelen ”Nettsvermere” og er tilgjengeleg på http://www.filmtilsynet.no/Publikasjoner.

#### *4.2.6. Funksjonshemma og medium*

Kulturnett Noreg tilbyr kulturopplevingar og tenester via nettet, og gjer dei tilgjengelege for grupper som tidlegare ikkje har kunna nyte godt av dei i like stor grad. Som ei teneste for blinde og svaksynte har Kulturnett Noreg utvikla ein særskilt tilpassa tekstversjon av heile nettstaden med sektornett. Museumsnett har i sin Museumsguide merkt av dei musea som er tilrettelagde for funksjonshemma.

Tegnspråkteatret får frå 2002 ei fast årleg støtte over Kultur- og kyrkjedepartementet sitt budsjett. I 2002 er tilskotet på 6,7 millionar kroner. Tegnspråkteatret er administrativt tilknytt Riksteatret. Det vert òg gjeve støtte til teiknspråktolking av utvalde oppføringar ved dei faste teatra.




*4.2.7. Internasjonale tiltak*

Den norske innsatsen på internasjonalt plan kan illustrerast med to tiltak i Afrika. Regjeringa ønskjer å gje ein bibliografisk database om ytringsfridom og sensur av litteratur og aviser i historisk tid og samtida verda over, Bibliotheca Alexandrina, i gåve til Alexandria-biblioteket i Egypt. Kyrkje- og kulturdepartementet har vore hovudfinansieringskjelde for arbeidet med databasen. Etter planen skal statsråd Valgerd Svarstad Haugland overlevere databasen til biblioteket i mai 2003. Databasen er utvikla av tidlegare Norsk forum for ytringsfrihet og har to hovuddelar. Den eine delen gjev opplysningar om publikasjonar om sensur og ytringsfridom (ca. 6 000 oppføringar). Den andre delen er ein dokumentasjon av sensurerte titlar verda over, med opplysning om kvifor og korleis dei er sensurerte.

Noreg har gjennom den regionale medieorganisasjonen MISA ytt betydeleg støtte til arbeid med å fremje ytringsfridomen i det sørlege Afrika. Dette har mellom anna vore gjort ved å støtte reformer i medielovgjevinga i dei enkelte landa, forsvare pressefridomen der han har vore under press og ved å støtte fengsla journalistar.

## 4.3. Religions- og livssynsfridom

Religionsfridomen står sentralt for svært mange individ verda over, ikkje berre som vern av eiga tru, men òg i form av retten til å uttrykkje si tru offentleg og saman med andre. Livssynsfridomen dekkjer på si side humanetiske synsmåtar og retten til ikkje å ha noko livssyn eller nokon religion. Religions- og livssynsfridom er omtala i ei rekkje internasjonale instrument, heilt frå FNs verdserklæring om menneskerettar artikkel 18, som sidan er følgd opp mellom anna av FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar, FN-erklæringa om avskaffing av alle former for intoleranse og diskriminering basert på religion eller tru og den europeiske menneskerettskonvensjonen av 1950 (EMK art. 9).

I Noreg var forslaget om nyordning av tilhøvet mellom stat og kyrkje emne for mykje debatt. I mars 2002 kom sluttrapporten frå eit kyrkjeleg utval som på oppdrag frå Kyrkjerådet for Den norske kyrkja hadde utgreidd tilhøvet mellom kyrkje og stat. Av sluttrapporten gjekk det fram at eit fleirtal av utvalsmedlemmene ønskte ei nyordning av tilhøvet mellom stat og kyrkje. Kyrkjemøtet for Den norske kyrkja gjorde hausten 2002 vedtak om at det burde setjast ned eit offentleg utval for å arbeide vidare med tilhøvet mellom stat og kyrkje.

Stortinget vedtok våren 2001 å vidareføre det mykje omtala KRL-faget som eit obligatorisk fag under namnet kristendom, religions- og livssynskunnskap, og understreka samtidig at opplæringa skal gå føre seg på ein objektiv, kritisk og pluralistisk måte utan forkynning. Det nye namnet på faget er ved lovendring gjort gjeldande frå 1. august 2002. Med verknad frå same tidspunkt har Undervisnings- og forskingsdepartementet fastsett ny læreplan for faget. Formålet med revisjonen av læreplanen er at alle elevar i Noreg skal få eit felles kunnskaps-, kultur- og verdigrunnlag. Parallelt med dette har Læringssenteret utarbeidd ei ny lærarrettleiing for KRL-faget, basert på tidlegare erfaringar og den reviderte læreplanen. All relevant informasjon om KRL-faget er i 2002 samla i ein publikasjon, KRL-boka (læreplan, lærarrettleiing, rundskriv og annan informasjon), som vart send til alle grunnskular i landet ved skulestart. Handboka inneheld mellom anna eit informasjonsskriv til dei føresette med standard fritaksskjema omsett til ei lang rekkje språk i tillegg til bokmål/nynorsk: samisk, albansk, arabisk, bosnisk, dari, engelsk, finsk, kurdisk, somalisk, spansk, tamil, tyrkisk, urdu og vietnamesisk.

Kultur- og kyrkjedepartementet overtok 1. januar 2002 ansvaret for forvaltning av trussamfunns- og livssynssamfunnslova. Departementet skal følgje opp rapporten ”Tro og livssyn som grunnlag for tilskudd og offentlige funksjoner” om forvaltninga av ordninga med tanke på å vareta minoritetsrettane. Rapporten har tidlegare vore på høyring.

På det internasjonale planet er arbeidet med å fremje trus- og livssynsfridom og gjensidig respekt høgt prioritert. Dette skuldast ikkje berre at retten til religions-, trus- og livssynsfridom er ein sentral menneskerett, men like mykje at toleranse og forståing mellom ulike religionar og livssyn er blitt viktigare enn kanskje nokon gong før.

Noreg arbeider med å setje religionsfridom høgt opp på den internasjonale dagsordenen, mellom anna gjennom innlegg i FNs menneskeretts-kommisjon og i samtalar med enkeltland. Noreg har gjeve økonomisk støtte til internasjonale og frivillige organisasjonar som arbeider for å styrkje trus- og livssynsfridomen og fremje forståing og samarbeid mellom ulike religionar. Mellom anna mottok Oslokoalisjonen for trus- og livssynsfridom betydeleg støtte i 2002. Eitt av desse tiltaka var knytt til Oslokoalisjonens gjesting i Kina (inkludert Tibet) i november 2002 for å studere kva vilkår religionsutøvinga har der.

### 4.4. Utdanning

Retten til utdanning er viktig, ikkje berre for enkeltindividet men for heile samfunnet. Graden av menneskerettsvern i eit samfunn kan på mange måtar lesast av på utdanningsnivået, samtidig som innsikta i eigne rettar ofte vil auke med utdanningsnivået. Sentrale samfunnsinstitusjonar som domstolar, ombod og forvaltningsapparat er avhengige av tilsette med solid utdanning. Retten til utdanning er nedfelt både i FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar og i FN-konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar. Barnekonvensjonen er endå meir detaljert når det gjeld innhaldet i desse rettane. Vidare slår tusenårsmåla til FN fast at alle skal ha eit grunnleggjande tilbod om utdanning innan 2015.



Regjeringa sette i verk fleire tiltak knytte til utdanning i Noreg i 2002, samtidig som utdanning står sentralt i den internasjonale innsatsen. I 2002 vart det arbeidd med å utvikle ein særskild strategi for satsinga på utdanning i utviklingssamarbeidet.

*4.4.1. Skulen i arbeid mot rasisme og diskriminering*

Innsatsen for å motverke rasisme er styrkt i 2002, mellom anna gjennom førebuingane til den første markeringa av Holocaustdagen 27. januar 2003 i alle skular i landet. Markeringa av ein slik dag i Noreg og ei rekkje andre land byggjer på ei erklæring frå undervisningsministerkonferansen i Europarådet i Krakow i 2001. Markeringa er lagd til den dagen dei allierte frigjorde konsentrasjonsleiren Auschwitz i 1945, og har i Noreg fått eit særskilt symbolsk innhald fordi han er kopla saman med utdelinga av Benjaminprisen som ein stimulans til skulen i arbeidet mot rasisme og diskriminering.

*4.4.2. Kartlegging av læreplanane*

Læringssenteret har i 2002 gjennomført ei kartlegging av læreplanane for grunnskule og vidaregåande opplæring. Kartlegginga viser at menneskerettsaspektet er eit viktig innslag både i den generelle delen av læreplanen og i meir spesifikke læreplanar for enkeltfag. For grunnskulen viser kartlegginga at barnekonvensjonen og verdserklæringa vert behandla særskilt i fagplanen for samfunnsfag. Praktisk utøving av demokrati og ytringsfridom er integrert i alle fag, og er særskilt behandla i fagplanen for klassearbeid og elevrådsarbeid.

I vidaregåande opplæring er menneskerettane særleg behandla i læreplanen for samfunnslære, vidaregåande kurs I, og i læreplanen for samfunnskunnskap, vidaregåande kurs I og II. Det første av desse er eit felles allment fag som er obligatorisk for alle elevar, mens samfunnskunnskap er eit studieretningsfag i studieretning for allmenne fag. I tillegg er det frå og med skuleåret 2002/2003 innført eit nasjonalt valfagkurs om menneskerettane.

Som oppfølging av kartlegginga av menneskerettane sin plass i læreplanane har Læringssenteret også teke initiativ til å kartleggje korleis skulane følgjer opp læreplanane i praksis. Senter

for fredsbygging og konflikthandtering (CCM) er engasjert for å gjennomføre denne kartlegginga i nokre skular i 2003. Konkret skal det gjerast ei vurdering av 1) korleis skulane praktiserer læreplanane, 2) korleis ulike aktørar engasjerer seg på området og kva verknad dette har på undervisninga og 3) kva verknad ulike markeringar i skulen har på arbeidet med menneskerettane. Kartlegginga skal vere ferdig innan 1. juli 2003.

*4.4.3. Eigen nettstad for menneskerettar*

Læringssenteret har i 2002 også teke til på arbeidet med å utvikle ein eigen nettstad på Skolenettet om menneskerettane. Ein slikt nettstad vil samle opp ei rekkje eksisterande nettbaserte læringsressursar retta mot lærarar og elevar i grunnskule og vidaregåande og presentere desse i ein heilskapleg samanheng. Arbeidet vil bli sluttført i 2003.

*4.4.4. Menneskerettsperspektivet i lærarutdanninga*

Utkast til nye rammeplanar for lærarutdanningane er for tida på høyring. I høyringsutkastet til rammeplan for allmennlærarutdanninga vert det såleis føreslege at den enkelte fagplan skal vareta det fleirkulturelle perspektivet og likestillingsperspektivet, og at fagplanane samla sett skal vareta tverrfaglege emne som mellom anna mobbing og born i krise. For faget kristendomskunnskap med religions- og livssynsorientering (obligatorisk fag i allmennlærarutdanninga) er det under målområdet "Etikk og filosofi" føreslege som mål at studenten blant anna skal ha kunnskap om og kunne drøfte verdien av FNs verdserklæring om menneskerettar. Det vert forventa at lærestadene i sine fagplanar vidarefører det som går fram av rammeplanane. Endelege rammeplanar vil bli fastsette i løpet av våren 2003.

*4.4.5. Etterutdanningskurs for fagpersonell i lærarutdanninga*

For å sikre at kunnskapen på menneskerettsområdet finst på lærestadene, vil departementet leggje til rette for opplæring/oppdatering av fagpersonellet i lærarutdanningane på dette feltet. Departementet har difor løyvd 200 000 – 300 000 kr årleg til Universitetet i Oslo for å tilby mellom anna fagpersonell i lærarutdanningane kurs i menneskerettar.

*4.4.6. Nasjonal database for godkjenning av utanlandsk høgre utdanning*

Nasjonal database for godkjenning av utanlandsk høgre utdanning (NAG) har vore operativ sidan våren 2002. NAG er ei oppfølging av den såkalla Lisboakonvensjonen, Konvensjon om godkjenning av kvalifikasjoner vedrørende høyere utdanning i Europaregionen, som Noreg ratifiserte i 1999. Tanken med databasen er å effektivisere saksbehandlingsrutinane for vurdering av utanlandsk høgre utdanning (større grad av likebehandling, betre informasjon til søkjarar og saksbehandlarar m.m.).

*4.4.7. Internasjonale tiltak*

Om lag 120 millionar born går ikkje på skule. Samtidig veit vi at utdanning er ein av dei viktigaste vegane ut av fattigdomen. Noreg har fleire gonger, i internasjonale forum som Hovudforsamlinga og menneskerettskommisjonen i FN, understreka kor viktig utdanning er, og utdanning var eitt av satsingsområda for norsk bistand også i 2002. Arbeidet med ein særskild strategi for satsinga på utdanning i utviklingssamarbeidet har stått sentralt i 2002. Utdanningssektoren er det feltet av bistandsarbeidet der Noreg har komme lengst i å etablere ei rettsbasert tenking ved å knyte innsatsen til gjeldande konvensjonar og politiske tilsegner (mellom anna

frå toppmøte som i Jomiten og Dakar om utdanning for alle og frå Milleniumsmøtet). Rettsperspektivet kan til dømes brukast når det gjeld skulestruktur og tilrettelegging (likestilling mellom gutar og jenter), arbeidstilhøve for lærarar (retten til å vere fagorganisert) og prinsippet om deltaking og innsyn (rett for born og foreldre til innsyn i skulevedtak). Rettsperspektivet kan òg komme til uttrykk gjennom skulepensum, ved konkret opplæring i menneskerettar eller ved at lærebøker tek omsyn til ulike menneskeretts-aspekt, til dømes når det gjeld diskriminering.

Ei lang rekkje prosjekt er sette i verk og følgde opp i 2002. Noreg har ytt støtte til utdanning på fleire nivå, både til grunnskuleutdanning og til generell menneskerettsutdanning. Retten til grunnutdanning for born, og særleg jenter, har vore og er eit sentralt mål. Noreg har gjeve omfattande støtte til prosjekt i ei rekkje samarbeidsland og til norske, internasjonale og lokale frivillige organisasjonar. Mellom anna gav Noreg støtte til ”Back to school”-programmet i Afghanistan i samband med oppstarten av det første skuleåret etter at talibanstyret fall. Jenter fekk igjen tilgang til utdanning, noko dei var nekta under talibanregimet frå 1996 til 2001. Noreg har òg gjeve betydeleg støtte til UNICEF i samband med eit utdanningsprosjekt i Malawi. Prosjektet skal vere med på å auke kapasiteten og kvaliteten i 40 grunnskular med særleg vekt på utdanning for jenter og spesielt sårbare grupper.

I Venezuela starta Statoil, FNs utviklingsprogram (UNDP), Amnesty og Høgsterett i 1999 eit prosjekt med opplæring i menneskerettsspørsmål for dommarar. Første fasen vart gjennomført i Caracas med 24 dommarar frå heile Venezuela som deltakarar. Andre fasen starta i 2002 i delstatane Anzoátegui og Zulia, der Statoil tek del i oljeprosjekt. Dei dommarane som har gjennomgått kurset, blir instruktørar for andre dommarar på eit seinare stadium i prosjektet. Både regjeringa, rettsinstansane i Venezuela og UNDP i Caracas er svært nøgde med programmet.

Eit større samarbeidsprosjekt i Kina bør òg nemnast. Noreg finansierte samarbeidet mellom Norsk senter for menneskerettar og to kinesiske universitet om å gje ut eit læreverk i menneske-rettar. Prosjektet varte i fire år, og vart avslutta i desember 2002 med lanseringa av to bøker – ei lærebok og ei tekstsamling – i eit opplag på 3 000 eksemplar. Læreverket er det første i sitt slag på kinesisk. Noreg gav òg støtte til eit prosjekt for sosialkuratorutdanning i Kina gjennom Høgskolen i Oslo.

NORAD arrangerte i 2002 ein regional workshop om menneskerettar og utdanning i Zambia, med deltaking frå både bilaterale og multilaterale aktørar, frivillige organisasjonar, forskarar og styresmakter i Zambia. Formålet var å auke forståinga av korleis menneskerettar kan styrkje innsatsen for utdanning. Workshopen gav konkrete tilrådingar både til styresmakter og andre aktørar med ei meir praktisk rolle i grunnutdanninga. Noreg har gjennom fleire år støtta utdanningsprosjekt i Angola, spesielt innan utdanning for grupper som har falle utanfor normalskulen og spesialpedagogikk for etterkrigs-situasjonar. Prosjekta har vore drivne i samarbeid med UNICEF, frivillige organisasjonar og det angolanske utdanningsministeriet. I det sørlege Afrika har Noreg støtta menneskerettsopplæring for politistyrkane i dei einskilde landa. Dette har skjedd gjennom regionale organisasjonar med fokus på integrering av menneskerettsperspektivet i utdanninga av polititenestemenn.

### 4.5. Oppbygging av det sivile samfunnet

Frivillige organisasjonar, medium og frie forskings-institusjonar utfyller det statlege ansvaret og engasjement når det gjeld å fremje menneske-rettane. Eit sterkt og vaktsamt sivilt samfunn og

frie medium er grunnleggjande føresetnader for at demokratiske rettar og menneskerettar skal kunne varetakast. Sjølvstendige og aktive frivillige organisasjonar er mellom anna med på å avdekkje brot på menneskerettane, spreie informasjon og påverke styresmaktene, både i Noreg og i andre land. Norske menneskerettsorganisasjonar kjem med innspel til norske styresmakter og medverkar til utforminga av norsk politikk både nasjonalt og internasjonalt.

Samarbeid med det sivile samfunnet har også i 2002 vore eit sentralt element i norsk menneskerettspolitikk. Det er etablert gode kontaktnett mellom organisasjonane og norske styresmakter, og det er ytt betydeleg støtte via norske frivillige organisasjonar til konkrete menneskerettsfremjande tiltak, i Noreg og internasjonalt. Dette skjer ofte ved at lokale samarbeidspartnarar gjennomfører prosjekta i samarbeid med den norske organisasjonen.

Vidare er det ytt vesentleg støtte til internasjonale organisasjonar som arbeider i visse land og regionar eller med spesifikke tema som rettar for born, ytringsfridom m.m. Det er òg gjeve direkte støtte til reint nasjonale menneskerettsorganisasjonar, oftast gjennom den norske ambassaden i landet.

### *4.5.1. Det norske menneskerettsfondet*

Det norske menneskerettsfondet er ein viktig kanal for å fremje menneskerettar internasjonalt. Fondet er eigd av Kirkens Nødhjelp, Norsk Folkehjelp, Norsk senter for menneskerettar, Mellomkyrkjeleg råd for Den norske kyrkja, Landsorganisasjonen i Noreg og Amnesty International Norge. Utanriksdepartementet deltek i styret for fondet som observatør. Verksemda i fondet går ut på å gje støtte til prosjekt og organisasjonar i utviklingsland som fell utanfor andre norske støtteordningar, ofte til prosjekt med eit høgt "risikoelement". Utanriksdepartementet yter normalt ca. 2/3 av midlane i fondet. I tillegg vart det i 2002 overført 1 million kroner øyremerkt til menneskerettstiltak i Nigeria.

I tråd med ei evaluering har fondet i 2002 gjennomført ei omstrukturering av styrearbeidet, mellom anna for å få ei sterkare fokusering på strategisk utvikling av verksemda i fondet. Vidare har ein valt å prioritere utvalde land, for tida Peru, Colombia, Nigeria, Zimbabwe, India, Pakistan og Liberia.

### *4.5.2. Stiftelsen Menneskerettighetshuset*

Stiftelsen Menneskerettighetshuset er ein annan viktig samarbeidspartnar for gjennomføring av norsk menneskerettspolitikk. Den berande ideen er å samle sterke og velrenommerte lokale menneskerettsorganisasjonar under same tak. Dette vil både kunne styrkje det sivile samfunnet og vere eit ankerfeste for det frivillige menneskerettsarbeidet i landet.

I dag finst det menneskerettshus i Bergen, Oslo, Sarajevo og Warszawa i tillegg til menneskerettssenteret i Tirana, og det vert arbeidd med oppretting av menneskerettshus i Kenya, Kroatia, Tyrkia og Kviterussland. Stiftinga skal vere initiativtakar, fødselshjelpar og rådgjevar i oppstartfasen.

Stiftinga arbeider òg med å utvikle eit internasjonalt nettverk mellom dei einskilde menneskerettshusa for å fremje informasjons- og kompetanseutvikling.

Frå Utanriksdepartementet vart det i 2002 gjeve støtte til førearbeid i samband med etablering av menneskerettshus i Kenya, Uganda og Kroatia og tilskot til nettverksbygging og fellesprosjekt i Moskva og Sarajevo, totalt 2,6 millionar kroner.

### *4.5.3. Hjelpeorganisasjonar*

Norske tradisjonelle hjelpeorganisasjonar som Røde Kors, Norsk Folkehjelp, Kirkens Nødhjelp og Redd Barna har også etter kvart bygd opp eit gjennomgåande høgt kompetansenivå innanfor menneskerettar, og menneskerettar er i høg grad blitt integrert i den vanlege verksemda til desse organisasjonane.

Samarbeidet med frivillige organisasjonar er aukande. I dag vert det såleis kanalisert meir utviklingsbistand og humanitær innsats gjennom dei frivillige organisasjonane enn gjennom den ordinære stat-til-stat-bistanden til samarbeidslanda våre. Dette viser kor stor vekt som blir lagd på organisasjonane si rolle, og det illustrerer òg det store ansvaret som kviler på organisasjonane.

### *4.5.4. Norsk ressursbank for demokrati og menneskerettar (NORDEM)*

Demokratisk utvikling og frie val er ein viktig føresetnad for å oppfylle menneskerettane. Folkeleg deltaking og medverknad i den politiske avgjerdsprosessen stiller krav til ansvarskjensle hos politikarar og forvaltning, og eit fungerande demokrati er òg ein nøkkel i kampen mot korrupsjon og fattigdom.

Støtte til demokratibyggjande tiltak er såleis eit svært viktig element i norsk utviklings- og menneskerettspolitikk. Hjelpa går via bistandsprogram retta mot etablerte norske samarbeidsland, gjerne innanfor program for ”godt styresett”, og gjennom ei rekkje spreidde tiltak som omfattande valobservasjon, veljaropplæring, valteknisk bistand m.m. Ein stor del av denne typen bistand vert gjennomført i samarbeid med FN-organisasjonen UNDP.

Norsk ressursbank for demokrati og menneskerettar (NORDEM) er eit program ved Norsk senter for menneskerettar (SMR) som har til målsetjing å fremje demokrati og realisering av menneskerettar. NORDEM har ein beredskapsstyrke med kvalifisert personell som, når internasjonale organisasjonar som FN og OSSE ber om det, på kort varsel kan setjast inn i aktivitetar som har med utvikling av demokrati og respekt for menneskerettane å gjere. SMR leier prosjektet, som vert gjennomført i nært samarbeid med Flyktningerådet. Dei aller fleste av oppdraga kjem via Utanriksdepartementet, som òg står for finansieringa.

Verksemda i 2002 har fokusert på å innfri behov for personellassistanse, opplæring og kursverksemd og på å utvikle kontakten med internasjonale samarbeidspartnarar. I 2002 vart det gjennomført i alt 39 prosjekt der 101 personar vart sende ut på oppdrag som til saman utgjorde 240 månadsverk. Mesteparten av oppdraga vart gjennomførte på Balkan i regi av OSSE.

NORDEM har i 2002 også sendt valobservatørar i regi av OSSE til Ukraina, Montenegro, Kosovo, Bosnia og Serbia, og har hatt utsende ekspertar ved OSSEs valobservasjonssenter.

Observasjonen av presidentvalet i Zimbabwe var eit stort oppdrag for NORDEM, og vart utført med stor profesjonalitet. Totalt deltok 21 norske observatørar. At talet var så høgt må sjåast på bakgrunn av at EU avlyste sin valobservasjon av politiske grunnar, og at Noreg etter kvart vart den sentrale uavhengige observasjonsgruppa under valet. Den norske valobservasjonen fekk stor mediemerksemd i Noreg og internasjonalt.

NORDEM rekrutterte også langtidsobservatørar til Sierra Leone, Madagaskar og Kenya. Alle desse inngjekk i observasjonsoperasjonane til EU.

### *4.5.5. International Institute for Democracy and Electoral Assistance (IDEA)*

Noreg tek aktivt del i International IDEAs arbeid for å styrkje demokrati og demokratisk utvikling på verdsbasis. International IDEA vart etablert i 1995 som ein mellomstatleg organisasjon med hovudsete i Stockholm. Nitten land er i dag medlemmer av IDEA. I tillegg er fire internasjonale frivillige organisasjonar assosierte medlemmer. Thorvald Stoltenberg er styreformann i IDEA, og den nye generalsekretæren i organisasjonen, Karen Fogg, er britisk. Finlands tidlegare president Martti Ahtisaari, tidlegare president i Mauritius, Cassam Uteem, og Aung San Suu Kyi, Burma, er mellom styremedlemmene.

IDEA heldt styremøte og rådsmøte i Oslo i desember 2002, der ein mellom anna vedtok arbeidsprogram for organisasjonen for dei kommande åra. På møtet vart Tyskland teke opp som ny medlem. Organisasjonen er særleg aktiv i Nigeria, Burkina Faso, Indonesia og Peru. IDEA har òg sett i gang eit større demokratiprosjekt som omfattar Egypt, Jordan og Jemen.



### *4.5.6. Andre internasjonale tiltak*

Innsatsen for menneskerettar i bistanden har i stor grad vore prega av støtte til sivile samfunnsaktørar. Dette har også prega året 2002. Nytt er kan hende ei sterkare erkjenning av at menneskerettar ikkje kan oppfyllast med tenesteleveransar åleine, men at dette arbeidet må balanserast mot innsats for å endre rammevilkår, såkalla advocacy-verksemd knytt til særskilde tema eller til rettar for visse grupper. Dette særleg på bakgrunn av at det er styresmaktene som har hovudansvaret for å fremje og verne menneskerettane. I Bangladesh og Pakistan finn vi gode eksempel på at ein har makta å finne ein slik balanse. I Bangladesh har ambassaden lagt vekt på å få i stand eit program der organisasjonar som får støtte representer såkalla endringsagentar, det vil seie aktørar som kan spele ei pådrivarrolle for marginaliserte grupper overfor styresmaktene.

Ein spesiell type aktørar er dei såkalla nasjonale menneskerettsinstitusjonane. Desse kan ha form av nasjonale menneskerettskommisjonar eller ombodsmannsfunksjonar, eller dei kan vere meir akademiske institusjonar. Sjølv om desse skal følgje dei såkalla Paris-prinsippa, der det særleg er lagt vekt på at institusjonane skal vere uavhengige av nasjonale styresmakter, er den reelle funksjonen deira sterkt varierande. I 2002 vart denne typen institusjonar støtta i blant anna Etiopia, Malawi, Sør-Afrika, Nepal, Uganda, Zambia, Nigeria, Jugoslavia, Honduras og Nicaragua.

I Nicaragua har Noreg støtta Det juridiske senteret (CJP) i Matagalpa fylke. Senteret yter juridisk rettleiing og psykologisk innretta hjelp til offer for familievald. Hjelpa er særleg retta mot born og kvinner. Fire tusen personar oppsøkte sentret i 2002. Det vart oppretta to grupper av personar som engasjerer seg i konkret forsvar av menneskerettane, ei i byen Matagalpa og ei i landsbyen San Ramón. CENIDH er ein institusjon som jobbar med forsvar av menneskerettane i heile landet. Norske midlar er brukte til å organisere og styrkje kompetansen hos frivillige menneskerettsforkjemparar, særleg på landsbygda. Gjennom Stiftinga Chamorro har 700 kvinner frå tre fylke fått skolering i politiske rettar for å kunne styrkje arbeidet i offentleg administrasjon.

I Afghanistan gav Noreg støtte til førebuing og avvikling av Loya Jirga (ei breitt samansett og delvis folkevald forsamling med kvinne-representasjon) i juni 2002, der Hamid Karzai vart vald til president og ei overgangsregjering vart oppnemnd. Loya Jirga er eit viktig element i Bonn-avtalen frå desember 2001 som regulerer den politiske prosessen i Afghanistan fram mot nasjonale val medio 2004. Vidare har Noreg støtta den afghanske menneskerettskommisjonen, som òg følgjer av Bonn-avtalen. Støtta til Thailand, der mange viktige regionale asiatiske menneskeretts-organisasjonar har hovudsete, bør òg trekkjast fram. Noreg støttar mellom anna FORUM Asias arbeid til fremjing av ytringsfridomen i ASEAN-regionen og medieopplæring for etniske minoritetar. Noreg har òg eit omfattande program for støtte til menneskerettstiltak i Etiopia. Hovudtyngda av støtta vert kanalisert til lokale organisasjonar og har som sitt klare formål å styrkje oppbygginga av det sivile samfunnet.
I Rwanda er det gjennom Norsk Folkehjelp gjeve støtte til å utvikle det sivile samfunnet, mellom anna gjennom styrking av fagforeiningar, kooperativ og student- og akademikar-organisasjonar.

### 4.6. Retten til utvikling

Erklæringa om retten til utvikling, som blei vedteken av Hovudforsamlinga i FN i 1986, dannar grunnlaget for internasjonale diskusjonar om retten til utvikling. Erklæringa slår m.a. fast at alle menneske og alle folk har krav på å delta i, bidra til og nyte godt av økonomisk, sosial, kulturell og politisk utvikling som gjer det mogeleg å realisere grunnleggjande fridomar og alle etablerte menneskerettar. Sjølv om retten til utvikling er godteken som ein integrert del av dei grunnleggjande menneskerettane, herskar det uvisse og usemje om korleis retten til utvikling skal tolkast og gjennomførast i praksis. Ein del land legg hovudvekta på det ansvaret statane sjølve har for gjennomføringa, mens andre, særleg landa i sør, i første rekkje ønskjer å fokusere på det internasjonale ansvaret. Det har òg vore viktig for mange land, også Noreg, å få fram at sivile og politiske rettar er ein integrert del av retten til utvikling.

Arbeidet med å realisere retten til utvikling står på dagsordenen til FNs menneskerettskommisjon, som har sett ned ei eiga arbeidsgruppe om retten til utvikling. Diskusjonane i arbeidsgruppa om retten til utvikling har vore prega av store motsetnader, og ein har brukt mykje tid på teoretiske diskusjonar. Utviklingslanda har ønskt å konsentrere arbeidet i gruppa om makro-økonomiske problemstillingar og internasjonalt samarbeid. Mange andre land er av den oppfatning at andre typar forum er meir relevante i denne samanhengen, og ønskjer å fokusere på dei menneskerettslege aspekta og statanes eige ansvar for gjennomføringa av retten til utvikling.

I 2002 var diskusjonane i arbeidsgruppa om retten til utvikling noko meir konstruktive enn tidlegare år. Dette førte likevel ikkje fram til semje om spørsmålet, verken i menneskerettskommisjonen eller i Hovudforsamlinga same året. Det er òg oppnemnt ein uavhengig ekspert på retten til

utvikling, Arjun Sengupta, og rapportane frå han utgjer eit viktig grunnlag for diskusjonane i arbeidsgruppa. Rapporten frå Sengupta til møtet i arbeidsgruppa i 2002 inneheld ein analyse av fattigdom og utvikling som samsvarer godt med den norske regjeringa sin handlingsplan for kamp mot fattigdom i sør.

Rapporten frå Sengupta til fjorårsmøtet i arbeidsgruppa om retten til utvikling understreka at arbeidet med å realisere retten til utvikling på nasjonalt nivå i sør må ha form av eit utviklingsprogram for å redusere fattigdomen. Målsetjingane med eit slikt program vert sette i samanheng med tusenårsmåla (for 2015).
I diskusjonane i arbeidsgruppa om retten til utvikling er det dei to siste åra i aukande grad lagt vekt på at ein må gå bort frå generelle analysar av retten til utvikling, som gjerne fører til sterile diskusjonar, og heller rette drøftingane mot konkret implementering av retten til utvikling på landnivå, med fokus på enkelte rettar.

### 4.7. Rettsbasert utvikling

Det er klare samanhengar mellom utviklingssamarbeid og fremjing av menneskerettar. Realisering av sivile og politiske rettar kan frigjere krefter i samfunnet og såleis medverke til utvikling. Realisering av økonomiske, sosiale og kulturelle rettar betrar folks livskvalitet og evne til å ta del i samfunnsutviklinga. Utviklingssamarbeidet dreiar seg i stor grad om bistand til å realisere dei rettane som er nedfelte i dei internasjonale menneskerettskonvensjonane.

Det finst fleire innfallsvinklar til rettsbasert utvikling. Konseptet er enkelt sagt bygt rundt ein idé om å gå frå å sjå på utvikling og bistand som velgjerd til å sjå på det som eit samarbeid for å realisere rettane til kvart individ eller kvar gruppe. Rettane blir då både vilkår og mål for ei utvikling som er basert på meir enn økonomisk vekst.

I utviklingssamarbeidet har ein valt å leggje vekt på omgrepa ”accountability” (ansvarleggjering, eller etablering av plikter hos nasjonalstaten), ”empowerment” (myndiggjering ved at enkeltindivid eller grupper får kunnskap om sine rettar og blir i stand til å hevde dei), deltakingsprinsippet (at også enkeltindividet har eit ansvar, men får rammevilkår som gjer at det kan forme si eiga framtid og ta del i avgjerder som vedgår det sjølv) og likskap og ikkje-diskriminering (at utvikling og menneskerettar skal vere for alle, utan rom for pragmatisme og kulturell fortolking). Nøkkelen til ei menneskerettsleg tilnærming til utvikling ligg i ei blanding av press (i form av juridiske og økonomiske verkemiddel) og slagkraftig argumentasjon.

I mars 2002 offentleggjorde regjeringa ein handlingsplan for kamp mot fattigdom i sør fram mot 2015, der kampen mot fattigdom er definert som det heilt sentrale målet i utviklingspolitikken og i det operative bistandsarbeidet. Samtidig inneheld handlingsplanen ein analyse av fattigdom og av kampen fattigdom mot som understrekar samanhengen mellom utvikling og menneskerettar. Handlingsplanen dannar grunnlaget for eit meir rettsbasert norsk utviklingssamarbeid.

Handlingsplanen for kamp mot fattigdom understrekar at fattigdom ikkje berre er manglande tilgang til produktive ressursar og sosiale tenester. Fattigdom er òg eit spørsmål om manglande fridom og rettar. Dermed blir kamp mot fattigdom òg eit spørsmål om å gje folk større fridom og rett til å velje, og om å realisere grunnleggjande menneskerettar. Rettsbasert utvikling og kampen mot fattigdom skal utgjere ei heilskapleg tilnærming som skal vere med på å realisere grunnleggjande menneskerettar for fattige menneske.

I det bilaterale utviklingssamarbeidet er NORADs ”Håndbok for menneskerettighetsvurdering”

(2001) eit viktig element i arbeidet med å innføre ein rettsbasert tenkjemåte, både når det gjeld dei analytiske rammene og dei praktiske framgangsmåtane. I 2002 er det gjennomført kurs på grunnlag av handboka i fleire samarbeidsland, blant anna Bangladesh og Pakistan, for norsk ambassadepersonell og lokale bistandspartnarar. Bangladesh er eit føregangsland når det gjeld rettsbasert norsk bilateralt utviklingssamarbeid, og dette arbeidet er basert på ein eigen plan for norsk støtte til menneskerettar og demokrati i dette landet: ”Bangladesh – Plan for Norwegian Support – Human Rights and Democracy”.

Arbeidet for å sikre ei sterkare rettsorientering i utviklingssamarbeidet er også eit viktig element i norsk innsats i multilaterale utviklings- og finansinstitusjonar, både i FN-systemet og i utviklingsbankane.

Kontoret til FNs høgkommissær for menneskerettar (UNHCHR) har innleidd eit samarbeid med FNs utviklingsprogram (UNDP) når det gjeld samanhengen mellom menneskerettar og utviklingspolitikk. HURIST-programmet (Human Rights Strengthening) vart oppretta i 1999 og har motteke norsk støtte. I 2002 innleidde UNDP og UNHCHR diskusjonar med gjevarane om vidareføring av det arbeidet programmet legg opp til når det gjeld eit rettsbasert utgangspunkt for strategiar og operativ verksemd i UNDP fram til 2005. I 2002 utarbeidde UNDP eit eige strateginotat (”Policy Note”) om menneskerettar og fattigdomsreduksjon.

I 2002 tok UNHCHR eit nytt initiativ for å analysere tilhøvet mellom menneskerettar og nasjonale fattigdomsstrategiar, og det vart utarbeidd eit utkast til retningsliner med tittelen ”Draft Guidelines: A Human Rights Approach to Poverty Reduction Strategies”. Dette arbeidet vil bli vidareført i 2003 i form av konsultasjonar med mottakarland, gjevarar og det sivile samfunnet og gjennom utprøving av utkastet til retningsliner på landnivå.

Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane legg i aukande grad vekt på samanhengen mellom menneskerettar og økonomisk og sosial utvikling. I 2002 var forholdet mellom fordeling, menneskerettar og sosial rettferd eit viktig tema i årsmøtetalen til presidenten i Verdsbanken, James Wolfenson. I arbeidet med strategiar for å redusere fattigdomen legg Verdsbanken vekt på at utviklingsprosessen må ta større omsyn til dei fattige og at det må bli lettare for dei å bli høyrde (”empowerment”). Verdsbanken arbeider med rettsbasering både når det gjeld å innarbeide menneskerettar i fattigdomsstrategiar og når det gjeld finansiell støtte til arbeidet for å styrkje forvaltninga, særleg i samband med reformer av rettsvesenet i mottakarlanda. Dei regionale utviklingsbankane er aktive i dei same menneskerettsspørsmåla som Verdsbanken.



# 5 Liv og helse

Menneskerettane femner vidt, og inkluderer også spørsmål om sosiale forhold og helse. Her er vernet mest omfattande i FN-konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar frå 1966 og i spesialkonvensjonane om kvinner og born frå høvesvis 1979 og 1989. Det er vanskeleg å dra eit eksakt skilje mellom generell velferdspolitikk og dei krava konvensjonane stiller på dette området. Praksis varierer sterkt frå land til land, og også i dei einskilde landa, i takt med skiftande regjeringar og haldningsendringar. Ei felles internasjonal norm er dermed vanskeleg å etablere. Tiltaka som er omtala nedanfor, er knytte til sosial tryggleik, psykisk helse og hiv/aids og til den særlege situasjonen eldre og funksjonshemma lever i. Andre og meir indirekte tilhøve kan òg påverke liv og helse. Dette kan til dømes vere miljøvern, matvaretryggleik, kultur og vitskap. Kapitlet sluttar med ein omtale av tiltak på desse felta.

## 5.1. Sosial tryggleik

Regjeringa la i 2002 fram ein tiltaksplan mot fattigdom, St.meld. nr. 6 (2002-2003). Planen inneheld målretta tiltak for å førebyggje og hjelpe personar ut av situasjonar med vedvarande låg inntekt og levekårsproblem. Målet er at flest mogeleg i yrkesaktiv alder skal klare seg sjølve ved eige arbeid, og at dei som ikkje har inntekt skal sikrast ei trygd å leve av. Tiltak for å hjelpe fleire til å klare seg sjølve ved eige arbeid er prioriterte. Konkrete tiltak vert gjennomførte i planperioden 2002-2005. Prioriterte målgrupper for tiltak er innvandrarar og flyktningar, langtidsmottakarar av sosialhjelp, uføretrygda, einslege forsørgjarar og andre vanskelegstilte barnefamiliar, born og ungdom, rusmiddelmisbrukarar, personar med psykiske problem og bustadlause.

Barnetillegget for alders- og uførepensjonistar vart i 2002 auka til 40 % av grunnbeløpet. Totalt er det vel 17 500 personar som får barnetillegg. Dette er ei gruppe barnefamiliar som har klart lågare inntekt og dårlegare levekår enn gjennomsnittet for befolkninga og barnefamiliar elles. Tiltaket er viktig for å tryggje oppvekstvilkåra for borna i desse familiane.

Det er innført ei særordning med rehabiliteringspengar til unge studentar (under 26 år) som blir alvorleg sjuke, slik at rehabiliteringspengar kan gjevast straks perioden for omgjering av lån til stipend går ut (etter 20 veker). Ytinga er sett til 160 % av grunnbeløpet.

For å betre økonomien til psykiatriske langtidspasientar i institusjon er reglane endra slik at pensjonen ikkje skal reduserast under opphald på mindre enn eitt år. Vidare er minstebeløpet auka til 45 % av grunnbeløpet.

I samband med avtalen mellom styresmaktene og partane i arbeidslivet om eit inkluderande

arbeidsliv, er det sett i verk fleire tiltak som skal redusere sjukefråværet og hindre utstøyting frå arbeidslivet for personar med redusert funksjonsevne og eldre arbeidstakarar. Aktuelle tiltak er tilskot for tilrettelegging av arbeidsplassar, meir kjøp av helsetenester, refusjon for svangerskapsrelatert fråvær og redusert arbeidsgjevaravgift for eldre arbeidstakarar.

Staten ved Helsedepartementet overtok 1. januar 2002 eigarskapen til spesialisthelsetenesta. Det er oppretta 5 regionale helseføretak som skal sørgje for at befolkninga i kvar region får dei helsetenestene det er behov for. Dei regionale helseføretaka eig og driv spesialisthelsetenesta i regionen i form av lokale føretak.

I november 2002 sende Helsedepartementet ut på høyring eit forslag til endringar i §§ 2-1 og 2-4 i lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasientrettar. Forslaget vil gje pasientar ei sterkare rettsstilling og større sjølvråderett over eiga helse. Det er meininga at lovendringsforslag skal leggjast fram for Stortinget våren 2003.

Ny forskrift om tuberkulosekontroll av 21. juni 2002 nr. 567 tredde i kraft 1. januar 2003. Forskrifta omfattar alle som oppheld seg Noreg. Nytt i forskrifta er mellom anna innføring av direkteobservert behandling (DOT), som går ut på at helsepersonell observerer alt inntak av tuberkulosemedikament. Behandlinga skal skje i samsvar med tilrådde internasjonale reglar for tuberkulosekontroll. Nasjonalt folkehelseinstitutt gav i november 2002 ut ei rettleiing i førebygging og kontroll av tuberkulose som følgjer den nye forskrifta.

På det internasjonale planet deltek Noreg blant anna i EU-programmet for kamp mot fattigdom og sosial utstøyting. Programmet inneber ei satsing på kamp mot fattigdom og på å integrere økonomisk og sosialt vanskelegstilte grupper i samfunnet. Programmidlane på til saman 70 millionar euro skal nyttast til å støtte forsking, seminar og konferansar, tiltak i regi av frivillige organisasjonar og tiltak med sikte på utveksling av gode modellar mellom dei europeiske landa. Programmet inkluderer EU-strategien for integrering av kjønnsperspektiv og likestilling. Norsk deltaking i programmet støttar opp under regjeringa sin egen tiltaksplan mot fattigdom.

Ein stor og sentral del av bistanden er retta inn på sosial tryggleik og fattigdomsreduksjon; sjå meir om dette under omtalen av rettsbasert utvikling ovanfor. Noreg gjev òg støtte til ei lang rekkje helserelaterte tiltak internasjonalt. Eitt av mange eksempel er norsk støtte til Barents-helseprogrammet, som i 2002 fordelte 15 millionar kroner til prosjektsamarbeid mellom norske og russiske helseinstitusjonar om tema som kamp mot smittsame sjukdomar, helsetenester for mor og born, livsstilsrelaterte helseproblem og helsetenester for urfolk. Eit anna eksempel er støtte til helsetiltak for flyktningar og internt fordrivne på Balkan. Det er òg gjeve støtte til gjenreising av nasjonale helsevesen i landa. Det er lagt særleg vekt på å støtte psykososiale tiltak og program for funksjonshemma born, og ein gjev eiga støtte til eldre flyktningar som ønskjer å returnere til heimlandet.

### 5.2. Psykisk helse

Innsatsen for psykisk helse i Noreg knyter seg i stor grad til opptrappingsplanen for psykisk helse, som gjeld frå 1999 til 2006. I opptrappingsplanen vert det fokusert både på førebygging og betre behandlings- og tenestetilbod på ulike område innan psykisk helse. Gjennom opptrappingsplanen vart det i 2002 arbeidd for ei vidare styrking av tiltak mot vald og traume, seksualisert vald og hjelp til valdsoffer og andre psykisk traumatiserte. På dette området har Helsedepartementet, Justisdepartementet og Barne- og familie-

departementet samarbeidd over tid for å styrkje arbeidet mot vald. Ein tek sikte på å etablere eit nasjonalt senter om traume og vald. Senteret skal styrkje forsking, utviklingsarbeid, utdanning og rettleiing på feltet vald og traume.

Sosial- og helsedirektoratet har vidare fått i oppdrag å utarbeide ein handlingsplan for redusert bruk av tvang i det psykiske helsevernet (sjå St.prp. nr. 1 (2002-2003) s. 173). Denne handlingsplanen må sjåast i samanheng med den nye lova om psykisk helsevern som tok til å gjelde 1. januar 2001.

### 5.3. Eldre

Det er ikkje utarbeidd nokon eigen menneske-rettskonvensjon for eldre, men enkelte internasjonale dokument fokuserer på dei eldre og deira situasjon, særleg i samband med helse-omsorg og opphald på institusjon. Rettstryggleiken til demente er sentral for regjeringa i arbeidet for eldre. Sjukdomen demens er kjenneteikna av ein gradvis svikt i intellektuelle, emosjonelle og motoriske funksjonar, slik at personen etter kvart misser evna til å ta vare på seg sjølv og til å forstå eigne hjelpebehov. Hjelp til demente har i stor grad form av tiltak den demente sjølv samtykkjer i. For å hindre skade er det i somme tilfelle nødvendig å setje inn tiltak utan samtykke frå den demente, til dels også mot vedkommandes uttrykkjelege vilje. Dette krev rettsleg grunnlag. I dag er regelverket både uklart og mangelfullt. Våren 2002 sende Sosialdepartementet eit notat om retten til, avgrensing i og kontroll med tvangsbruk m.m. overfor personar med demens ut på høyring med høyringsfrist 1. desember 2002. På bakgrunn av høyringskommentarane vil departementet i 2003 arbeide vidare med oppfølging av høyringsnotatet.

Sosialdepartementet sende forslag til forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstenestene ut på høyring hausten 2002. For å styrkje retten til privatliv



føreslår departementet at ansvaret kommunane har for å syte for tilbod om einerom ved langtidsopphald til dei som ønskjer det, vert teke inn i forskrifta. Etter planen skal forskrifta setjast i verk våren 2003.

Sosialdepartementet har levert bidrag til FNs nye handlingsplan om aldring, som vart vedteken i Madrid hausten 2002. "Madrid International Plan of Action on Ageing 2002" tek opp tema som menneskerettar og diskriminering.

## 5.4. Funksjonshemma

Situasjonen for funksjonshemma har gjort det nødvendig med eit eige internasjonalt dokument – FNs standardreglar for funksjonshemma, som skal gje råd om korleis rettane til funksjonshemma best kan varetakast. Dette dokumentet er ikkje rettsleg bindande, men det vert arbeidd med ein eigen konvensjon om menneskerettar for funksjonshemma. I Noreg er det særleg avgrensingar på bruken av tvang mot personar med psykisk utviklingshemming og ein handlingsplan for funksjonshemma som har stått i fokus.

Kapittel 6A i lov om sosiale tenester omhandlar rett til, avgrensingar i og kontroll med bruken av tvang overfor psykisk utviklingshemma. Reglane tredde i kraft 1. januar 1999. På bakgrunn av erfaringane med reglane så langt, rapport frå eit råd som heldt tilsyn med praktiseringa av reglane, forskingsprosjekt m.m. sende Sosialdepartementet i november 2002 eit forslag til permanente reglar ut på høyring under tittelen "Høringsnotat om rettssikkerhet ved bruk av tvang overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemning". Departementet tek sikte på å leggje fram ein odelstingsproposisjon våren 2003.

Gjennom handlingsplanen for funksjonshemma (1998-2001), som vart utvida med eitt år, er det sett i gang ei rekkje tiltak. Handlingsplanen skal evaluerast i 2003. Relevante tiltak er mellom anna knytte til Kulturnett Noreg og Tegnspråkteatret. Ein annan type oppfølging skjer gjennom Handlingsprogram for universell utforming, som starta i 2002. Her vert det lagt vekt på å fremje løysingar der omsynet til funksjonshemma er integrert i generelle og allmenne tiltak.

Sosialdepartementet har, mellom anna på bakgrunn av NOU 2001:22 Fra bruker til borger – en strategi for nedbygging av funksjonshemmende barrierer, starta arbeidet med ei stortingsmelding om mål, strategiar og tiltak i politikken for personar med redusert funksjonsevne. Stortingsmeldinga skal leggjast fram våren 2003.

Regjeringa sette hausten 2002 ned eit utval som skal greie ut ei styrking av rettsvernet mot diskriminering av funksjonshemma. Utvalet skal bruke inntil to år på dette arbeidet.

På det internasjonale planet har funksjonshemma og deira rettar vore eit prioritert område i fleire internasjonale forum i 2002. Utanriksdepartementet skal innanfor sine ansvarsområde følgje opp St.meld. nr. 8 (1998-99) Om handlingsplan for funksjonshemma 1998-2001, mellom anna gjennom å arbeide aktivt for at dei internasjonale organisasjonane skal styrkje sitt arbeid for menneske med funksjonshemming. Gjennom bistandssamarbeidet vil det bli arbeidd for å betre situasjonen for menneske med funksjonshemming og for å vareta rettane deira på område som offentlege tenester, tilgjenge, helse, utdanning, sysselsetjing, organisering, kulturtiltak, demokratiutvikling og medråderett.

Hovudforsamlinga FN har sett ned ei arbeidsgruppe for å greie ut spørsmålet om ein internasjonal konvensjon om rettane til funksjonshemma. Komiteen hadde sitt første møte sommaren 2002. Noreg har stilt seg positiv til utarbeiding av ein egen konvensjon, og har delteke aktivt i arbeidsgruppa. Noreg har ytt betydelege bidrag til ei rekkje FN-organisasjonar so er arbeider for å fremje rettane til funksjonshemma, deriblant ILO, UNICEF, WHO, HABITAT og UNESCO. Det er vidare gjeve støtte til spesialrapportøren for FNs standardreglar om likestilling for menneske med funksjonshemmingar. Også i regi av EU og Europarådet og i det nordiske samarbeidet har funksjonshemma vore eit prioritert område. I bistandsarbeidet har det vore ei målsetjing at arbeidet med rettane til menneske med funksjonshemmingar skal bli ein naturleg del av dialogen med samarbeidslanda.

Det er i 2002 gjeve støtte til norske organisasjonar som samarbeider med lokale organisasjonar i samarbeidslanda, og det er gjeve støtte direkte til frivillige organisasjonar, m.a. Atlasalliansen.

### 5.5. Hiv/aids

Regjeringa sin innsats mot hiv/aids i Noreg er til ein viss grad knytt til menneskerettane. Den fjerde nasjonale handlingsplanen for førebygging av hiv/aids, "Ansvar og omtanke – Strategiplan for forebygging av HIV og seksuelt overførbare sykdommer", gjaldt frå 2002. Planen legg mellom anna vekt på resolusjon 1999/49 frå FNs menneskerettskommisjon om vern av menneske-rettane i samband med hiv og aids. Planen er omsett til engelsk.

Dimensjonane i hiv/aids-epidemien på internasjonalt plan er vanskelege å fatte. Verknadene på økonomi og samfunnsliv er djuptgripande, og meir enn 13 millionar born er blitt foreldrelause berre i Afrika. I Sør-Afrika er talet på dødsfall i aldersgruppa 15 til 34 år 17 gonger høgre enn normalt. Frå norsk side ser ein det som viktig å vidareføre den sterke satsinga på å førebyggje hiv/aids. Det vert frå norsk side lagt vekt på at kampen mot aids må sjåast i samanheng med respekten for menneskerettane. Det inneber mellom anna at kvinner og unge jenter skal få ei sterkare stilling, stigmatisering skal motverkast og menneske med hiv/aids skal sikrast vanlege rettar. Dette er òg reflektert i regjeringa sin handlings-plan for fattigdomsreduksjon. I fleire av dei landa som er hardast råka av epidemien, støttar Noreg dei nasjonale programma som dei lokale styres-maktene driv. Dette gjeld særleg Malawi, Tanzania, Etiopia og Mosambik. Andre land, som Sør-Afrika, Zambia, Uganda og Angola, får først og fremst støtte gjennom frivillige organisasjonar.

I 2002 gjekk Utanriksdepartementet inn med støtte til eit nytt initiativ, "International Partnership for Microbicides" (IPM), som er ein internasjonal partnarskap for forsking og utvikling på såkalla mikrobicid. IPM arbeider òg for å sikre at fattige land får tilgang til eit framtidig mikrobicidprodukt. Mikrobicid er eit omgrep som refererer til kjemiske stoff med evne til å hindre overføring av seksuelt overførbare sjukdomar. Eit mikrobicid kan produserast i form av svamp, gelé, krem e.l., og skal kunne brukast utan at partnaren veit om det. Det siste er ei viktig målsetjing, då mange kvinner ikkje er i ein posisjon der dei kan krevje kondombruk i eit parforhold. Det er enno ikkje utvikla effektive mikrobicid, men dersom eit slikt produkt kjem på marknaden vil det gjere det lettare for kvinner å verne seg sjølve mot hiv-smitte.

Zambia kan trekkjast fram som eit eksempel på korleis hiv/aids grip inn i heile samfunnet. Over ein million born er foreldrelause som følgje av aids. I samarbeidet med Zambia har ein sett fokus på kor utsette born er under slike omstende og kor lett dei vert offer for menneskerettsbrot.
Ei rettsbasert tilnærming opnar for å styrkje rettsstillinga til barnet. Med tilvising til UNAIDS-retningslinene for menneskerettar og hiv/aids vart det lagt fram forslag til strategi for å ta vare på desse borna og sikre rettane deira under det nasjonale grunnskuleutdanningsprogrammet.

I Nicaragua gav Noreg medisinsk hjelp til dei som lever med viruset, og hjelp til sjølvhjelp for familiane til dei smitta. Det er òg gjeve opplæring, halde kurs og ytt støtte til koordinering av dette arbeidet mellom det sivile samfunnet og Helse-departementet, i tillegg til at det er gjeve støtte til undersøkingar og helseovervaking. I 2002 vart det òg gjeve støtte til å starte opp ein TV-serie som skal ta opp hiv/aids-problematikken og andre emne der menneskerettane spelar inn, mellom anna vald i heimen, kjønn, etnisk basert diskriminering og handikappa. Prosjektet er samfinansiert med fleire gjevarar.

I Russland støtta Noreg Aksjonsgruppa for smittsame sjukdomar i Austersjøregionen med tiltak retta mot førebygging av hiv/aids, tuberkulose og andre smittsame sjukdomar. På Balkan har støtta meir preg av bevisstgjering og merksemd om hiv/aids, mellom anna gjennom program for å informere om og motarbeide hiv/aids.

## 5.6. Miljø

Retten til eit reint og berekraftig naturmiljø er ikkje direkte nedfelt i menneskeretts-konvensjonane, men vil ofte følgje av dei meir etablerte rettane, som retten til liv, retten til privatliv og retten til å få informasjon. Eit meir presist vern følgjer av dei mange internasjonale miljøavtalane. Det siste året har det særleg vore fokusert på retten til miljøinformasjon, slik framstillinga nedanfor viser. Det må ikkje gløymast at regjeringa samtidig gjev støtte til ei lang rekkje meir tradisjonelle miljøfremjande tiltak, nasjonalt som internasjonalt. Eit meir menneskeretts-spesifikt tiltak kan nemnast, nemleg støtte til Universitet i Beijing for å kurse kinesiske dommarar i miljølovgjeving, der siktemålet er å hjelpe kinesiske miljøoffer.

### *5.6.1. Retten til miljøopplysningar*

Retten til informasjon er ein grunnleggjande demokratisk rett som både direkte og indirekte er verna gjennom menneskerettskonvensjonane. I ei rekkje samanhengar er retten til informasjon om saker som vedgår miljø og helse, og retten til deltaking i avgjerdsprosessar i slike saker, blitt framheva både i FN og Europarådet. Sentralt i denne samanhengen står Århuskonvensjonen frå 1998, som er ein europeisk FN-konvensjon om allmenn tilgang til miljøinformasjon, allmenn deltaking i avgjerdsprosessar og høve til klage og domstolsprøving på miljøområdet. Også gjennom EØS-avtalen er det etablert reglar om allmenn rett til miljøinformasjon. Det er nyleg oppnådd semje i EU om eit nytt direktiv som inneber implementering av Århuskonvensjonen, og som på enkelte punkt går noko lengre enn konvensjonen.

Retten til miljøinformasjon har fått eit særleg vern i Grunnlova § 110b. For å styrkje denne retten fremja Miljøverndepartementet hausten 2002 forslag til ei ny, samla lov om rett til miljøinformasjon og deltaking i offentlege avgjerdsprosessar som vedgår miljøet (Ot.prp. nr. 116 (2001-2002)). Lovforslaget er ei oppfølging av Miljøinformasjonsutvalets innstilling (NOU 2001: 2 Retten til miljøopplysninger). Lovforslaget inneber ei plikt for både offentlege styresmakter og offentlege og private verksemder til å gje ut miljøinformasjon. Forslaget styrkjer retten til innsyn i miljøinformasjon som ligg føre hos offentlege organ, og pålegg offentlege organ eit særleg ansvar for å gjere tilgjengeleg oversikts-informasjon om miljøtilstanden og miljøforhold. Med omsyn til miljøinformasjon frå verksemder vert det føreslege heilt nye rettar og plikter. Vidare inneber forslaget ei styrking av retten til deltaking i avgjerdsprosessar som vedgår miljøet.

Forslaget vil skape samsvar mellom norsk rett og internasjonale avtalar som vi er med i, men går òg lengre på ei rekkje punkt. Parallelt med odelstings-proposisjonen med forslag til ny lov om miljø-informasjon fremja Utanriksdepartementet ein stortingsproposisjon om samtykke til ratifikasjon av Århuskonvensjonen, St.prp. nr. 81 (2001-2002).

Frå norsk side prioriterer ein internasjonale aktivitetar som kan vere med på å oppfylle måla i Århuskonvensjonen. Særleg er behovet for kompetanseoppbygging på dette området stort i Sentral- og Aust-Europa og i Sentral-Asia.

*5.6.2. Miljøinformasjon i bistandsarbeidet*

Utviklingssamarbeidet inneheld ein del tiltak retta mot spreiing av miljøinformasjon. Tilsvarande omfattar kulturminnevernet tiltak som er med på å gjere minoritetar meir bevisste om eigen kultur. Begge områda verkar til å styrkje menneskerettane gjennom auka folkeleg deltaking og engasjement overfor styresmaktene. To eksempel frå Kina viser korleis dette kan skje i praksis.

GRID Arendal har vore med på å utvikle eit program for miljøstatus for Kina som er tilgjengeleg på Internett. Dei statistiske sentralbyråa i Noreg og Kina har samarbeidd om miljøstatistikk og -analysar som viser samanhengen mellom utslepp og økonomisk vekst og politikkutforming. Saman med utgjevinga av "Yearbook of International Co-operation on Environment and Development" på kinesisk har dette vore med på å spreie og "demokratisere" miljøkunnskap.

Riksantikvaren har medverka til etablering av økomuseum blant fleire minoritetsgrupper i Sør-Kina. Det er gjennomført rehabilitering og lettare modernisering av tradisjonelle bygningar. Arbeidet er med på å gje auka kunnskap og forståing rundt verdien av eigen kultur. Minoritetane opplever òg ei verdsetjing av kulturen utanfrå.

## 5.7. Retten til mat

Handlingsplanen for menneskerettar presiserer at "Regjeringen [vil] fortsette å utvikle en nasjonal mat- og landbrukspolitikk i tråd med FN-konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettigheter." Stortingsmelding nr. 19 (1999-2000) viser til FN-konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar (ØSK), artikkel 11 om retten til mat, og det overordna målet i meldinga er matvaretryggleik.

I samarbeid med Helsedepartementet og Fiskeridepartementet deltek Landbruksdepartementet i arbeidet med å utarbeide ny matproduksjonslov som skal omfatte heile matproduksjonskjeda og såleis dekkje store delar av verkeområdet for ØSK artikkel 11.

Handlingsplanen for forbrukarorientering av mat- og landbrukspolitikken byggjer på respekt for forbrukarrettane, til dømes retten til å velje eit kosthald ut frå eigne preferansar for ernæring og helse. Eit overordna omsyn i handlingsplanen er retten til mat, som er nedfelt i ØSK artikkel 11. I



samsvar med handlingsplanen er det i 2002 oppretta forbrukarpanel som skal ha ein rådgjevande funksjon i spørsmål om matpolitikken.

Utanriksdepartementet og Landbruksdepartementet arrangerte eit internasjonalt seminar om mat som ein menneskerett i april 2002 i Oslo. Dette seminaret vart følgt opp med eit større arrangement i Berlin som den tyske regjeringa inviterte til.

I juni 2002 arrangerte FN gjennom FAO (FNs ernærings- og landbruksorganisasjon) eit toppmøte, fem år etter Mattoppmøtet i 1996 (WFS+5). Eitt av dei mest kontroversielle punkta i deklarasjonen har vore punktet om utarbeiding av ein åtferdskodeks for implementering av retten til mat. Det er no oppretta ei mellomstatleg arbeidsgruppe for å uarbeide frivillige retningsliner for implementering av retten til mat. Landbruksdepartementet har i samarbeid med Utanriksdepartementet sett i gang eit arbeid for å følgje opp dette.

Innan bistandssamarbeidet har NORAD støtta nasjonale oppfølgingskonferansar til toppmøtet om mat i Sør-Afrika og i Uganda. Retten til mat og tilgang til jord er òg emne for forskingssamarbeid mellom Universitet i Western Cape (Sør-Afrika), Landbrukshøgskolen, NORAGRIC og Norsk senter for menneskerettar. Forskingssamarbeidet har lagt vekt på dei rettslege sidene ved tilgangen til land, både eigedomsrett og sedvanerett, der norske røynsler med allmenningar har vore nyttige og av interesse i ein sørafrikansk samanheng.

Matvaretryggleik står sentralt i arbeidet til organisasjonen FADCANIC, som arbeider på Atlanterhavskysten i Nicaragua og får midlar frå Noreg. Skogbruk, biologisk mangfald og vern av skog, jord og vatn står sentralt i organisasjonens arbeid. Organisasjonen ADDAC i Nicaragua jobbar med berekraftig bruk av naturressursane og støtte til småbønder som driv økologisk jordbruk, og er støtta av Noreg gjennom fleire år.

## 5.8. Kultur og vitskap

Kultur og vitskap er sett i samanheng med menneskerettane gjennom FN-konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar av 1966 og ei lang rekkje internasjonale avtalar som mellom anna regulerer eigarskapsspørsmål.

### *5.8.1. Evaluering av lov om medisinsk bruk av bioteknologi*

Stortingsmeldinga om evaluering av lov om medisinsk bruk av bioteknologi vart behandla i Stortinget i juni 2002, jf. St.meld. nr. 14 (2001-2002) Om evaluering av lov om medisinsk bruk av bioteknologi og Innst.S. nr. 238 (2001-2002). Det vert lagt vekt på å finne ein god balanse mellom bruk av teknologi til forsking og medisinsk behandling på den eine sida og vern om menneskelivet og omsynet til menneskeverd og personleg integritet på den andre. Sentrale forslag, som vil bli følgde opp med forslag til lovendringar, er:

- Oppheving av anonymiteten for sæddonorar. Barnet kan få opplyst sæddonors identitet etter fylte 18 år (jf. barnekonvensjonen art. 7).
- Styrking av retten for kvinna eller paret til informasjon og genetisk rettleiing i samband med fosterdiagnostikk.
- Vidareføring og presisering av forbodet mot bruk av genetiske opplysningar utanfor helsetenesta.
- Innstramming av vilkåra for oppsøkjande genetisk verksemd utan samtykke frå pasienten.

Eit notat med utkast til ny lov om medisinsk bruk av bioteknologi m.m. har nyleg vore på høyring, og Helsedepartementet tek sikte på å leggje fram eit lovforslag for Stortinget i vårsesjonen 2003.

*5.8.2. Innhenting, oppbevaring og bruk av humant biologisk materiale*

Ny lov om biobankar vart vedteken av Stortinget, jf. Ot.prp. nr. 56 (2001-2002) og Innst. O. nr. 52 (2002-2003). Lova inneheld reglar om innhenting, oppbevaring, behandling og destruksjon av humant biologisk materiale og opplysningar som kan utleiast av dette materialet. Formålet med lovforslaget er å sikre etisk forsvarleg handtering av materialet i biobankar og å sikre at biobankar vert nytta til beste for individet og samfunnet. Det skal takast omsyn til grunnleggjande prinsipp for personvern, menneskeverd, menneskerettar og personleg integritet.

*5.8.3. Tvangslisensiering*

FNs menneskerettskommisjon har vedteke ein tekst om tilgang til medisinar, særleg i samband med hiv/aids. Denne vart følgd opp i WTO-forhandlingane i Doha hausten 2001. TRIPS-rådet fekk der frist til slutten av 2002 med å forhandle fram ei løysing for tvangslisensiering av legemiddel for epidemiske sjukdomar som aids o.a. for fattige land som ikkje kan produsere vedkommande legemiddel sjølve.

TRIPS-avtalen vernar mellom anna om patentrettar. I den nemnde forhandlingsrunda i WTO vart det slege fast at TRIPS ikkje står i vegen for at styresmaktene i eit land kan sikre folkehelsa gjennom ulike tiltak. Dette inneber blant anna at alle land har rett til å produsere medisinar under såkalla tvangslisens. Tvangslisens vil seie at det offentlege gjev løyve til å produsere eller importere eit patentert legemiddel utan samtykke frå patenthavaren (vanlegvis legemiddel-produsenten), men mot eit rimeleg vederlag. Utviklingsland er vanlegvis ikkje i stand til å produsere eigne legemiddel, og TRIPS-avtalen inneheld i tillegg avgrensingar i retten til å importere tvangslisensierte produkt. Difor vart TRIPS-rådet pålagt å forhandle fram ei løysing på korleis også desse landa kan dra nytte av tvangslisensordninga, i praksis ved at andre land kan produsere rimelege legemiddel på deira vegner. I forhandlingane om gjennomføringa av Doha-erklæringa har Noreg mellom anna gått inn for at alle land skal kunne eksportere tvangslisensierte legemiddel til utviklingsland, og at det ikkje skal gjerast unnatak frå Doha-erklæringa når det gjeld kva sjukdomar det skal kunne produserast for. WTO-medlemmene vart ikkje samde om ei løysing på spørsmålet om tvangslisensiering til den fastsette fristen.



# 6 Toleranse og likeverd

Menneskerettane, slik dei kjem til uttrykk i konvensjonar utarbeidde av organisasjonar som FN og Europarådet, er eit sett reglar som tek sikte på å verne individet mot overgrep. Diskriminering og intoleranse kan vere til hinder for realiseringa av grunnleggjande menneskerettar for minoritetar og marginaliserte grupper i samfunnet. Terrorangrepa 11. september 2001, og den påfølgjande antiterrorkampanjen, har gjeve framandfrykta og intoleransen ein ny dimensjon i mange delar av verda. Dette kapitlet handlar om diskriminering og rasisme og om vern av nasjonale minoritetar og urfolk. Vidare kjem vi inn på asyl- og utlendingsretten og rettane til utlendingar og einslege mindreårige asylsøkjarar.

## 6.1. Diskriminering og rasisme

Forbodet mot diskriminering og rasisme går igjen i mange menneskerettskonvensjonar, til dømes dei to FN-konvensjonane frå 1966 om høvesvis sivile og politiske rettar og økonomiske, sosiale og kulturelle rettar, og i FNs barnekonvensjon frå 1989. Europarådets menneskerettskonvensjon av 1950 inneheld òg føresegner om diskriminering, både i sjølve hovudkonvensjonen og i ein seinare tilleggsprotokoll. Meir detaljerte reglar finst i FNs rasediskrimineringskonvensjon av 1965 og FNs kvinnekonvensjon av 1979 (sjå kap. 8.2).

Regjeringa har sett i verk og vidareført ei lang rekkje tiltak på dette feltet, mykje knytt til lovgjeving, og Noreg har gjort sitt til at diskriminering og rasisme står høgt oppe på den internasjonale dagsordenen. Arbeidet ved Senter mot etnisk diskriminering er omtala i vedlegg til denne årsrapporten.

### *6.1.1. Ny lov mot etnisk diskriminering*

Den 3. mars 2000 oppnemnde Bondevik I-regjeringa eit lovutval som fekk i oppdrag å greie ut forslag til ei lov om etnisk diskriminering. Utvalet la fram si utgreiing for kommunal- og regionalministeren 14. juni 2002. I utgreiinga vert det føreslege eit generelt forbod mot etnisk diskriminering som skal gjelde på alle samfunnsområde. Hovudreaksjonen ved brot på forbodet skal vere erstatning for ikkje-økonomisk tap (oppreising). Av andre reaksjonar som det vert opna for, kan nemnast pålegg om å rette opp eller gjere slutt på forhold som er i strid med lova. Utvalet føreslår ein generell regel om delt bevisbyrde i saker om etnisk diskriminering. Vidare vert det føreslege innført aktivitetsplikt for offentlege styresmakter og for arbeidsgjevarar både i privat og offentleg verksemd for å fremje likestilling og unngå etnisk diskriminering.

Utvalet føreslår at det vert oppretta eit eige apparat til å handheve lov mot etnisk diskriminering, mellom anna med fullmakt til å avgjere saker om etnisk diskriminering og fastsetje reaksjonar. Handhevingsapparatet samsvarer langt på veg med

likestillingsapparatet, det vil seie likestillingsombodet, klagenemnda for likestilling og likestillingssenteret. Regjeringa har difor sett i gang ei utgreiing for å sjå om det kan opprettast eit felles handhevingsapparat for diskriminering på grunnlag av kjønn og etnisitet. Utvalet føreslår òg at FNs rasediskrimineringskonvensjon vert inkorporert i norsk rett gjennom menneskerettslova.

Utgreiinga vart send på ei brei høyring hausten 2002. Regjeringa tek sikte på å fremje forslag om ei lov mot etnisk diskriminering i 2004.

### *6.1.2. Handlingsplan mot rasisme og diskriminering (2002-2006)*

Regjeringa la 1. juli 2002 fram ein ny handlingsplan mot rasisme og diskriminering. Handlingsplanen gjeld for perioden 2002 til 2006. Planen byggjer vidare på den førre handlingsplanen mot rasisme og diskriminering (1998-2001). Vidare har regjeringa lagt vekt på å følgje opp sluttdokumentet frå verdskonferansen mot rasisme, rasediskriminering, framandfrykt og tilknytte former for intoleranse, som fann stad i Sør-Afrika i september 2001.

Tiltaka i planen rettar seg særleg mot satsingsområda arbeidsliv, tilpassing av offentlege tenester, skule/utdanning, politi/påtalemakt/domstolar, dokumentasjon/overvaking, Internett, lokalmiljø og styrking av det rettslege vernet mot etnisk diskriminering og rasistiske ytringar. Handlingsplanen omfattar diskriminering av urfolk, nasjonale minoritetar og personar med innvandrarbakgrunn.

### *6.1.3. Tiltak for å auke deltakinga i samfunnet for born og unge med innvandrarbakgrunn*

Alle born og unge i Noreg skal sikrast dei same utsikter og rettar, og respekterast og behandlast likeverdig uavhengig av hudfarge, etnisk tilhøyr og religion. Det er viktig at born og unge med innvandrarbakgrunn før høve til å bruke sine ressursar og erfaringar. Å leggje til rette for auka deltaking i samfunnet for born og unge er ei plikt som følgjer av FNs barnekonvensjon artikkel 12.

Kommunal- og regionaldepartementet la i juni 2002 fram handlingsplanen ”Tiltak for å øke deltagelsen i samfunnet for barn og unge med innvandrerbakgrunn”. Handlingsplanen vart utarbeidd i samarbeid med Barne- og familiedepartementet, Justisdepartementet, Kultur- og kyrkjedepartementet og Utdannings- og forskingsdepartementet. Hovudsatsinga går ut på å styrkje språk- og samfunnskunnskapane både hos førskuleborn og foreldra deira, få til meir foreldresamarbeid i skulen, betre oppfølginga av einslege mindreårige og gjere innvandrarungdom meir aktive i kultur og idrett.

Ein del born med innvandrarbakgrunn treng betre norskkunnskapar før dei tek til på skulen for å få betre føresetnader for å oppnå gode skule-resultat. Mange foreldre har behov for opplæring i norsk og samfunnskunn-skap og treng foreldrerettleiing om dei skal kunne hjelpe borna sine i høve til skule og samfunn. Det skal difor gjennomførast forsøk i utvalde kommunar med korttidstilbod i barnehage, kombinert med kartlegging av språkkunnskapane til borna på helsestasjon og norskopplæring for foreldre. Både på skulen og på andre arenaer der born oppheld seg, må det leggjast meir til rette for samarbeid med innvandrarforeldre.

Innvandrarungdom må stimulerast ytterlegare til å delta i kultur og idrett slik at dei kan bli gode rollemodellar for annan ungdom. Det skal gjevast støtte til vidare drift av Nordic Black Theatre og til prosjektet Fargerik Fotball. Det er òg behov for ulike kriminalitetsførebyggjande tiltak for å hindre utstøyting og marginalisering av innvandrarungdom. Bruken av konfliktrådsmekling skal

aukast, og det skal rekrutterast fleire meklarar med innvandrarbakgrunn.

Einslege mindreårige asylsøkjarar er ei særleg sårbar gruppe som har behov for vaksne haldepunkt for å kunne skape seg eit nytt liv i Noreg. Ei tverrdepartemental arbeidsgruppe har vurdert alternative mottaks- og busetjingsmodellar for einslege mindreårige, korleis einslege mindreårige som buset seg hos slekt skal følgjast betre opp, og ei verjeordning for einslege mindreårige som kan erstatte eller komme i tillegg til dagens verjeordning. Forslaget frå arbeidsgruppa vart sendt ut på høyring i mai 2003.

#### *6.1.4. Forslag om forbod mot diskriminering i nye burettslover*

Regjeringa fremja i desember 2002 forslag om nye burettslover, Ot.prp. nr. 30 (2002-2003). Forslaget inneber at det i alle burettslovene – burettslagslova, lov om bustadbyggjelag, husleigelova og eigarseksjonslova – skal setjast inn eit forbod mot diskriminering. Forbodet vil gjelde diskriminering på grunnlag av truvedkjenning, hudfarge, språkkunnskapar, nasjonalt eller etnisk opphav og homofil legning, leveform eller orientering. Slike omstende kan etter lovforslaget ikkje reknast som saklege grunnar til å nekte godkjenning av ein andelseigar, seksjonseigar eller leigar i eit husleigeforhold.

#### *6.1.5. Kontaktutval mellom innvandrarar og styresmaktene*

”Kontaktutvalget mellom innvandrere og myndighetene” (KIM) er eit rådgjevande organ for styresmaktene. Utvalet er samansett av representantar med innvandrarbakgrunn og representantar for offentlege organ og dei politiske partia på Stortinget, og vert oppnemnt av regjeringa. Utvalet møtest fire gonger i året, og arbeidsutvalet har åtte møte i året. Utvalet skal, i tillegg til å vere eit rådgjevande organ, også vere eit forum for dialog og kontakt mellom representantar for innvandrarbefolkninga, dei politiske partia og styresmaktene. Eit aktivt organisasjonsliv er ein føresetnad for at medlemmene med innvandrarbakgrunn kan fungere som talerøyr for interesser og synspunkt blant innvandrarar.

Eit nytt utval vart oppnemnt for perioden 2003 – 2005. Leiar for utvalet er Rita Kumar. Utvalet har frå og med denne perioden fått endra struktur, mellom anna på bakgrunn av ei ekstern evaluering utført i 2001 av Norsk institutt for by- og regionforsking (NIBR). Den nye organiseringa inneber at KIM vert delt i to forum: eit innvandrarforum og eit kontaktutval. Innvandrarforumet består av medlemmene med innvandrarbakgrunn. Det skal fungere som KIMs rådgjevande organ og såleis vere den instansen som gjev høyringsfråsegner.
I kontaktutvalet sit medlemmene av innvandrarforumet og representantane for styresmaktene og dei politiske partia, og det skal vere forumet for dialog, kontakt og utveksling av informasjon. Den nye organiseringa er med på å klargjere dei to funksjonane til utvalet og å styrkje innvandrarrepresentantane si rolle.

#### *6.1.6. Kulturelt mangfald*

Under tilskotet til Norsk kulturråd er det mellom anna ført opp midlar til kulturelt mangfald. Formålet med løyvinga er å gjere det mogeleg for Kulturrådet å auke støtta til eksisterande tiltak og å gje tilskot til enkelte nye tiltak på området kulturelt mangfald. Det kan òg ytast tilskot til andre fleirkulturelle tiltak over denne budsjettposten. Kultur- og kyrkjedepartementet arrangerte i 2002, saman med Norsk kulturråd, Drammen kommune og Oslo kommune, ein konferanse om kulturelt mangfald. Ideen bak konferansen var å medverke til å involvere ulike aktørar på feltet og gje høve til å utveksle idear og synspunkt. På

bakgrunn av konferansen vart det nedsett ei arbeidsgruppe til å vurdere tiltak som kan fremje det kulturelle mangfaldet.

Norsk kulturråd hadde i perioden 1998-2001 eit eige utviklingsprogram for kulturelt mangfald – Mosaikk. Mosaikk skulle fremje og integrere fleir- og tverrkulturelle uttrykk i dei etablerte kunst- og kulturpolitiske ordningane og gje minoritetar større rom for kulturell utfalding og deltaking i kunst- og kulturlivet. Det er vedteke at målsetjingane for Mosaikk-programmet frå 2002 skal innarbeidast som satsingsområde i dei ordinære arbeids- og ansvarsområda til fagutvala.

*6.1.7. Lesbiske/homofile*

Homofile og lesbiske skal ha same rettar og livskvalitet som heterofile. Dette siktemålet har ikkje tilstrekkeleg oppslutnad på det internasjonale planet til at det kan seiast at det ligg føre noka form for menneskerettsvern, men på nasjonalt plan følgjer siktemålet mellom anna av St.meld. nr. 25 (2000-2001) Levekår og livskvalitet for lesbiske og homofile i Noreg, og av stortingsbehandlinga av denne. Barne- og familiedepartementet har i 2002 hatt koordineringsansvar for oppfølginga av meldinga på regjeringsplan. Arbeidet har gått ut på å følgje opp og setje i verk tiltak som meldinga føreslår.

Tiltaka har særleg vore retta mot ungdom, og det har vore lagt vekt på regionale omsyn. Organisasjonane har ei sentral stilling i arbeidet. Driftsstøtta til Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjøring vart auka, med ein føresetnad om at foreininga skal fungere som kunnskapsbank. I regi av foreininga vart det òg oppretta ei mellombels stilling for arbeid med anti-diskriminering i arbeids- og organisasjonsliv. Midlar til forsking er kanaliserte gjennom Noregs forskingsråd.

*6.1.8. Internasjonale tiltak*

Den 16. periodiske rapporten frå Noreg om gjennomføringa av FN-konvensjonen om avskaffing av alle former for rasediskriminering vart oversend til rasediskrimineringskomiteen i FN i 2002. Det er venta at komiteen vil behandle den norske rapporten i 2003.

Noreg har delteke aktivt i internasjonale diskusjonar om oppfølginga av erklæringa og handlingsplanen frå verdskonferansen i Durban, mellom anna i FNs menneskerettskommisjon og i Hovudforsamlinga.

## 6.2. Nasjonale minoritetar

Den mest grunnleggjande føresegna i det internasjonale minoritetsvernet er artikkel 27 i FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar. Her blir det slege fast at personar som tilhøyrer etniske, religiøse eller språklige minoritetar har rett til, saman med andre medlemmer av si gruppe, å dyrke sin eigen kultur, vedkjenne seg og utøve sin eigen religion og å bruke sitt eige språk.

Minoritetar med langvarig tilknyting til staten dei bur i, vert rekna som nasjonale minoritetar. Slike minoritetar har eit særleg vern i Europarådets rammekonvensjon om vern av nasjonale minoritetar. Denne vart ratifisert av Noreg 17. mars 1999. I samband med ratifikasjonen vart det slege fast at samar, kvenar, romanifolket (tatarane/dei reisande), rom (sigøynarar), skogfinnar og jødar oppfyller kriteria for å vere nasjonale minoritetar i Noreg. Sametinget har likevel sagt at samane ikkje ser seg tente med å vere omfatta av konvensjonen, då samane har større rettar etter ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar enn etter rammekonvensjonen.

Noreg leverte sin første rapport om oppfølginga av rammekonvensjonen i mars 2001. Den



rådgjevande komiteen i Europarådet gjekk gjennom rapporten og hadde møte med relevante styresmakter og representantar for nasjonale minoritetar i 2002. Tilbakemeldinga frå den rådgjevande komiteen var at Noreg er komme langt i si politikkutvikling, men at viktige oppfølgingspunkt står att. Desse vil gå inn i arbeidet med oppfølging av Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001) Nasjonale minoritetar i Noreg.

### *6.2.1. Oppfølging av Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001) Nasjonale minoritetar i Noreg*

Stortingsmelding nr. 15 (2000-2001) Nasjonale minoritetar i Noreg vart lagd fram av regjeringa i 2000, og er den første heilskaplege gjennomgangen av prinsippa som skal liggje til grunn for statens politikk overfor jødar, kvenar, rom, romanifolket og skogfinnane. Meldinga viser at Noreg har hatt minoritetar i lang tid. I meldinga tek regjeringa eit oppgjer med fornorskingspolitikken styresmaktene tidlegare førte overfor alle dei nasjonale minoritetane. Regjeringa tek sterkt avstand frå dei overgrepa romanifolket har vore utsett for.

Fornorskingspolitikken som vart ført overfor romanifolket, var med på å undergrave den tradisjonelle livsforma og kulturen deira. For å bøte på denne uretten vert det arbeidd med å etablere eit senter for dokumentasjon og formidling av kulturen og historia til romanifolket ved Glomdalsmuseet på Elverum. Det vart i 2002 sett fram forslag frå romanifolket om oppretting av eit fond som kollektiv erstatning og om ny vurdering av kriteria i rettferdsvederlagsordninga. Desse forslaga er til vurdering i regjeringa. Arbeidet med forslag til eventuelle alternative erstatningsordningar for tvangssteriliserte romanifolk vil bli starta opp i 2003.

Regjeringa arbeidde i 2002 vidare med ein plan med oversikt over tiltak i meldinga. Planen vil bli ferdigstilt i 2003. Forutan spørsmåla om fond og erstatningsformer er oppfølging av forsking, mellom anna om status for det kvenske språket og om opphavet til språk og kultur hos romanifolket sentrale tema. Eit anna viktig spørsmål er levekåra for rom i Oslo. Kommunal- og regionaldepartementet har i dialog med Noregs forskingsråd, Utdannings- og forskingsdepartementet og Oslo kommune sett i gang prosessar i desse spørsmåla.

Dialogen med representantar for nasjonale minoritetar som vart etablert under utarbeidinga av St.meld. nr. 15 (2000-2001), er vidareført i 2002. Kommunal- og regionaldepartementet heldt ein konferanse om forsking med deltaking frå alle dei nasjonale minoritetane og eit dialogmøte om arbeidet med planen. Frå 2003 vil det blir etablert faste kontaktmøte mellom nasjonale minoritetar og styresmaktene. Det er òg halde bilaterale møte etter oppmoding frå dei ulike nasjonale minoritetane. Viktige tema har vore representativitet og deltaking i prosessar og saker som vedgår nasjonale minoritetar. Det er eit sentralt prinsipp i minoritetspolitikken og i Europarådets rammekonvensjon for vern av nasjonale minoritetar at minoritetane skal kunne delta og blir høyrde i saker som er viktige for dei. Dette prinsippet gjeld òg på kommunalt og fylkeskommunalt nivå.

Synleggjering av nasjonale minoritetar er viktig. Det kan vere med på å formidle positive bilete av minoritetar, og gjev kommunar og andre institusjonar kunnskap som set dei i stand til å tilpasse tilbodet til gruppene. Informasjonsbrevet om nasjonale minoritetar som Kommunal- og regionaldepartementet no gjev ut, er ein del av dette arbeidet. I tillegg gjekk Kommunal- og regionaldepartementet i 2002 i gang med å utarbeide ytterlegare informasjonsmateriell om statens politikk overfor nasjonale minoritetar og materiell til majoritetssamfunnet om dei nasjonale minoritetane.

### *6.2.2. Kvenar*

Ministerkomiteen i Europarådet vedtok i november 2001 ei tilråding der komiteen bad norske styresmakter klargjere statusen for kvensk. Det vil bli gjennomført ei utgreiing om dette, som etter planen skal overleverast Kommunal- og regionaldepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet i juni 2003.

I bygda Børselv i Porsanger skal det etablerast eit senter for kvensk språk og kultur (Kvæntunet). Dei kvenske røtene er sterke i dette området, og senteret skal vere med på å dokumentere, gjenreise og vidareføre kvenske tradisjonar og kvensk kultur ved å aktivisere lokalsamfunnet til å ta vare på og vidareutvikle eigen bakgrunn og eige særpreg. Til oppføring av administrasjonsbygg ved Kvæntunet i Porsanger blir det løyvd 12 mill. kroner over budsjettet til Kultur- og kyrkjedepartementet i 2002. Den nye namnelova som er vedteken (sjå 6.3.3), opnar for at kvenar kan ta tilbake kvenske slektsnamn som gjekk ut av bruk på grunn av fornorskingspolitikken.

### *6.2.3. Romanifolket*

Eit senter for dokumentasjon og formidling av romanifolkets kultur og historie skal etablerast som ei eiga avdeling ved Glomdalsmuseet på Elverum. Siktemålet er større forståing av kva ein minoritet er, bevisstgjering om overgrep og undertrykking og auka toleranse. Dette er i tråd med Europarådets rammekonvensjon om vern av minoritetar. Det er gjeve tilsegn om 50 mill. kroner i finansiering over Kultur- og kyrkjedepartementets budsjett. Statsbygg har sett i gang planlegginga. Sannsynleg byggjestart er våren 2004.

*6.2.4. Tilskot til nasjonale minoritetar*

Kommunal- og regionaldepartementet vidareførte ordninga med tilskot til nasjonale minoritetar. Fire organisasjonar fikk grunnstøtte: Norske kveners forbund, Romanifolkets landsforening, Landsorganisasjonen for romanifolket og Stiftelsen Roma. Grunnstøtta skal brukast til eigenorganisering blant minoritetsgruppene, mellom anna for å betre kontakten mellom gruppene og offentlege styresmakter. Det er vidare ytt prosjektstøtte til ei rekkje enkelttiltak. Formålet med støtta er informasjon om situasjonen til minoritetsgruppene, dokumentasjon av diskriminering, haldningsskapande arbeid, sjølvhjelpsaktivitetar og kontakt og samarbeid mellom nasjonale minoritetar på tvers av landegrensene.

Arbeidet med å styrkje rettane til minoritetane og å betre livssituasjonen deira er eit satsingsområde for regjeringa. Difor har Utanriksdepartementet også i 2002 løyvd økonomiske midlar til prosjekt i ei rekkje land der formålet har vore å styrkje rettane til minoritetar.

*6.2.5. Internasjonale tiltak*

Internasjonalt har regjeringa hovudsakleg arbeidd for minoritetane og deira rettar innanfor menneskerettskommisjonen i FN og i underkommisjonens arbeidsgruppe for minoritetar. Den internasjonale debatten handlar mellom anna om problemstillingar i samband med gjennomføringa av FNs minoritetserklæring frå 1992. Utanriksdepartementet løyvde i 2002 kr 750 000 til FNs høgkommissær for menneskerettar, og midlane skulle gå til aktivitetar innretta på å styrkje vernet av minoritetsrettane. Fleire bilaterale tiltak vart sette i gang i 2002. Av desse kan nemnast støtte til National Minorities University i Yunnan-provinsen i Kina, der Noreg står for utdeling av stipend til minoritetsstudentar. Det vart òg gjeve reisestøtte til norske forskarar. Mange av tiltaka dekkjer fleire felt. Dette gjeld mellom anna norsk finansiering av arbeidet til Tibet-nettverket, som er eit universitetsbasert nettverk i Noreg med særleg fokus på Tibet. Dette netteverket arbeider mellom anna med rettane til nomadar og kvinner. Sist haust vart det til dømes opna eit eige kvinnesenter ved Tibet-universitetet med støtte frå nettverket.

## 6.3. Samar

Grunnlaget for norsk politikk overfor den samiske befolkninga er nedfelt i Grunnlova § 110a og i samelova. Vidare har Noreg slutta seg til fleire internasjonale konvensjonar som er viktige for samane. ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar er førebels det einaste internasjonale, rettsleg bindande instrumentet som direkte gjeld vern av urfolk, men Europarådets språkcharter, FNs konvensjon om sivile og politiske rettar og FNs barnekonvensjon er òg viktige for samane.

*6.3.1. Nasjonal politikk og tiltak overfor samane*

Eit viktig prinsipp i norsk lovgjeving om det offentlege sine plikter overfor den samiske befolkninga, er at samane skal ha ei aktiv rolle i saker som vedgår samiske interesser. Dette samsvarar òg med føresegner i ILO-konvensjon nr. 169. Dette inneber mellom anna at styresmaktene gjennom lovgjeving og tiltak skal leggje til rette for at samane sjølve skal vere den aktive parten når det gjeld å sikre og utvikle samisk språk, kultur og samfunnsliv. Vidare skal styresmaktene setje av tilstrekkelege midlar til Sametinget slik at det kan gjere sine eigne prioriteringar i saker som vedgår det samiske folket. Styresmaktene skal òg fastsetje rutinar for samarbeid mellom regjeringa og Sametinget når det gjeld utforminga av norsk samepolitikk, Sametingets budsjett og utviklinga av generelle politikkområde som vil setje rammer for det samiske samfunnet.

Fjerdekvart år vert det lagt fram for Stortinget ei melding om hovudprinsippa i statens samepolitikk. I tillegg vert det kvart år lagt fram ei stortingsmelding om arbeidet i Sametinget, der årsmeldinga frå Sametinget inngår som eit eige kapittel. Denne årlege meldinga er eit viktig dokument i kontakten mellom Sametinget og regjeringa fordi regjeringa i meldinga kommenterer saker som Sametinget tek opp i si årsmelding.

Sametinget er viktigaste premissleverandør for regjeringa i samepolitikken, og det vert lagt vekt på at Sametinget kjem inn i politikkutforminga så tidleg som råd. Dette skjer mellom anna i møte mellom politisk leiing i departementa og Sametinget. Det er òg kontakt på administrativt plan mellom fagdepartementa og Sametinget om oppfølging av samiske spørsmål på dei ulike politikkområda.

Den nasjonale politikken kjem mellom anna til uttrykk i dialogen med Sametinget om overføring av styringsrett frå departementa til Sametinget. Satsing på samisk språk, informasjon på samisk frå norske styresmakter og informasjon til publikum om samiske forhold er andre eksempel. Regjeringa la hausten 2001 fram ein handlingsplan for helse- og sosialtenester for samane i Noreg, og denne vart følgd opp i 2002. Justisdepartementet har sett i gang arbeidet med å omsetje forvaltningslova og offentleglova til samisk. Reindriftsadministrasjonen i Alta har sidan 1999 arbeidd for å styrkje kvinne- og familieretta tiltak, mellom anna er det i denne samanhengen oppretta ei fast stilling som kvinnekonsulent ved Reindriftsforvaltninga i Alta. Tiltaka skal evaluerast i løpet av 2003. Kompetansesenteret for urfolksrettar skal vere i drift ved årsskiftet 2002–2003.



### *6.3.2. Samiske rettar til land og vatn*

Regjeringa sette i 1999 i gang arbeidet med oppfølging av NOU 1997: 4 Naturgrunnlaget for samisk kultur. Som ledd i arbeidet med å utforme proposisjonen til lov om rettsforhold og forvaltning av grunn og naturressursar i Finnmark fylke har regjeringa i 2002 hatt kontaktmøte med sametingspresidenten og fylkesordføraren i Finnmark. Meininga er å finne ei balansert løysing som er i samsvar med ILO-konvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar. Justisdepartementet har utforma mandat og oppnemnt medlemmer til eit nytt samerettsutval, som skal greie ut bruk og forvaltning av grunn og naturgode i samiske bruksområde utanfor Finnmark fylke. Dette vil i hovudsak gjelde Troms, Nordland, Trøndelagsfylka og Hedmark.

### *6.3.3. Ny namnelov*

Regjeringa fremja i 2002 forslag til ny lov om personnamn, som vart vedteken av Stortinget våren 2003. Den nye lova vil gjere det enklare for samar å ta vare på tradisjonelle samiske namneskikkar. Lova gjev mellom anna høve til å ta etternamn som førenamn og omvendt når det gjeld namn med tradisjon i ein kultur som ikkje skil mellom førenamn og etternamn. Viktig for samisk kultur er òg at førenamn etter besteforeldre med ei ending som viser slektskapen, kan takast som etternamn. Bakover i slekta opnar lova for å hente etternamn som tippoldeforeldre har hatt. Dette vil gjere det enklare for samar som må gå langt tilbake for å finne etternamn med rot i den samiske kulturen å ta slike namn.

### *6.3.4. Oppretting av ny domstol i Indre Finnmark*

I 2002 vart det vedteke oppretta ein eigen førsteinstansdomstol i indre Finnmark. Den nye domstolen, Indre Finnmark tingrett, vil vere i funksjon frå 1. januar 2004. Ein eigen førsteinstansdomstol med stadleg kompetanse innanfor det samiske kjerneområdet vil kunne gje samane auka tillit til domstolane, og vil kunne gjere det lettare å rekruttere dommarar med samisk bakgrunn og dommarar med god kunnskap om samisk kultur, språk og samfunnsliv. Ein slik domstol vil òg kunne auke kompetansen om samisk sedvane og rettstradisjon i domstolane og medverke til å utvikle samisk juridisk terminologi. Indre Finnmark tingrett skal dekkje dei fem kommunane i Finnmark som i dag utgjer forvaltningsområdet for samisk språk.

### *6.3.5. Austsamisk museum i Neiden*

Over budsjettet til Kultur- og kyrkjedepartementet er det gjeve tilsegn om 30 mill. kroner til etablering av eit austsamisk museum i Neiden, som Sametinget har valt til samisk tusenårsstad. Statsbygg, som er byggherre for prosjektet, har i 2002 vurdert aktuelle lokaliseringsalternativ.

### *6.3.6. Nordisk samesamarbeid*

Ministrane med ansvar for samiske saker i Finland, Sverige og Noreg har etablert eit samarbeidsforum om samiske spørsmål i tilknyting til Nordisk ministerråd. Forumet har regelmessige møte med sametingspresidentane i dei tre landa. Dei felles samarbeidsmøta mellom ministrane og sametingspresidentane skal ha som oppgåve å behandle aktuelle samiske saker av felles nordisk interesse.

### *6.3.7. Ekspertgruppe for å utarbeide forslag til ein nordisk samekonvensjon*

Ministrane og sametingspresidentane vedtok i fellesmøte 7. november 2001 å opprette ei ekspertgruppe med representantar frå Finland, Sverige og Noreg til å utarbeide utkast til ein nordisk samekonvensjon med utgangspunkt i rapporten ”Behov og grunnlag for en nordisk samekonvensjon”. Gruppa har to medlemmer frå

kvart land, den eine utpeika av dei respektive sametinga. Noreg har leiar- og sekretariatsansvar. Leiar for ekspertgruppa er tidlegare høgsterettsjustitiarius Carsten Smith. Ekspertgruppa skal starte sitt arbeid i januar 2003 og skal avleggje endeleg rapport i 2005.

## 6.4. Urfolk

Det finst i dag ingen universelle normer for urfolksrettar, men nokre spreidde føresegner kan gje eit avgrensa vern på grunnlag av den særlege situasjonen til urfolk. Hovudforsamlinga i FN har som uttalt målsetjing at ei FN-erklæring om urfolksrettar skal vedtakast innan utgangen av det internasjonale urfolkstiåret (2004). Forhandlingane om urfolkserklæringa har gått svært sakte som følgje av ei rekkje vanskelege prosessuelle og materielle utfordringar. Erklæringa er omtala nedanfor, mellom avsnittet om FNs nyoppretta permanente forum for urfolkssaker og avsnittet om konvensjonen om biologisk mangfald, som er spesielt viktig for urfolk. Til slutt vert det nemnt eksempel på annan norsk innsats på dette feltet i 2002.

### *6.4.1. Permanent FN-forum for urfolkssaker*

Vedtaket om etablering av eit permanent FN-forum for urfolkssaker vart fatta i FNs økonomiske og sosiale råd (ECOSOC) i juli 2000. Første møtet i forumet vart halde i mai 2002 i New York. Rundt 800 delegatar deltok på møtet. Den første sesjonen var svært vellukka, og det knyter seg difor store forventningar til det framtidige arbeidet i forumet.

Tidlegare sametingspresident i Noreg, Ole Henrik Magga, vart vald til første formann i forumet. Forumet har 16 medlemmer, og åtte av desse er nominerte av regjeringane og oppnemnde av ECOSOC, mens dei åtte andre er nominerte av urfolk i dei respektive regionane og oppnemnde av presidenten for ECOSOC (Magga er oppnemnd som urfolksrepresentant for det arktiske området). I tillegg til medlemmene deltek regjeringar, FN-organ og -organisasjonar og urfolksorganisasjonar som observatørar med talerett.

Forumet har eit breitt mandat som mellom anna omfattar miljø, kultur, utvikling, utdanning og menneskerettar. Forumet kan elles ta opp alle urfolksspørsmål som fell inn under ECOSOC-mandatet. Forumet er direkte underlagt ECOSOC og er eit rådgjevande organ for ECOSOC og andre delar av FN-systemet i spørsmål som gjeld urfolk.

Hovudforsamlinga i FN vedtok i desember 2002 at forumet skal ha eit eige sekretariat i New York. I første omgang vart det sett av midlar over det regulære FN-budsjett til tre stillingar i sekretariatet, med høve til å opprette tre stillingar til i samband med budsjettbehandlinga i Hovudforsamlinga i 2003.

Noreg har i lang tid arbeidd aktivt for å få forumet etablert. Under siste sesjonen i Hovudforsamlinga arbeidde regjeringa svært aktivt saman med dei andre nordiske landa og andre likesinna land for å sikre ei minimumsfinansiering av arbeidet i forumet over det regulære FN-budsjettet. Regjeringa vil også heretter delta aktivt i og støtte opp under arbeidet i forumet.

### *6.4.2. Arbeidet med ei FN-erklæring om urfolksrettar*

Arbeidet med ei FN-erklæring om urfolksrettar har gått føre seg sidan 1985 i regi av menneskerettskommisjonens underkommisjon (1985-94) og menneskerettskommisjonen (1995-2002). Forhandlingsklimaet i arbeidsgruppa i menneskerettskommisjonen er blitt noko betre, mellom anna vart det under siste sesjonen i arbeidsgruppa (desember 2002) gjort betydeleg framgang i spørsmål om sjølvråderett. Sjølvråderetten har vore eitt av dei vanskelegaste spørsmåla i denne prosessen, og den gryande

semja gjev grunn til ein viss optimisme. Stadig fleire regjeringar og urfolksorganisasjonar er av den oppfatning at ein no bør søkje å finne ei kompromissløysing som i størst mogeleg grad respekterer det opphavlege tekstforslaget frå underkommisjonen. Regjeringa sluttar seg til denne oppfatninga, og vil gå aktivt inn for ei slik løysing.

### *6.4.3. Urfolksarbeid etter konvensjonen om biologisk mangfald (CBD)*

I samband med konvensjonen om biologisk mangfald (CBD) er Noreg aktiv i arbeidet med urfolksrelaterte problemstillingar. Konvensjonen har ein eigen artikkel (8j) om urfolk, og det er etablert eit eige arbeidsprogram og ei eiga internasjonal arbeidsgruppe for å sikre god behandling av dette temaet.

Stikkord for urfolksarbeidet etter CBD er mellom anna ulike aspekt ved tradisjonell kunnskap, full og effektiv deltaking, respekt for religiøse og kulturelle verdiar, biologisk mangfald og ei heilskapleg økosystemforvaltning. Under det sjette partsmøtet våren 2002 vart det vedteke eit nytt arbeidsprogram for skog. I dette programmet arbeidde Noreg aktivt for å sikre at vedtaket fekk gode referansar til urfolksrettar.

Sametinget deltek i den norske delegasjonen til partsmøte i biokonvensjonen og til møte i arbeidsgrupper for urfolksprogrammet.

### *6.4.4. Andre internasjonale prosessar og tiltak*

Underkommisjonens arbeidsgruppe for urfolksspørsmål (UN Working Group on Indigenous Populations) vart oppretta i 1982. Noreg har sidan opprettinga delteke aktivt i diskusjonane i prosessen. Etter opprettinga av det permanente forumet for urfolkssaker er det venta at arbeidsgruppa i framtida vil få mindre å seie og kanskje bli avvikla.



Menneskerettskommisjonen i FN oppnemnde i april 2001 ein spesialrapportør for urfolks menneskerettar og grunnleggjande fridomar. Rudolfo Stavenhagen (Mexico) vart oppnemnd for ein periode på tre år. Regjeringa sende i desember 2002 rapport til spesialrapportøren om norsk samepolitikk og den siste utviklinga på det samerettslege området i Noreg.

I 2002 gav Noreg 1 mill. kroner i frivillige bidrag til dei to frivillige FN-fonda for urfolk. Halvparten av

dette beløpet går til fondet som gjev reisestøtte til urfolksrepresentantar slik at dei kan delta i FN-prosessar som er viktige for urfolk. Den andre halvdelen av midlane gjekk til fondet for det internasjonale urfolkstiåret, der urfolk kan søkje om støtte til prosjekt som er med på å fremje eigne rettar og levekår. Formålet med urfolkstiåret (1995-2004) er å fremje internasjonalt samarbeid i eit forsøk på å løyse nokre av problema som urfolk står overfor på område som helse, menneskerettar, utvikling, utdanning, språk og kultur. I tillegg gav Noreg i 2002 økonomisk støtte til ei rekkje internasjonale og regionale prosjekt med det formål å fremje urfolksrettar.

Mykje av den norske bistanden er knytt til styrking av urfolksrettane, noko som mellom anna gjeld støtta til Guatemala. Her vart det gjeve til saman fire millionar kroner til sju prosjekt som omfattar eit tospråkleg alfabetiseringsprosjekt, tospråkleg grunnskule, organisasjonsutvikling, ein interkulturell yrkesskule, institusjonsstøtte og lokalmakt og fleirkulturell lærarutdanning. Vidare støtta Noreg UNICEF-programmet for tospråkleg utdanning i Guatemala. Programmet omfattar ca. 400 skular med totalt 166 000 born, og tek sikte på å leggje til rette og forbetre undervisninga i samsvar med den fleirkulturelle bakgrunnen til borna, gjere elevane meir delaktige i drifta av skulen gjennom elevrådsarbeid o.a. og generelt gjere borna meir sjølvbevisste. Programmet legg særleg vekt på etterutdanning av lærarar, skulemateriell, tilskot og bevisstgjering av foreldre til born i grunnskulen. Programmet har òg ein førskulekomponent som omfattar drygt 11 000 born under seks år.

## 6.5. Asyl- og utlendingsrett

Retten til å søkje og få asyl er omtala i artikkel 14 i FN-erklæringa om menneskerettane. Retten til asyl er ikkje følgd opp i menneskerettskonvensjonane, men desse har spreidde føresegner om blant anna saksbehandling og vern ved utsending. Samtidig gjeld menneskerettane alle personar innanfor statens territorium og dermed også flyktningar og asylsøkjarar som oppheld seg i landet. Retten til å søkje og ta imot asyl er derimot regulert i mellom anna FN-konvensjonen om flyktningar og deira stilling av 28. juli 1951, med protokoll datert 31. januar 1967. Regjeringa legg til grunn at praktiseringa av utlendingslova skal vere human og rettferdig og sikre at Noreg tek sin del av ansvaret for menneske på flukt.

### *6.5.1. Asyl*

For å få asyl i Noreg må ein vere flyktning i flyktningkonvensjonens forstand. Det inneber mellom anna at søkjaren må ha vore utsett for forfølging, og forfølginga må ha si årsak i rase, religion, nasjonalitet, politisk oppfatning eller medlemskap i ei spesiell sosial gruppe. Forfølging på grunn av kjønn eller seksuell legning er omfatta av flyktningomgrepet i konvensjonen, og kan danne grunnlag for å bli godkjend som flyktning. Asyl kan gjevast uavhengig av kven forfølgjaren er. Det kan vere styresmaktene i heimlandet, grupper desse ikkje har kontroll over eller enkeltpersonar. Det avgjerande for å få asyl er at styresmaktene i heimlandet ikkje kan eller vil gje tilstrekkeleg vern mot forfølging.

Kommunal- og regionaldepartementet arbeidde i 2002 med forslag til nye, utfyllande forskrifts-føresegner som skal definere kven som er å rekne som flyktning. Forslag til forskriftsføresegner i utlendingslova vil bli sende på høyring i 2003.

### *6.5.2. Kvote for overføringsflyktningar*

Dei fleste flyktningar i verda får vern i eit land i nærleiken av sitt eige. Dersom det landet dei først søkte til ikkje kan gje tilfredsstillande vern, og dei ikkje kan vende tilbake til heimlandet, ber UNHCR (FNs høgkommissær for flyktningar) eit tredjeland




om å busetje flyktningane. Kvoten for uttak av slike overføringsflyktningar til Noreg for år 2002 var på 1 500 plassar. I vurderinga av kva for enkeltflyktningar som skal overførast til Noreg, vert det i første rekkje lagt vekt på behovet for vern. I tillegg vurderer ein kva utsikter flyktningane har til å finne seg til rette i det norske samfunnet. I samråd med UNHCR har Noreg lagt opp til ei fleksibel disponering av kvoten over ein treårsperiode. Innanfor dette tidsrommet kan ubrukte plassar eitt år overførast til etterfølgjande år. Vidare kan plassar frå kvotane i etterfølgjande år forskotterast dersom behovet skulle tilseie det.

### *6.5.3. Lovutval for revisjon av utlendingslova*

Dagens utlendingslov vart vedteken i 1988 og tok til å gjelde 1. januar 1991. Sidan vedtakinga har det skjedd store endringar på utlendingsfeltet. På denne bakgrunnen er det brei politisk semje om at det er behov for ein omfattande gjennomgang av utlendingslovgjevinga, der det mellom anna må avklarast kvar skiljet skal gå mellom asyl og opphald på humanitært grunnlag. Lova reflekterer ikkje dei komplekse utfordringane samfunnet står overfor i dag, og heller ikkje behovet for effektiv saksbehandling. Nye internasjonale forpliktingar, aukande mobilitet over landegrensene og det at ein stadig større del av befolkninga har innvandrarbakgrunn, er faktorar som gjer det nødvendig å setje søkjelyset på korleis utlendingslovgjevinga kan tene sitt formål i dagens samfunn. Også behovet for å rekruttere arbeidskraft utanfor EØS-området aktualiserer behovet for ny lovgjeving. Lovutvalet vart oppnemnt i statsråd 14. desember 2001 og har sorenskrivar Bjørn Solbakken som leiar. Utvalet arbeidde i 2002 med innstilling til ny lov, og vil fremje sine forslag innan utgangen av 2003.

### *6.5.4. Kunnskapsutvikling på asylfeltet*

Kommunal- og regionaldepartementet lyste i februar 2002 ut eit prosjekt om reglane i utlendingslova om vern mot forfølging. Departementet har gjeve Universitetet i Oslo i oppdrag å vurdere grensegangen mellom asyl og opphaldsløyve på humanitært grunnlag i Noreg. Prosjektet er todelt, og skal munne ut i ein analyse

av norsk regelverk og praksis i forhold til internasjonale konvensjonar og ei kartlegging og vurdering av praksis basert på ein gjennomgang av saker avgjorde i Utlendingsdirektoratet og utlendingsnemnda. I prosjektet skal det refererast til utanlandsk regelverk og praksis. I prosjektet inngår òg ein gjennomgang av korleis regelverk og praksis slår ut for asylsøkjarar som oppgjev at dei er forfølgde på grunnlag av kjønn.

Prosjektet vart igangsett 15. august 2002. Regelverksrapport skal leverast i mars 2003. Det er venta at prosjektet vil vere fullført innan 1. juni 2003. Regelverksrapporten skal nyttast av utlendingslovutvalet, som skal utgreie og utarbeide forslag til ny utlendingslov innan 31. desember 2003.

I mandatet til utlendingslovutvalet er det i tillegg nedfelt at omsynet til likestilling skal varetakast i utlendingslova. Utlendingslova er kjønnsnøytral, men utvalet skal likevel greie ut om det er behov for å styrkje rettsstillinga til kvinner på utlendingsområdet, til dømes i samband med søknader om asyl eller om opphald på anna grunnlag.

#### *6.5.5. Familievald der overgriparen ikkje er norsk borgar*

Justis- og politidepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet sette våren 2002 ned ei arbeidsgruppe som skulle vurdere regelverk og praksis i saker som gjeld truslar og vald i familiar der overgriparen ikkje er norsk borgar. Bakgrunnen for dette var fleire eksempel på kvinner som var utsette for vald og truslar om vald frå utanlandske borgarar i Noreg.

Arbeidsgruppa leverte sitt bidrag i mai 2002, og føreslo at reglane om utvising av straffedømde og praktiseringa av desse reglane skulle vurderast endra, slik at dei som vert utsette for vald og trakassering får eit betre vern. Blant anna vart det føreslege å senke strafferamma for utvising. Vidare vart det føreslege å sjå nærare på reglane om utsett iverksetjing av vedtak når utlendingen er ein trussel for andre. Det vart òg føreslege å prioritere utlendingssaker der resultatet kan vere viktig for dei som vert utsette for vald og trakassering.

I oppfølginga av forslaga frå arbeidsgruppa vil omsynet til barnets beste og vernet av den fornærma stå sentralt, samtidig som rettstryggleiken til den som risikerer utvising skal varetakast. Tilhøvet til menneskerettskrav som er bindande for Noreg, vil bli vurdert. Endringar i lov og forskrift som følgje av forslaga frå arbeidsgruppa vil bli sende på høyring i løpet av 2003.

#### *6.5.6. Utvising*

Når utlendingsstyresmaktene vurderer å utvise ein utlending frå Noreg, skal det vurderast om utvisinga vil vere eit urimeleg tiltak overfor utlendingen sjølv eller den næraste familien. Den europeiske menneskerettskonvensjonens artikkel 8 om retten til familieliv og føresegnene i barnekonvensjonen blir vurderte i denne samanheng. Utlendingsstyresmaktene har fått spørsmål om utvising av utlendingar med born i Noreg. For å vere betre orientert om slike situasjonar tok Utlendingsdirektoratet i 2002 til med å registrere alle utvisingssaker der utlendingen har born i Noreg.

#### *6.5.7. Utvising – tiltak mot terrorisme*

På bakgrunn av tryggingsrådsresolusjon 1373 av 28. september 2001 vart norsk lovgjeving om utvising endra med verknad frå 28. juni 2002. Resolusjonen pålegg medlemslanda ei rekkje tiltak mot terrorisme.

Lovendringa inneber at utlendingar som er terroristar eller har tilknyting til terrorisme, kan utvisast frå riket sjølv om den aktuelle trusselen er

retta mot andre land og utlendingen ikkje er straffedømd for forholdet.

Kva som ligg i omgrepet terrorisme, går nærare fram av straffelova §§ 147a og 147b. Paragrafane dekkjer mellom anna det å utføre, gå i forbund om eller medverke til ei terrorhandling. Vidare fell finansiering av slike handlingar inn under lova.

Reglane om utvising på grunnlag av terrorisme gjeld for alle utlendingar, også dei som har varig opphaldsløyve i riket (busetjingsløyve) og utlendingar som er omfatta av EØS-avtalen.

#### *6.5.8. Einslege mindreårige flyktningar og asylsøkjarar*

I Noreg er einslege mindreårige fellesnemninga på alle born og unge under 18 år som kjem til landet utan foreldre eller andre vaksne med foreldreansvar i Noreg. Dette omfattar òg dei som kjem til landet i følgje med andre vaksne, for eksempel eldre sysken, tante, onkel, osv. Felles er også at dei enten er asylsøkjarar, har fått godkjent flyktningstatus, har fått negativt vedtak eller er gjevne opphaldsløyve på humanitært grunnlag. I 2002 kom det 894 einslege mindreårige til Noreg frå 61 ulike nasjonar. Dette er det høgste talet til no, langt høgre enn i 2001 då det kom 561 slike asylsøkjarar. Dei største gruppene kom frå Irak, Afghanistan, Somalia, Sri Lanka og Etiopia. Om lag 80 prosent er gutar, og dei fleste er mellom 16 og 18 år.

Ei rekkje tiltak er sette inn for å tryggje situasjonen for mindreårige flyktningar og asylsøkjarar. Mellom anna skal asylintervju gjennomførast snarast råd, og helst innan 14 dagar etter innreise. UDI har vidare tilsett ein person med barnefagleg kompetanse som skal ta del i arbeidet med å intervjue born. Det er òg utarbeidd faglege retningsliner for arbeidet med einslege mindreårige i mottak. Ved årsskiftet 2002/2003 vart det oppretta eit eige mottak for einslege mindreårige under 15 år. Når det gjeld busetjing, er målet at einslege mindreårige skal busetjast så fort som råd, og seinast tre månader etter at dei eventuelt har fått opphaldsløyve. I tillegg vert det satsa på å styrkje arbeidet med å spore opp foreldre eller andre omsorgspersonar. Justisdepartementet sette ned eit lovutval som skal revidere verjemålslova. Lovutvalet skal mellom anna vurdere om det er behov for særreglar for einslege mindreårige. Utvalet skal leggje fram si innstilling innan 1. juli 2003.

#### *6.5.9. Prosjekt for å utvikle modellar for kommunalt arbeid for einslege mindreårige*

I 1999 sette regjeringa i gang eit forskings- og utviklingsprosjekt for å utvikle modellar for kommunalt arbeid med einslege mindreårige flyktningar og asylsøkjarar. SINTEF/IFIM la fram sin rapport i februar 2002. Den oppsummerer erfaringane i seks kommunar gjennom to år, og føreslår fleire tiltak både på kommunalt og statleg nivå for å betre oppvekstvilkåra for einslege mindreårige. Mellom anna rår forskarane til at det alltid vert gjort ei barnevernfagleg vurdering av behova til den einslege mindreårige som kjem til ein kommune, før tiltak vert sette inn. Rapporten tilrår òg at staten gjev klarare signal til kommunane om å få hjelpeverjeordninga til å fungere. Det vert oppmoda om å involvere lokale frivillige organisasjonar og privatpersonar for å medverke til at den mindreårige kan skape eit sosialt nettverk. Styresmaktene bør også intensivere arbeidet med å få kontakt med eventuelle foreldre i opphavslandet med tanke på eventuell familiesamanføring. Regjeringa vil ta forslaga til tiltak med i arbeidet som er i gang for å betre situasjonen for dei einslege mindreårige.

#### *6.5.10. Flyktningar og "Prosjekt traumatisk stress"*

Innanfor rammene av "Prosjekt traumatisk stress", som er forankra i opptrappingsplanen, er



helsetenester til flyktningar som har vore utsette for brot på menneskerettane eitt av fleire satsingsområde. I løpet av 2002 har Sosial- og helsedirektoratet oversendt tilrådingar til Helsedepartementet om etablering av eit nasjonalt valds- og traumesenter. Forsking og kunnskapsutvikling om flyktningar som har vore utsette for brot på menneskerettane, og psykiske og somatiske følgjer av for eksempel tortur, vil vere ein del av arbeidet ved senteret. Ei prosjektgruppe med prosjektleiar utpeika av Helsedepartementet starta utgreiinga av mandat, organisering og forankring av eit slikt nasjonalt senter i desember 2002. Samtidig starta arbeidet med å styrkje den regionale kompetansen på vald og traume. Også her inngår kunnskapsutvikling og helsetenester til flyktningar som har vore utsette for brot på menneskerettane.

*6.5.11. Born med krigsopplevingar*

Undersøkingar viser at mange born som bur på asylmottak, har opplevd krig og krise og har ulike symptom og plager. Fleire har behov for profesjonell hjelp. Regjeringa vil gje betre traumebehandling til krigsskadde born i mottak og kommunar. Støtta til Senter for krisepsykologi vart vidareført i 2002 slik at senteret kan arbeide vidare med terapigrupper for born i asylmottak, foreldrerettleiing i samarbeid med foreldrerettleiarar i fylka og familiesamlingar for flyktningar. Senteret har sett i verk ulike former for undervisningsverksemd retta mot tilsette i barne- og ungdomspsykiatrien og i pedagogisk-psykologisk teneste om praktisk krisehjelp til born som har opplevd krig og krise. Barne- og familiedepartementet har i 2002 gjeve støtte til utarbeiding av ei arbeidsbok for flyktningborn,

som er ein effektiv metode for å kommunisere om vonde opplevingar frå krig, flukt osv. Boka skal brukast av fagfolk i samtale med born, og deretter brukast av foreldra til oppfølging. Ho vil bli ferdig i løpet av 2003.

#### *6.5.12. Styrking av barneverntenesta si rolle i arbeidet med einslege mindreårige asylsøkjarar og flyktningar*

Situasjonen for einslege mindreårige asylsøkjarar og flyktningar er omtala i St.meld. nr. 40 (2001-2002) Om barne- og ungdomsvernet, framlagd av Barne- og familiedepartementet i juli 2002. Det vert mellom anna konkludert med at dei økonomiske ordningane i samband med busetjing av einslege mindreårige dekkjer kommunane sine utgifter. I tillegg vert det slege fast at regjeringa ønskjer å styrkje barneverntenesta si rolle i arbeidet med einslege mindreårige og at det bør gjerast barnevernfaglege vurderingar før tiltak vert sette i verk. På bakgrunn av dette vart det i 2002 sett i gang eit arbeid for å styrkje kompetansen i barneverntenesta. Barne- og familiedepartementet starta eit arbeid med å gje ut ei rettleiing om rutinar, prosedyrar og metodar i arbeidet med å 1) vurdere, 2) godkjenne og 3) følgje opp busetjing hos slekt og/eller i fosterheim. I tillegg vart det sett i gang eit arbeid med å tilpasse opplæringsprogrammet for fosterforeldre, PRIDE, til minoritetsetniske fosterforeldre.



# 7 Økonomi og arbeidsliv

### 7.1. Samfunnsansvar i næringslivet – CSR

Samfunnsansvar i næringslivet er eit tema som står på dagsordenen i stadig fleire forum og samanhengar. Samfunnsansvar i næringslivet, eller "Corporate Social Responsibility" (CSR), dreiar seg om ansvar og innsikt hos næringslivet på områda menneskerettar, arbeidstakarrettar, miljøvern og forretningsskikk.

I 2001 vart den såkalla uttrekksmekanismen for Statens petroleumsfond etablert. Uttrekksmekanismen skal sikre at fondet ikkje investerer i strid med norske folkerettslege avtalar, mellom anna i form av internasjonale konvensjonar som Noreg er part i. Det er lagt til grunn at investeringar i selskap med verksemd som er omfatta av FN-konvensjonane om antipersonellminer og kjemiske og biologiske våpen kan vere i strid med folkeretten. Vidare kan det ikkje utelukkast at investeringar i selskap med verksemd som er omfatta av FNs barnekonvensjon artikkel 34 og 35 om seksuell utnytting av born eller ILO-konvensjon nr. 182 om barnearbeid, kan vere i strid med folkeretten.

Finansdepartementet har gjeve det svenske selskapet Caring Company i oppdrag å gå systematisk gjennom porteføljen til Statens petroleumsfond med sikte på å identifisere selskap med slik verksemd. Den første gjennomgangen vil bli gjort på grunnlag av fondsplasseringane ved utgangen av 2002. Kongen oppnemnde 18. oktober 2002 eit utval som skal føreslå etiske retningsliner for Statens petroleumsfond. Utvalet skal leggje fram sin rapport innan juni 2003. På grunnlag av mellom anna høyringsfråsegner og rapporten frå utvalet vil regjeringa leggje saka fram for Stortinget i revidert nasjonalbudsjett 2004.

Olje- og energidepartementet vedtok 19. desember 2002 å endre forskrift om Statens petroleumsforsikringsfond, fastsett av Nærings- og energidepartementet 13. desember 1996 med heimel i lov 30. mai 1986 nr. 23 om Statens petroleumsforsikringsfond § 7, jf. Kgl. res. 6. september 1996. Forskrift om Statens petroleumsforsikringsfond § 6 lyder etter dette slik:

> *"Fondet skal ikke være plassert i verdipapirer som Finansdepartementet har utelukket fra Statens Petroleumsfond, jf. forskrift av 3. oktober 1997 nr. 1078 om forvaltning av Statens petroleumsfond § 9."*

Nærings- og handelsdepartementet har på si side delteke aktivt i menneskerettsarbeidet til regjeringa når dette har rørt ved departementet sitt ansvarsområde. Dette gjeld spesielt problemstillingar knytte til næringslivets sosiale ansvar ved engasjement i utlandet. Arbeidet omfattar mellom anna deltaking i Kompakt og andre forum som til dømes BBUs CSR-nettverk, GIEK, Eksportrådet og INTSOK, der problemstillingar knytte til samfunnsansvar har vore diskuterte med næringslivet.

Menneskerettssituasjonen utgjer ein del av det politiske risikobiletet i eit land, og er dermed ein av mange faktorar som vert tekne med i dei risikovurderingane som m.a. vert utførte av GIEK. På denne bakgrunnen vert det arbeidd for ei mest mogeleg tenleg integrering av menneskeretts-omsyn ved eksportfinansiering, mellom anna på grunnlag av miljøretningslinene GIEK har utarbeidd. GIEK praktiserer sine miljøretnings-liner slik at det vert teke omsyn til sosiale forhold i miljøvurderingane. Noreg er elles ein pådrivar i eksportkredittgruppa i OECD for å utvikle felles retningsliner innanfor eksportfinansiering som kan redusere omfanget av korrupsjon.

Utanriksdepartementet definerte samfunnsansvar i næringslivet som eit viktig innsatsområde i handlingsplanen for menneskerettar. Alt i 1998 vart Kompakt oppretta som eit konsultativt organ for menneskerettar og norsk økonomisk engasjement i utlandet. Under leiing av UD samlar Kompakt framleis deltakarar frå næringsliv, fagrørsle, arbeidsgjevarorganisasjonar, menneskerettsorganisasjonar og styresmakter. Mens Kompakt tidlegare var organisert som arbeidsgrupper som produserte ein skriftserie om CSR, søkjer UD no å etablere Kompakt som eit rundebord som skal debattere og kaste lys over aktuelle tema og der deltakarane informerer kvarandre om kva som rører seg på CSR-feltet. I Kompakt vert det fokusert på CSR internasjonalt. Kompakt hadde tre møte i 2002. Desse dreia seg om CSR-utfordringar ved næringsverksemd i Kina og Angola og om korleis bedrifter kan vurdere kva konsekvensar nærværet og verksemda deira får for samfunnet - Human Rights Impact Assessment.

UD ønskjer å medverke til å auke den faktiske kunnskapen om CSR. Difor er det gjeve støtte til ulike forskingsprosjekt innanfor CSR ved ECON, FAFO og PRIO.

ECON (Centre for Economic Analysis) har gjennomført eit større pilotprosjekt om CSR. Pilotprosjektet har blant anna resultert i:

- ein hovudrapport om CSR-verktøy og oppfylling av samfunnsansvar i bedriftene
- ein rapport om internasjonale CSR-mekanismar
- ein rapport som drøftar kor effektive dei aktuelle reiskapane for CSR-sertifisering og CSR-ranking er
- eit notat som drøftar motivasjonen for CSR-engasjement i bedriftene, mellom anna i lys av aktuell kritikk mot CSR-konseptet
- ein rapport om CSR-verkemiddel i krig og konflikt (utarbeidd i samarbeid med forskingsstiftinga FAFO)

Forskingsstiftinga FAFO leier eit prosjekt som skal kartleggje samanhengar mellom lovlege og ulovlege næringsaktivitetar og væpna konflikt. Forskingsprosjektet har konsentrert seg om områda diamantar, bank og finans, tropisk tømmer, olje og gass, våpensal og privatiserte tryggings-tenester.

I samarbeid med FN-universitetet i Tokyo er PRIO i gang med eit større prosjekt om samfunnsansvar hos bedrifter i konfliktsoner og i område der menneskerettane vert brotne. Prosjektet har ei filosofisk tilnærming til kva bedriftsansvar er og kvar grensene for dette ansvaret kan dragast. I samarbeid med NHO har PRIO utarbeidd ei sjekkliste for bedrifter som opererer i konfliktsoner.

Sosialt ansvar i næringslivet må vere frivillig. Eit viktig insitament for næringslivet til å leggje arbeid i dette er kor stor merksemd feltet får. UD ønskjer ved sitt engasjement å auke denne merksemda.

Støtta til FNs Global Compact vart vidareført i 2002. Global Compact arbeider for å påverke næringslivet til å ta ansvar når det gjeld

menneskerettar, arbeidstakarrettar og miljø. Global Compact vart til etter initiativ frå generalsekretær Kofi Annan i 1999.

Arbeidstakarrettar og samfunnsansvar i næringslivet var tema i menneskerettsdialogen mellom Noreg og Kina. Under rundebords-konferansen om menneskerettar i Beijing sommaren 2002 var LO og NHO sentrale deltakarar. Næringsliv og samfunnsansvar var også tema for det plurilaterale symposiet om menneskerettar i 2002. Det plurilaterale symposiet blir arrangert i samarbeid mellom Canada, Kina og Noreg og samlar deltakarar frå mange asiatiske land. Noreg leidde debatten om næringslivets samfunnsansvar, og LO og NHO var med i den norske delegasjonen.

Norske styresmakter vart i 2002 deltakarar i prosessen "Voluntary Principles on Security and Human Rights". Dette er eit sett retningsliner for bruk av tryggingspersonell i næringslivet. Retningslinene gjeld risikoanalysar som selskap utfører og korleis dei bruker offentleg og privat tryggingspersonell. Retningslinene vart utarbeidde i 2000 av representantar for britisk og amerikansk UD, representantar for store internasjonale menneskerettsorganisasjonar som Amnesty International og Human Rights Watch og representantar for utvinningsindustrien. Sidan den tid er Nederland komne med på den statlege sida saman med Noreg. Norsk Hydro og Statoil er med i prosessen frå og med januar 2003. For Norsk Hydro og Statoil inneber dette at dei må praktisere retningslinene i det daglege arbeidet. I plenums-møtet i januar i år vart det vedteke at ein også skulle sjå på verksemder i Angola.

Britane tok i 2002 initiativ til eit arbeid som ein håpar vil munne ut i ein internasjonal "code of conduct" om utvinningsindustriens forteneste i utviklingsland. Initiativet går under namnet "Extractive Industries Transparency Initiative". I korte trekk går det ut på at styresmakter, selskap, internasjonale organisasjonar og institusjonar, i tillegg til ikkje-statlege organisasjonar, saman skal formulere eller etablere retningsliner for innsyn i kva utvinningsindustrien betaler inn til landa dei opererer i. Initiativet er også meint å medverke til større innsyn i statsrekneskapane til oljerike eller mineralrike land. Noreg har uttrykt støtte til dette arbeidet, som førebels er i ein svært tidleg fase.

OECD spelar ei viktig rolle på dette feltet, og har utarbeidd ei erklæring om internasjonale investeringar som til no har fått oppslutnad frå i alt 37 land. I juni 2002 vart det halde årsmøte for dei nasjonale kontaktpunkta (NCP) der erfaringane med gjennomføringa av retningslinene vart drøfta. I samband med årsmøtet blei det halde eit rundebordsseminar om retningslinene og forsyningskjeda ("supply chain"), der det vart fokusert på problemstillingar rundt selskapsansvar når det gjeld val av underleverandørar for å sikre at etiske standardar vert etterlevde.

NORAD har innleidd eit samarbeid med NHO om oppfølging og kartlegging av samarbeidet mellom frivillige organisasjonar og næringslivet om sosialt ansvar i utviklingsland. I samanheng med dette utførte forskingsinstitusjonen CMI ein studie som gav oversikt over eksisterande samarbeid og retningsliner og peika på utsikter og avgrensingar på dette feltet. Støtte til Landsorganisasjonens arbeid i Kina, mellom anna utgjevinga av ei bok i samarbeid med kinesisk LO om erfaringar i norsk fagforeiningsarbeid, kan òg tene som eksempel. Boka kom ut på kinesisk i eit opplag på 3 500 i november i fjor. Det kan òg nemnast at regjeringa gav støtte til Handelshøyskolen BI for å utvikle utdanningssamarbeid med Kina om god forvaltning. Prosjektet kom i gang etter at statsminister Bondevik gjesta Kina i januar 2002.

Også Miljøverndepartementet engasjerer seg i samfunnsansvar i næringslivet, særleg i samband

med kampen mot ulovleg og ikkje-berekraftig hogst av tropisk tømmer. I tillegg til dei miljømessige sidene av saka har omsynet til urfolk og anna lokalbefolkning som lever i og av slike skogar vore avgjerande for engasjementet. Noreg har følgt denne saka i relevante internasjonale forum, særleg i partsmøtet for konvensjonen om biologisk mangfald i Haag i 2002. Der blei det etter svært aktiv innsats frå Noreg vedteke eit nytt og utvida arbeidsprogram for biologisk mangfald i skog. Omsynet til urfolk og anna lokalbefolkning fekk ein framtredande plass i dette programmet. Også i arbeidet før og under FN-konferansen for berekraftig utvikling (WSSD) i Johannesburg hadde saka høg profil. Under partsmøtet i Washington-konvensjonen om handel med trua artar (CITES) i Chile nyleg røysta Noreg for eit forslag om å føre opp mahogni på lista over artar som det skal førast skjerpa kontroll med når det gjeld handel. Det er òg teke direkte initiativ overfor næringsliv og offentleg verksemd.

### 7.2. Barnearbeid

Spørsmålet om barnearbeid har stått sentralt på den internasjonale dagsordenen dei seinare åra. Fleire FN-institusjonar med ILO og UNICEF i spissen har vist stort engasjement på dette området.

Noreg har saman med ei rekkje andre land dei seinare år oppfordra til eit nært samarbeid mellom ulike internasjonale organisasjonar som UNICEF, ILO og Verdsbanken når det gjeld kamp mot barnearbeid. Vi har den seinare tida sett konkrete resultat mellom anna i form av fleire samarbeidsprosjekt.

Noreg ratifiserte i 2001 ILO-konvensjonen om dei verste formene for barnearbeid. Konvensjonen pålegg dei som ratifiserer snarast mogeleg å forby dei verste formene for barnearbeid, medrekna slavearbeid og andre former for tvangsarbeid, kommersiell seksuell utnytting og arbeid som utset born for ulykkes- eller helsefare. Alt i 2002 hadde meir enn 150 av ILO-medlemsstatane ratifisert denne konvensjonen. Den nye konvensjonen er eit viktig supplement til andre konvensjonar som barnekonvensjonen og ILO-konvensjonen om krav til minstealder.

Ved konferansen om barnearbeid som vart halden i Oslo i 1997, erklærte regjeringa at 200 millionar kroner skulle setjast av til kamp mot barnearbeid over ein periode på fire år. Midlane skulle nyttast til tiltak i UNICEF, Verdsbanken, UNESCO og ILO og i det bilaterale utviklingssamarbeidet. Overfor UNICEF, UNESCO og Verdsbanken er krava innfridde. Når det gjeld ILO, vil dei siste aktivitetane med grunnlag i vedtaket frå 1997 bli finansierte i 2003.

Noreg forplikta seg i 1997 til å støtte barnearbeidsprosjekta i ILO med 66 millionar kroner over fire år. Prosjekta vart sette i gang i 1999. Dei fleste prosjekta vart avslutta i 2002, men støtte til eit stort statistikkprosjekt og eit fagforeiningsprosjekt er framleis i funksjon i 2003. Aktivitetane i regi av ILO er i stor grad utdanningsrelaterte.

I 2002 støtta Noreg det globale UNICEF-programmet for kamp mot barnearbeid, mellom anna ei delevaluering av programmet. Dei 10 millionar kronene som er indikerte for 2003, er allokerte til organisasjonens heilskaplege satsing på å verne born mot vald, utnytting og diskriminering. Dette omfattar kamp mot barnearbeid. Også dei 155 millionar kronene som for 2003 er sette av til utdanning for jenter, kan relaterast til kamp mot barnearbeid. UNICEF-tiltaka har elles i all hovudsak eit utdanningselement i seg.

Norsk støtte til Verdsbanken er òg utdanningsrelatert. Vidare har FAFO motteke 1,5 millionar kroner over to år for å etablere status for

målsetjingane og tiltaka som er etablerte i handlingsplanen frå konferansen om barnearbeid i Oslo 1997. Desse midlane skal òg finansiere ein studie av handel med born i Vest-Afrika. Organisasjonen Defence for Children International (DCI) fekk 500 000 kroner i januar 2002 for perioden 2001-2003.





# 8 Familieliv, kvinner og born

Kvinner har det same menneskerettsvernet som menn, i alle fall i teorien. I praksis viser det seg ofte at menneskerettssituasjonen for kvinner er langt verre enn for menn. Dette er bakgrunnen for etableringa av ein eigen menneskerettstraktat for kvinner og for ei lang rekkje tiltak som Noreg set i verk nasjonalt og internasjonalt. Tiltaka vil ofte vere samansette og gjennomgripande.

Innsatsen i Bangladesh, der arbeid for å fremje rettsstillinga til kvinner er det største innsatsområdet for Noreg, kan tene som eksempel. Andre sentrale og meir indirekte innsatsområde i dette landet er kamp mot handel med born og kvinner, støtte til tiltak for betre oppvekst- og levekår for gateborn og arbeid for å sikre fattige rett til jord. Noreg støttar elles etablering av ein menneskerettskommisjon og organisasjonar som bruker media som eit verkemiddel til å fremje menneskerettar.

Støtta til Malawi kan òg trekkjast fram. Noreg gjev her støtte til ein lovkommisjon som skal gjennomgå lovverket og komme med forslag til reformer, modernisering og endringar i gjeldande lovverk. Den norske støtta knyter seg til kommisjonens arbeid med reformer innan lovgjeving som verkar inn på rettane til kvinner og born. Område som vert vurderte er familielovgjeving, arverett og lov om kvinners politiske representasjon. Eit viktig ledd i dette arbeidet er at kommisjonen også analyserer tradisjonell rett og praksis som har konsekvensar for kvinner, og kjem med forslag til omlegging og styrking av formell lovgjeving på feltet. Lovkommisjonen driv òg utstrekt opplæring og bevisstgjering av publikum, offentleg forvaltning og politikarar når det gjeld lovforståing, tolking og handheving av lovverket.

## 8.1. Menneskehandel

Handel med kvinner og born utgjer grove krenkingar av menneskeverdet og alvorlege menneskerettsbrot. Kvart år blir fleire hundre tusen kvinner og born nye offer for vår tids slavehandel. Kampen mot handel med kvinner og born vart for alvor sett på dagsordenen i 2002, og arbeidet med å hjelpe og støtte ofra er no i gang. Vidare vart arbeidet med ein nasjonal handlingsplan mot handel med kvinner og born høgt prioritert. Noreg har hatt ei aktiv rolle i internasjonale forum, og har delteke i eit internasjonalt samarbeid for å førebyggje, avdekkje og straffeforfølgje denne forma for kriminell verksemd.

Justisdepartementet sende i desember 2002 på høyring eit nytt straffebod mot menneskehandel. Med dette oppfyller Noreg krava etter FN-protokollen om å førebyggje, slå tilbake og straffe handel med menneske, særleg kvinner og born. Protokollen supplerer FN-konvensjonen om grenseoverskridande organisert kriminalitet.

Føresegna vil kunne vere med på å ramme bakmennene som legg til rette for at menneske kan utnyttast til for eksempel prostitusjon eller tvangsarbeid. Det same høyringsnotatet presenterer forslag som vil gjere det mogeleg for Noreg å ratifisere FN-konvensjonen om grenseoverskridande organisert kriminalitet.

I 2002 vart det sett i verk fleire tiltak for å redusere etterspørselen som skaper ein marknad for handel med menneske. Mellom anna vart det vedteke å innføre etiske retningsliner som forbyr statstenestemenn å kjøpe og ta imot seksuelle tenester. Vidare har Forsvaret utarbeidd liknande reglar for forsvarspersonell i teneste i utlandet. Hausten 2002 støtta fleire departement ein kampanje mot kjøp av sex frå mindreårige under utanlandsopphald. Kampanjen vart sett i verk av reiselivsnæringa og Redd Barna/ECPAT Norge.

Noreg deltek i internasjonale forum for politi- og justissamarbeid, der kampen mot menneskehandel er særleg prioritert. Dette gjeld mellom anna Interpol (arbeidsgruppa mot handel med kvinner for seksuell utnytting og arbeidsgruppa mot overgrep mot mindreårige), Europol, Baltic Sea Task Force, Schengen-samarbeidet og samarbeid med Russland.

Eit rettsbasert utviklings- og prosjektsamarbeid er retta inn mot dei grunnleggjande årsakene til menneskehandel. Sentralt i det førebyggjande arbeidet står kvinner og borns rett til utdanning, jord, eigedom og kapital. Noreg har aktivt støtta og initiert førebyggjande arbeid mot handel med kvinner og born i dei baltiske landa, på Balkan, i Moldova, Sentral-Europa og Sentral-Asia, blant anna gjennom opplysningsarbeid og politiopplæring. Arbeidet har gått føre seg i internasjonale organisasjonar og frivillige organisasjonar, gjennom EU, Nordisk ministerråd, Austersjørådet, Europarådet, Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE), Stabilitetspakta for Søraust-Europa og NORAD. Nokre få eksempel på prosjektsamarbeid som Noreg starta opp i 2002, er:

- IOMs (International Organisation on Migration) informasjonskampanje mot menneskehandel i Romania, retta mot skuleborn, polititenestemenn og den rumenske kyrkja
- IPAGs (Institute of Gender Applied Policies) assistanse til offer for menneskehandel som sit varetektsfengsla i Tirana, Albania
- UNICEFs psykososiale hjelp til repatrierte offer for menneskehandel, bevisstgjerings- og informasjonskampanjar, koordinering mellom statlege institusjonar og frivillige organisasjonar, drift av ein SOS-telefon, kursing av politieininga for organisert kriminalitet og betring av sjansane til utdanning for jenter i Makedonia
- IOMs assistanse til offer for menneskehandel gjennom rettsleg rådgjeving, medisinsk utgreiing, transport til heimlandet, kapasitetsbygging for nasjonale styresmakter og lokale NGO-ar, opphaldsstader ("shelter") for offer for menneskehandel i Makedonia
- Interpols arbeid i Moldova for å betre kommunikasjon og samarbeid med andre land i førebygging av kriminalitet, også menneskehandel.

## 8.2. Likestilling

### *8.2.1. Endringar i likestillingslova*

Endringane i likestillingslova som regjeringa gjorde framlegg om i Ot.prp. nr. 77 (2000-2001), vart vedtekne 14. juni 2002. Endringane vil kunne medverke til ei styrking av likestillingsarbeidet framover. Vernet mot diskriminering på grunn av graviditet og utnytting av permisjonsrettar som berre gjeld for det eine kjønnet, er forsterka ved at det ikkje er tillate å ta omsyn til ulemper for arbeidsgjevaren som følgje av dette.
Likelønsregelen er gjort klarare ved at høvet til å samanlikne på tvers av faggrenser og tariffavtalar

kjem klart fram. Det er òg teke inn i lovteksten sentrale moment som skal telje med i vurderinga av om arbeid er av lik verdi. Det er innført objektivt erstatningsansvar og delt bevisbyrde ved brot på dei krava lova stiller til tilsetjingar og arbeidsforhold. Vidare er det innført ei føresegn som pålegg arbeidsgjevarar, utdannings-institusjonar og organisasjonar å førebyggje seksuell trakassering innanfor verksemda. Plikta til å arbeide for likestilling er skjerpa, og utvida frå å gjelde offentlege styresmakter til også å omfatte private arbeidsgjevarar og organisasjonane i arbeidslivet. Offentlege styresmakter og offentlege og private bedrifter er òg pålagde å rapportere om tilstanden når det gjeld likestilling i verksemda. Retten til positiv særbehandling av kvinner ved opptak til utdanning er utvida for å gje rom for radikal kjønnskvotering.

Regjeringa vedtok å fremje forslag til krav om at kvart kjønn skal vere representert med minst 40 prosent i styra i statsføretak, statsaksjeselskap, særlovføretak og allmennaksjeselskap. Dersom næringslivet greier å oppfylle målsetjinga på frivillig grunnlag innan 2005, vil lova ikkje bli sett i verk her.

### *8.2.2. Vald og seksuelle overgrep mot kvinner og born – krisesentra si rolle*

Det vert arbeidd jamt med oppfølging av handlingsplanen retta mot vold og overgrep som særleg råkar kvinner (2000-2002). Det er vedteke at arbeidet skal vidareførast, og Justis-departementet koordinerer dette. Det er oppretta eit "Kvinnevaldsforum" under leiing av Justis-departementet. Som ledd i arbeidet med å synleggjere vald mot kvinner som eit alvorleg kriminalitetsproblem og stimulere til debatt om korleis omfanget av denne valden kan reduserast, er det òg oppretta eit kvinne-valdsutval.

Utvalet skal:
- kartleggje korleis det offentlege apparatet møter kvinner som har vore utsette for vald og overgrep
- vurdere i kva grad dagens tilbod varetek det samla behovet for bistand denne gruppa har, også med tanke på om det dekkjer behovet til særleg utsette grupper som minoritetskvinner, funksjonshemma kvinner og eldre kvinner
- vurdere behovet for å styrkje dei praktiske hjelpetilboda og føreslå eventuelle endringar
- vurdere krisesentra si rolle, særskilt med sikte på å styrkje kvaliteten på tilbodet til brukarane, inkludert til born
- vurdere om det er behov for ei lovfesting av krisesentra og om det i den samanheng vert avdekt andre problem som bør løysast.

### *8.2.3. Behandling for EFTA-domstolen av sak om øyremerking av vitskaplege stillingar*

EFTA- overvakningsorganet ESA mottok i august 2000 ei klage mot Noreg som gjaldt øyremerking av vitskapelege stillingar for kvinner ved Universitetet i Oslo. Det vart hevda at ordninga med øyremerking var i strid med rådsdirektiv 76/207/EØS (det såkalla likebehandlings-direktivet), og dermed i strid med dei pliktene Noreg har etter EØS-avtalen.

Då relativt få kvinner i Noreg har leiande stillingar innan akademia, trass i at Noreg gjennom ei årrekkje har hatt mange kvinner blant dei som tek høgre utdanning, var det – og er det – viktig med ulike tiltak for å rekruttere fleire kvinner til vitskaplege stillingar. Ein måte å gjere det på har vore å bruke kvoteringstiltak ved å øyremerkje stillingar i ein periode for å få i gang ei endring.

ESA meinte at denne ordninga var i strid med EØS-avtalen. Noreg hevda det motsette synet, altså at universitets- og høgskulelova og ordninga med

øyremerking av vitskaplege stillingar for kvinner ikkje var i strid med EØS-avtalen. Regjeringa viste blant anna til tidlegare praksis når det gjeld tolkinga av likebehandlingsdirektivet, og til at Noreg òg er traktatforplikta etter ILO-konvensjon nr. 111 og FNs kvinnekonvensjon. Desse pålegg medlemslanda ei plikt til å setje i verk effektive tiltak for å fremje likestilling. Då øyremerking av vitskaplege stillingar har vore eit viktig verkemiddel i likestillingsarbeidet innan akademia, var det viktig for Noreg å få prøvd denne saka. Sidan Noreg stod fast på sitt syn, stemnde ESA Noreg inn for EFTA-domstolen i april 2002.

#### *8.2.4. FNs kvinnekonvensjon i norsk rett*

Barne- og familiedepartementet arbeidde i 2002 med innlemminga av kvinnekonvensjonen i norsk rett. Som part i kvinnekonvensjonen er Noreg forplikta til å levere jamlege rapportar om tiltak som er gjennomførte og om framgang i oppfyllinga av konvensjonskrava. Rapportane vert leverte til overvakingsorganet for kvinnekonvensjonen, CEDAW-komiteen. Noreg leverte sin 5. rapport, som omfattar perioden 1994-1997, i mars 2000. Den 6. rapporten vart levert i mai 2002 og omfattar perioden 1998-2001. Noreg vart eksaminert i begge desse rapportane i januar 2003.

Tilleggsprotokollen til kvinnekonvensjonen etablerer individuell klagerett for kvinner som meiner at rettane deira etter konvensjonen er krenkte, i tillegg til å gje CEDAW-komiteen ein viss kompetanse til på eiga hand å setje i verk undersøkingar av om ein konvensjonspart bryt konvensjonen. Noreg ratifiserte tilleggsprotokollen 5. mars 2002.

#### *8.2.5. Internasjonale tiltak*

Arbeidet med å fremje menneskerettane til kvinner internasjonalt vart vidareført i 2002. I Hovudforsamlinga, i kvinnekommisjonen og i menneskerettskommisjonen i FN vart det frå norsk side lagt vekt på kvinnene sine menneskerettar i innlegg og i arbeidet med resolusjonar og andre dokument.

Samarbeidet med Institutt for kvinnerett ved Universitetet i Oslo vart vidareført i 2002. Formålet med dette arbeidet er å byggje opp, styrkje og vidareutvikle kompetanse i kvinnerett og menneskerettar ved universitet og undervisningsinstitusjonar i utviklingsland.

Noreg er ein vesentleg bidragsytar til FNs befolkningsfond (UNFPA). Det vart uttrykt tilslutnad til arbeidet med å framheve den innsatsen organisasjonen gjer for å fremje reproduktive rettar. Ei rekkje andre internasjonale tiltak er sette i verk, mellom anna i Pakistan, der Noreg har finansiert den førebuande lokalvalprosessen, menneskerettskommisjonen og program retta mot å få fleire kvinner inn i politiske verv. Det er no lovfest at 30 % av alle lokalt valde representantar skal vere kvinner. Den norske støtta til Ethiopian Women Lawyers Association (EWLA) er òg eit godt eksempel. Noreg stod bak opprettinga av eit internasjonalt gjevarkonsortium til EWLA som har skaffa organisasjonen eit solid fundament for å fremje likestillingsperspektivet i det lite egalitære etiopiske samfunnet. EWLA driv eit allsidig arbeid med å påverke lovgjevingsprosessar, er aktive i rettsleg rådgjeving for kvinner, arbeider med kjønnslemlestingsspørsmål og driv omfattande opplæring i kvinnerettsspørsmål m.m. Dette arbeidet i Etiopia vert supplert med støtte til kvinnerettssopplæring ved Universitetet i Addis Abeba. Eit tredje eksempel er støtta til eit prosjekt i Nicaragua som gav hjelp til nærare 30 000 offer for vald i heimen. Ofra fekk hjelp på 13 politistasjonar og 41 senter drivne av organisasjonar. Bevisstgjering og kompetanseheving blant tilsette er ein del av prosjektet. Andre tiltak har vore støtte til ein studie om eigedomsrett for kvinner i Uganda og til ein nigeriansk

menneskerettsorganisasjon for blant anna å sjå på kvinneaspekt ved innføringa av sharialovgjeving i enkelte delstatar i Nigeria.

### 8.3. Kjønnslemlesting

To millionar jenter blir kvart år utsette for kjønnslemlesting. Norske styresmakter har i 2002 intensivert innsatsen for å avskaffe dette grove overgrepet, som er ei alvorleg krenking av dei grunnleggjande rettane til born og kvinner.

Regjeringa la i desember 2000 fram ein handlingsplan mot kjønnslemlesting som skal gå over tre år. Planen ligg føre på norsk, somalisk, engelsk og fransk. Dei fleste tiltaka i planen vert følgde opp gjennom det nasjonale prosjektet "OK - Omsorg og kunnskap mot kvinnelig omskjæring". Våren 2002 la Samarbeidsregjeringa fram eit program med 33 punkt for oppfølging og vidare utvikling av handlingsplanen.

I 2002 vart det oppretta ei nettside med informasjon om arbeidet mot kjønnslemlesting. Vidare er det gjennomført ein informasjonskampanje i skulen og ein aksjon på Gardermoen som ein del av kampanjen "Si Nei" i regi av Ungdomsforeningen Fadime. Det er ytt støtte og rådgjeving til ein kampanje i regi av AMIKO (Afrikanske menn mot kvinneleg omskjering), og det vert ytt faste bidrag til diverse lokale tiltak, informasjon og kunnskapsutvikling. Det er etablert samtalegrupper for ungdom og vaksne kvinner i regi av OK-prosjektet, og Helsedepartementet har sett ned eit team for oppfølging av fleire tiltak, særleg implementering av Helsetilsynets rettleiing for helsepersonell. Vidare er det gjennomført kurs for ca. 35 personar frå aktuelle innvandrargrupper i heile landet som ønskjer å drive informasjonsarbeid i eigne miljø. Det er òg etablert lokale nettverk i 6 fylke. NORAD har teke initiativ til nettverk blant organisasjonar i Noreg som arbeider med temaet som ein del av sitt bistandsarbeid. I november 2002 var ein tillempa norsk versjon av den danske filmen "La oss tale sammen" ferdig. Filmen har somalisk tale med norske undertekstar og handlar om somaliarar som arbeider for å stanse den gamle tradisjonen med å omskjere jenter, og informerer om norsk lovgjeving.

Noreg gjer sitt til å halde temaet på dagsordenen i internasjonale forum, og har vore ein aktiv pådrivar for utvikling av normer og effektiv gjennomføring av desse. I det norske hovudinnlegget i FNs menneskerettskommisjon i 2002 understreka utanriksminister Jan Petersen at æresdrap, kjønnslemlesting og tvangsekteskap er praksis som må fordømmast internasjonalt. Tilsvarande vart temaet teke opp frå norsk side i FNs kvinnekommisjon, og det blei følgt opp under hovudforsamlinga i FN om hausten. NORAD har gått inn i ein deltakande prosess med norske frivillige organisasjonar og forskarar på området. Det er ytt støtte til lokale organisasjonar i Etiopia og Uganda, og midlar er løyvde til blant andre Kirkens Nødhjelp og Redd Barna. Gjennom styrking av menneskerettane, støtte til lokale organisasjonar og auka tilgang til utdanning har Noreg vilja medverke til kulturell endring og til auka livskvalitet og betre helse for jenter og kvinner. Multilateralt vart det gjeve vesentleg støtte til UNICEF og UNFPA.

### 8.4. Tvangsekteskap

Regjeringa la i desember 1998 fram ein handlingsplan mot tvangsekteskap som gjekk fram til 31. desember 2001. Ei interdepartemental gruppe har følgt arbeidet. Planen omfatta ca. 40 tiltak, og dei fleste tiltaka er gjennomførte som planlagt. Arbeidet på dette området er langsiktig, og tiltaka vart følgde opp av regjeringa med framlegginga av eit nytt program våren 2002 som omfattar 30 nye tiltak. Sentralt står krisehjelp til ungdom, endringar i regelverk, tiltak innan

utdanningssektoren, kompetanseheving, informasjon, haldningsskapande arbeid og internasjonalt samarbeid.

Det er utarbeidd informasjonsmateriell for ungdom, foreldre og offentleg tilsette. Materialet er gratis, er breitt distribuert og vert no sendt ut på førespurnad. Midlar til arbeid som organisasjonane gjer i enkeltsaker som gjeld ungdom i krise, er vidareførte i 2002, og ei rekkje organisasjonar har fått midlar til informasjonstiltak, haldningsskapande arbeid, rådgjeving og rettleiing for å førebyggje tvangsekteskap. Informasjonstelefonen om tvangsekteskap vart vidareført i 2002. Fleire av dei større byane er i gang med å etablere kompetanseteam eller rådgjevingsgrupper. Arbeidet med å rette på busituasjonen for ungdom i krise er i gang. Kurs for offentleg tilsette er haldne i Oslo, og det vil bli gjennomført kurs i andre større byar i 2003. Det er halde seks regionale konferansar for tilsette ved statlege asylmottak om arbeid mot tvangsekteskap.

Utdannings- og forskingsdepartementet har sendt ut eit eige temahefte om tvangsekteskap til alle skular og bede om at temaet blir drøfta. Det er gått ut brev til skular og kommunar om å følgje opp saker der elevar uteblir frå skulen og der det er mistanke om tvangsekteskap. Det er vidare starta opp eit arbeid med å gjere fleirkulturell forståing til tema i lærarutdanninga og helse- og sosialarbeidarutdanninga og ved vaksenopplæringsinstitusjonane. Det er starta eit arbeid ved familievernkontora og helsestasjonane for å gje dei tilsette auka kunnskap om tvangsekteskap. Innanfor foreldrerettleiingsprogrammet er det sett i verk forsøk med foreldrerettleiingsgrupper for foreldre med innvandrarbakgrunn ved nokre skular. Hausten 2002 blei det gjennomført ein nordisk konferanse i Oslo for erfaringsutveksling om arbeidet mot tvangsekteskap.

For å synleggjere og effektivisere kampen mot tvangsekteskap er det viktig å ha ei tydeleg og effektiv straffelovgjeving. Justisdepartementet har difor gjort framlegg om at det i straffelova § 222 om tvang vert gjort klart at å tvinge nokon til å inngå ekteskap kan rammast av straffebodet, og at den skjerpa strafferamma på 6 års fengsel kan bli brukt ved slik tvang. Vidare går forslaget ut på at det alltid skal vere offentleg påtale i saker om tvang (§ 222) og truslar (§ 227). Samtidig skal det etter forslaget bli straffbart å inngå ekteskap eller partnarskap med nokon under 16 år. Medverknad skal òg vere straffbart. Strafferamma blir etter framlegget sett til 4 års fengsel.

Etter Justisdepartementets syn er det ein sterk indikasjon på at eit ekteskap er inngått ved tvang når minst ein av ektefellane er yngre enn 16 år. Men etter departementets syn er det straffverdig å leggje til rette for slike ekteskap sjølv om partane samtykkjer. Straffebodet er meint å gjelde også når ekteskap er inngått i utlandet, så sant vedkommande er norsk statsborgar eller på annan måte heimehøyrande i Noreg. Forslaga følgjer opp dei punkta Justisdepartementet har ansvar for i tiltaksprogrammet om tvangsekteskap frå april 2002.

### 8.5. Born

Menneskerettane til born er verna gjennom dei generelle menneskerettskonvensjonane, som FN-konvensjonane om sivile og politiske rettar og om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar, men òg gjennom FNs spesialkonvensjon frå 1989 om rettar for born. Til ein viss grad inneheld barnekonvensjonen dei same rettane som dei førstnemnde konvensjonane, men på mange område er barnekonvensjonen meir fokusert på born si stilling og tek også opp tilhøve som ikkje er regulerte i dei andre konvensjonane. Mange av dei barneretta tiltaka som regjeringa sette i verk i 2002, har ei side som gjeld den sosiale og helsemessige situasjonen til born.



I juni 2002 la regjeringa fram St.meld. nr. 39 (2001-2002) Oppvekst- og levekår for barn og ungdom i Norge. Målet er å medverke til ein barne- og ungdomspolitikk som skaper ein trygg, meiningsfull og utviklande kvardag for fleire. Eit hovudperspektiv er born og ungdom som ressurs. Born og unge, og deira kreativitet, skapartrong, evne til kritisk tenking, verdival, engasjement og medverknad, er ein ressurs for samfunnet. Eit anna viktig perspektiv i meldinga er styrking av foreldreansvaret.

Regjeringa la i juli 2002 fram St.meld. nr. 40 (2001-2002) Om barne- og ungdomsvernet. Meldinga gjev ein samla gjennomgang av barne- og ungdomsvernet i Noreg og inneheld om lag 70 forslag til tiltak. Tidleg og god hjelp til born og familiar er viktig for å førebyggje problemåtferd, mishandling og omsorgssvikt. Det vert argumentert for ei dreiing av barne- og ungdomsvernet mot meir førebyggjande familiearbeid, slik at foreldra og miljøet omkring, som er den viktigaste ramma rundt oppveksten, får høve til å løyse oppgåvene først. Samtidig vert omsynet til barnets beste sett på som grunnleggjande.

*8.5.1. FNs spesialsesjon om born*

Både regjeringa og ei rekkje frivillige organisasjonar deltok aktivt i førebuingane til og gjennomføringa av FNs spesialsesjon om born 8.-10. mai 2002. Regjeringa utarbeidde ein nasjonal rapport, "Policy relating to children and young people in Norway – status and challenges at the beginning of a new decade", som vart distribuert under spesialsesjonen. Som ledd i det norske førearbeidet vart det løyvd midlar til eit medverknadsprosjekt i regi av Forum for barnekonvensjonen, Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU) og Redd Barna. Målet har vore å innhente erfaringar og å synleggjere tilhøva for born og unge i spesielle livssituasjonar; unge i flyktning- og asylmottak, born med funksjonshemming, born som har vore

utsette for seksuelle overgrep og born i kontakt med barnevernet og med utekontakten. Som resultat av prosjektet ligg boka ”Hallo – er det noen der?” føre på norsk og engelsk. Prosjektet vart presentert og boka distribuert i eit sidearrangement om born og deltaking under spesialsesjonen i FN i mai 2002.

*8.5.2. Arbeidet med FNs barnekonvensjon*

Barne- og familiedepartementet starta i 2002 arbeidet med den tredje norske rapporten til FN om barnekonvensjonen (skal leverast i 2003). Som ledd i arbeidet er det satsa på at born og unge skal medverke i rapporteringsprosessen. Barneombodet har teke initiativ til prosjektet ”Livet under 18” (2002) i samarbeid med Forum for barnekonvensjonen, Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar og Barne- og familiedepartementet. Målet med prosjektet er mellom anna å spreie kunnskap og skape engasjement om barnekonvensjonen og å involvere ulike grupper born og unge i den norske rapporteringa til barnekomiteen i FN.

*8.5.3. Born og medium*

Tiltaka som regjeringa la fram i tiltaksplanen Barn, unge og Internett (2001), er under kontinuerleg utvikling for å gje born, unge og familiar eit tidsmessig, breiare og meir målgruppetilpassa tilbod. Eit sekretariat for tiltaksplanen vart i 2002 etablert i Statens filmtilsyn. Dei viktigaste tiltaka i planen går ut på å opprette eit sentralt koordineringsorgan, opprette eit ressurssenter på Internett (http://www.saftonline.org/), utvikle og publisere ein foreldreguide for Internett, utvikle informasjon til bruk for nett- og tenesteleverandørar, utvikle regelverk for internettenester retta mot born, tilby publikum tipslinjer for ulovleg innhald på Internett, styrkje lovarbeid og informasjonstiltak for kamp mot barnepornografi og styrkje kunnskapsgrunnlaget om born, unge og Internett. (Sjå også kap. 4.2.)

*8.5.4. Born og medverknad*

Rundt tre fjerdedelar av kommunane i landet har oppretta eit medverknadsorgan for born og ungdom, dvs. barne- og ungdomsråd, ungdomens kommunestyre eller liknande. I åtte fylke er det oppretta ungdomens fylkesting. I 2002 blei det etablert ein database med opplysningar om slike organ for born og ungdom. Tanken er å stimulere til nettverksbygging. Informasjons- og erfaringsformidling overfor kommunane er framleis viktig for å stimulere til at born og ungdom får reell medverknad i saker som vedgår dei.

Noreg arrangerte ein europeisk konferanse for ungdomsrepresentantar og nasjonale styresmakter hausten 2002. Sluttdokumentet frå konferansen er presentert for nordiske og europeiske statsrådar med ansvar for barne- og ungdomspolitikk. Slagordet frå konferansen er også blitt godt kjent i enkelte internasjonale forum: ”Nothing about us without us”.

Ungdomens demokratiforum (1998-2001) fremja vel 70 forslag om blant anna auka elevmedverknad, auka representasjon av ungdom i råd og utval, skolerte politikarar, auka valdeltaking og styrking av lokaldemokratiet. Framlegga er behandla i St.meld. nr 39 (2001-2002) Oppvekst- og levekår for barn og ungdom i Norge. Som eit ledd i arbeidet med å betre oppvekstmiljøet vart det hausten 1998 sett i gang eit utviklingsprogram for styrking av oppvekstmiljøet. Målet er å styrkje og vidareutvikle dei lokale oppvekstmiljøa gjennom eit breitt samarbeid mellom offentlege og frivillige krefter. Sentralt står å gje born og unge eit betre utganspunkt for deltaking, medverknad og meistring. Samtidig skal innsatsen mot vald, mobbing, rus, kriminalitet og rasisme i barne- og ungdomsmiljøa styrkjast.

*8.5.5. Borns rett til å bli høyrde*

Etter barnekonvensjonen artikkel 12 skal det ut frå alder og modningsgrad leggjast rimeleg vekt på

kva barnet meiner. I samband med innarbeiding av barnekonvensjonen i norsk rett vil det bli føreslege å endre barnevernlova slik at aldersgrensa for barnets rett til å seie si meining i barnevernsaker vert sett ned frå 12 år til 7 år. Også yngre born skal få rett til å seie si meining dersom dei er gamle nok og modne for det. Same endringa vil bli føreslegen i adopsjonslova. Det vil òg bli føreslege endringar i forvaltningslova og tvistemålslova som vil gje born sterkare rett til å bli høyrde.

Regjeringa har i Ot.prp. nr. 29 (2002-2003) Om endringer i barneloven m.v. føreslege at aldersgrensa for når eit barn skal ha uavgrensa rett til å uttale seg i saker som vedgår det sjølv, vert sett ned frå 12 år til 7 år. Det er venta at denne senkinga av aldersgrensa særleg vil få følgjer i saker for domstolane der det er tvist om kvar barnet skal bu fast eller ved tvist om samvær. Grunngjevinga for endringa er at ei senking av aldersgrensa vil vere eit godt verkemiddel for å sikre at fleire born vert høyrde i praksis. Dagens regel om at det frå 12-års alder skal leggjast stor vekt på kva barnet meiner, vil etter framlegget stå ved lag.

Tryggleik og kompetanse i hjelpeapparatet når det gjeld å samtale med born og unge, er viktig for å skape tillit mellom fagpersonar og barnet og for at fagpersonar skal få større innsikt i korleis barnet lever. Barne- og familiedepartementet har løyvd midlar til forskingsprosjektet "Barn som blir plassert utenfor hjemmet – risiko og utvikling" (1998-2002). Prosjektet omfattar ei kartlegging av 109 born i alderen 6-12 år som i løpet av ein bestemt tidsperiode vart plasserte utanfor heimen. Erfaringane frå prosjektet vil bli formidla til fagfeltet gjennom artiklar i ulike tidsskrifter, som artikkel i ein bok om plasseringar i barnevernet og gjennom munnleg formidling på møte og konferansar. Departementet vil setje i gang arbeidet med å lage eit eige temahefte med rettleiing om samtalar med born i 2003.
Barne- og familiedepartementet har òg løyvd pengar til utgjeving av temaheftet "Å se barn, lytte til barn og samtale med barn" i regi av barnevernets utviklingssenter i Nord-Noreg. Heftet var ferdig hausten 2002.

*8.5.6. Seksuelle overgrep mot born*

Prioriterte tiltak i arbeidet mot seksuelle overgrep mot born gjekk i 2002 ut på oppbygging av tverrfaglege nettverk i helseregionane og på å auke kompetansen. Eit prosjekt under leiing av Statens Helsetilsyn hadde hovudansvaret for dette arbeidet. Sosial- og helsedirektoratet tok over ansvaret for vidareføring av prosjektet i desember 2002.

Etter initiativ frå Barne- og familiedepartementet og Utdannings- og forskingsdepartementet vart det laga ei rettleiing i krisehandtering ved mistanke om seksuelle overgrep mot born med ein tilsett som overgripar. Rettleiinga blei publisert i desember 2002 (Q-1047). Målgrupper er primært barnehagar, skular og barneverninstitusjonar.

Med seksuell utnytting av born er meint barnepornografi og barneprostitusjon, eventuelt i tilknyting til menneskehandel med born eller såkalla barnesexturisme. Aktuelle departement vidareførte arbeidet mot denne typen utnytting. Ein kunnskapsstatus om ungdom som sel seksuelle tenester i Noreg kom ut i 2002 (NOVA, Rapport 5/02). Barne- og familiedepartementet gav i 2002 også støtte til ein nordisk konferanse om barnesexturisme og seksuell utnytting av mindreårige. I samarbeid med andre departement og Statens filmtilsyn vart det ytt støtte til ein tiltaksplan for sikrare bruk av Internett, der kamp mot barnepornografi er ei av dei høgst prioriterte målsetjingane. Den norske tiltaksplanen kan sjåast i samanheng med eit liknande samarbeidsprosjekt med andre land (Sverige, Danmark, Island, Irland), der Statens filmtilsyn er koordinator og som fekk tilsegn om støtte frå EU i 2002.

Innanfor rammene av Austersjørådet vart IT-huset for born i risikosona vidareutvikla i 2002. IT-huset dannar eit nettverk mellom styresmakter, kompetansesenter, ulike fagmiljø, organisasjonar og andre som er engasjerte i problemstillingane. Fokus for arbeidet var opphavleg konsentrert om seksuell utnytting og seksuelle overgrep mot born, men rettar seg òg mot andre kategoriar utsette born og unge i regionen.

#### *8.5.7. Familievald, privat vald i heimen – situasjonen for born*

Barne- og familiedepartementet gav i 2002 ut planen ”Kompetansetiltak for familievernet”. Eit definert satsingsområde er kompetanseheving i høve til familiar med høgt konfliktnivå. Dette gjeld særleg ved mekling. Det skal òg setjast i gang kompetansetiltak for utsette familiar med mishandlings-, valds- og rusproblematikk.

#### *8.5.8. Internasjonale tiltak*

Spørsmålet om kva rettar born skal ha, er dei seinare åra komme høgt opp på den internasjonale dagsordenen. Konvensjonen om rettane til born vart vedteken av hovudforsamlinga i FN 20. november 1989 og tok til å gjelde 2. september 1990. Med 191 konvensjonspartar er dette den FN-konvensjon på menneskerettsområdet som har størst tilslutnad. Konvensjonen omfattar sivile og politiske, sosiale og kulturelle rettar. Konvensjonen har ei generell føresegn der det heiter at omsynet til barnet skal vere overordna når det gjeld behandlinga av born. Andre viktige prinsipp er ikkje-diskriminering og at born skal ha rett til å bli høyrde i saker som vedgår dei. Etter konvensjonen er born alle under 18 år så sant ikkje myndig alder er lågare.

For Noreg er arbeidet med å fremje rettane til born eit prioritert tema. Noreg er tradisjonelt medforslagsstillar til resolusjonane om barnerettar i Hovudforsamlinga og menneskeretts-kommisjonen i FN, og deltek særleg aktivt i forhandlingane om kapitla som gjeld rettane til born, om born og væpna konflikt og om barne-arbeid. Noreg har delteke aktivt i arbeidsgruppene som har utarbeidd tilleggsprotokollane om bruk av barnesoldatar, sal av born, barneprostitusjon og barnepornografi. Noreg deltok òg svært aktivt i forhandlingane om sluttdokumentet for FNs spesialsesjon om born, som vart avvikla i New York i mai 2002. Formålet med spesialsesjonen var å vurdere kva som er oppnådd på 1990-talet og å bli samde om prioriteringar for born i det neste tiåret.

Barnerettar står i fokus i mange av dei norske bistandsprosjekta, særleg når det gjeld retten til utdanning. Eksempelvis støtta Noreg prosjekt i Zimbabwe som har fokus på desse rettane. Mellom anna har ein gjennom landsbyprosjekt prøvd å få landsbyar til å ta hand om foreldrelause born og såleis fremje interessa for rettane deira. Likeins vert det ytt støtte til eit overvakingsprogram i Sør-Afrika for å kartleggje korleis styresmaktene følgjer opp temaet. Organisasjonen IDASA får tilskot til å produsere og publisere gjennomgangen av ”The Children’s Budget”, der det sørafrikanske statsbudsjettet vert analysert med tanke på korleis det verkar inn på rettane og levekåra til born. Den norske innsatsen på Balkan har eit anna preg. Her vert det ytt støtte til kapasitetsoppbygging innan menneskerettsarbeid for born (mellom anna gjennom barneombodsordningar).

### 8.6. Familieliv

Retten til respekt for familielivet er mellom anna verna gjennom FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar frå 1966 og Europarådets menneskerettskonvensjon frå 1950. Retten til å gifte seg og få born er verna i dei same konvensjonane, men i eigne føresegner. Begge desse sidene har stått i fokus for den norske menneskerettsinnsatsen i 2002.



*8.6.1. Likestilling mellom foreldre med omsyn til offentlege overføringar*

Ny barnetrygdlov vart vedteken av Stortinget i februar 2002. Lova tok til å gjelde 1. januar 2003. Den nye lova er utforma på ein meir kjønnsnøytral måte enn den gamle, der barnetrygda langt på veg stod fram som ei morsordning. Barnetrygda går automatisk til mora, men etter den nye lova vil det ikkje vere noko i vegen for at barnetrygda kan utbetalast til faren dersom foreldra vil det.

*8.6.2. Likestilling mellom sambuarar og gifte med omsyn til farskap og foreldreskap*

I NOU 1999: 25 Samboerne og samfunnet vart ble det føreslege ei endring i barnelova som gjev sambuande foreldre felles foreldreansvar på grunnlag av ei erklæring om at barnet er deira felles barn og at dei vil ta seg av det i fellesskap. Etter gjeldande lov er det berre ektefellar som automatisk har felles foreldreansvar for felles born. Dessutan er det berre den mannen mora er gift med ved fødselen, som automatisk vert rekna som far til barnet. Regjeringa arbeidde i 2002 med ei familiemelding til Stortinget, der mellom anna framlegga frå sambuarutvalet vil bli behandla. Familiemeldinga skal etter planen oversendast Stortinget i vårsesjonen 2003.

*8.6.3. Farskap*

Regelverket for endring av farskap er endra i 2002. Endringa går i hovudsak ut på at vilkår og fristar for å reise sak om endring av farskap vert fjerna. Etter endringa vil barn, mor, far og ein mann som meiner at han er far til eit barn, i alle tilfelle ha rett til å reise sak om endring av farskap. I tillegg blir det høve til å ta opp att ei sak som er avgjort utan at det er utført DNA-analyse av partane. Hovudgrunngjevinga for endringa er at det er viktig for born å få kjennskap til sitt biologiske opphav så tidleg som mogeleg. Lovendringa vil tre i kraft 1. april 2003.



# 9 Krig og konflikt

Krig og konflikt set menneskerettsvernet på store prøver. Her kan det vere tale om direkte krenkingar frå styresmaktene si side, eller det kan vere overgrep mot befolkninga frå andre partar og dermed eit spørsmål om manglande evne hos styresmaktene til å tryggje individa. Tiltak for å sikre og fremje menneskerettane i situasjonar med krig og konflikt vil difor ofte måtte skje i samarbeid med ulike – og konkurrerande – partar, og tiltaka må femne svært vidt.

Situasjonen i Det palestinske området kan tene som eksempel. Tilhøva her vart dramatisk forverra etter at intifadaen braut ut i september 2000. I 2002 gjekk utviklinga frå vondt til verre. Valden frå begge sider bryt med den mest fundamentale menneskeretten: retten til liv. Den israelske gjenokkupasjonen har skapt særleg store behov for sikring og trygging i Det palestinske området, i tillegg til auka behov for internasjonal humanitær bistand. Sidan 1997 har ein internasjonal observatørstyrke under norsk leiing stått i byen Hebron, dessverre utan å kunne gjere livet tilstrekkeleg trygt for dei palestinske innbyggjarane. I tillegg til å støtte dei krisehjelpsprogramma palestinarane sjølve står bak, yter Noreg støtte via Røde Kors, FN og frivillige organisasjonar. Palestinarane utgjer den flyktninggruppa i Midtausten som lengst har vore hindra i vende tilbake. Noreg støttar difor FAFO i arbeidet med kunnskapsinnhenting og utarbeiding av datagrunnlag over flyktningane som ei førebuing til sluttstatusforhandlingar. I tillegg er Noreg største gjevar per innbyggjar til FNs eigen hjelpeorganisasjon for flyktningane – UNRWA.

Noreg tek jamleg opp forholda i Nord-Kaukasus i bilaterale politiske samtalar med russiske styresmakter, og likeins i multilaterale samanhengar som OSSE, FN og Europarådet. Forutan brot på menneskerettane i samband med valdsbruk og overgrep i Tsjetsjenia, tyder rapportar på at fordrivne tsjetsjenarar som oppheld seg i naborepublikken Ingusjetia vert utsette for press for å vende tilbake, ofte til ein situasjon der dei ikkje kan garanterast eit trygt liv. Noreg har i 2002 løyvd ca. 20 millionar kroner, hovudsakleg gjennom norske frivillige organisasjonar, for å lette den humanitære situasjonen i området.

Burma kan karakteriserast som eitt av dei landa i Asia der menneskerettssituasjonen er mest graverande, med ei sivilbefolkning som vert utsett for grove overgrep frå militærregimet. Noreg gav mellom anna støtte til Røde Kors i arbeidet for politiske fangar og til det fredsbyggjande arbeidet som Shalom Foundation driv mellom dei ulike etniske grupperingane.

Forsoning kan seiast å vere motstykket til krig og konflikt, og vil ofte vere ein føresetnad for at freden kan bli varig. Noreg gjev difor støtte til forsoningsprosessar verda over, som for eksempel i Guatemala. Her er Noreg gjennom OAS

(Organisation of American States) delaktig i eit nasjonalt forsoningsprogram som går ut på å førebyggje og handtere konfliktar gjennom ikkje-valdelege mekanismar. Prosjektet var ei direkte oppfølging av fredsprosessen, og har sidan det vart sett i gang etablert seg som ein sentral institusjon i dialog og konfliktløysingsprosessar. I Aust-Timor støttar Noreg ei spesialeining for brotsverk mot mennesket (Serious Crimes Unit), oppretta i 2000 i regi av FN, som har ansvar for rettsoppgjera etter overgrepa i 1999. Sanningskommisjonen (Commission on Reception, Truth and Reconciliation), som skal dokumentere mindre alvorlege overgrep mellom 1974 og 1999, får òg støtte frå Noreg. Kommisjonen arbeider i tillegg med integrering av flyktningar som vender tilbake frå Vest-Timor og med å fremje lokale forsoningstiltak. Innsatsen i Nepal kan òg nemnast. I lys av konflikten der har Noreg delteke aktivt i den lokale "Peace Support Group" under leiing av FNs utviklingsprogram (UNDP). UNDP forvaltar eit fond som yter støtte til lokale organisasjonar som driv fredsfremjande arbeid. Noreg har støtta menneskerettskommisjonen i Nepal sidan han vart oppretta i 2000. Gjennom UNDP støtta Noreg kommisjonen med kompetanseutvikling, i tillegg til at ein i samarbeid med andre gjevarar har støtta det overvakingsarbeidet kommisjonen driv. Noreg har òg medverka til årboka som handlar om menneskerettsovergrep (Human Rights Yearbook). Støtta til prosjekt som fremjar dialog og forsoning mellom ulike folkegrupper på Vest-Balkan, kan òg trekkjast fram. Dette omfattar støtte til Nansen Dialog Senter og til interreligiøst samarbeid. Det vert dessutan ytt støtte til menneskerettsopplæring og til å styrkje det sivile samfunnet, blant anna gjennom støtte til lokale NGO-ar, nasjonale Helsingfors-komitear og internasjonale organisasjonar.

### 9.1. Tryggleik for individet (HSN)

Noreg og Canada etablerte i 1998 det såkalla Lysøen-samarbeidet, som sidan har fått namnet Human Security Network (HSN). Nettverket er eit uformelt og fleksibelt forum for drøfting av konkrete tema innanfor feltet "human security" (tryggleik for individet / fridom frå frykt), og omfattar 13 land.

Arbeidsforma for nettverket er årlege minister-møte som vanlegvis varer i ein til to dagar, og der den eine delen vanlegvis er reservert ministrane og ein annen del har deltaking også frå etablerte ekspertar på dei aktuelle temaa. I tillegg er det vanleg at ministrane møtest til ein arbeidsfrukost i samband med hovudforsamlinga i FN. Nettverket har i 2002 halde innlegg innanfor relevante temaområde i mellom anna Tryggingsrådet, Hovudforsamlinga og menneskerettskommisjonen i FN og i OSSE.

### 9.2. Vern av sivile i væpna konflikt

Den humanitære folkeretten inneheld ei rekkje føresegner om vern av humanitært personell og humanitære hjelpesendingar, og forpliktar statane overfor sivilbefolkningar ramma av krig og konflikt. For Noreg har det vore ei utfordring å minne medlemslanda i FN om dette og i størst mogeleg grad å sjå til at desse føresegnene blir etterlevde av alle partane i væpna konfliktar, også interne. Det har vore viktig for Noreg å sikre at spesielt utsette grupper som kvinner, born og eldre får sine spesielle behov vurderte i samband med utforminga av mandat for fredsbevarande styrkar, og at desse behova blir eksplisitt nemnde i alle aktuelle resolusjonar. Særleg har vi på norsk side vore opptekne av situasjonen for born i væpna konfliktar.

Vern av sivile i konfliktsituasjonar har vore ein viktig leietråd for Noreg, mellom anna i Tryggingsrådet i FN. Under den norske

formannskapen i mars 2002 vedtok Tryggingsrådet ei presidentfråsegn (S/PRST/2002/6) der det er lagt ved eit norskinitiert dokument (Aide Memoire) som inneheld alle verne- og menneskerettsføresegner som frå før er vedtekne i resolusjonar og presidentfråsegner. Dette dokumentet er viktig for å sikre institusjonelt minne og som eit konkret hjelpemiddel for å vareta omsynet til sivile ved fornying og utarbeiding av mandat for fredsoperasjonar.

Ved utgangen av 2002 låg det føre to viktige rapportar frå FN-sekretariatet på området vern av sivile: ein om born i væpna konflikt og den tredje i rekkja om sivile i væpna konflikt. Temaa har samanheng med kvarandre, men er ikkje identiske. Noreg tok eit leiaransvar for å utarbeide eit vegkart til rapportane der det går fram kven som har ansvar for å gjere kva i nærare definerte situasjonar. Frå norsk side vart arbeidet med å koordinere vedtak om oppfølging prioritert. Noreg har halde ein høg profil i Tryggingsrådet i spørsmål om vern av sivile under krig og konflikt, og vil framleis arbeide aktivt med problemstillinga.

Noreg tok initiativ til etablering av ei vennegruppe i New York, der problemstillingar i samband med vernearbeidet vil bli drøfta i ein krins av interesserte statar. Dette blant anna for å sikre at arbeidet med vern av sivile i væpna konflikt vert ståande på saklista til Tryggingsrådet. Noreg vil ha hovudfokus på ytterlegare operasjonell oppfølging av dei verne- og menneskerettsføresegnene som no er nedfelte i resolusjonar og presidentfråsegner.

### 9.3. Born i væpna konflikt

Det er gjennomført visse endringar i heimevernslova og vernepliktslova med tilhøyrande forskrifter som eit ledd i arbeidet for å leggje til rette for norsk ratifikasjon av ein tilleggsprotokoll til FNs barnekonvensjon om born i væpna konflikt (som vart vedteken i mai 2000). Desse endringane, som tok til å gjelde 1. juli 2002, inneber eit absolutt forbod mot tvangsrekruttering av born under 18 år til militærteneste, både i fredstid, under beredskap og i krigstid. Vidare omfattar endringane eit forbod mot frivillig rekruttering av personell under 18 år til opplæring og deltaking i stridsrelatert verksemd. Målet med endringane er å sikre at personar under 18 år ikkje i noko tilfelle kan delta i ein eventuell væpna konflikt.

### 9.4. Økonomisk agenda i krig

I ein konflikt har mange ofte ein økonomisk dagsorden som kan gjere til at konflikten får ein eigen dynamikk og såleis varer ved. Målretta tiltak mot konfliktvarer og -finansiering kan ha positiv verknad i samband med internasjonal krisehandtering (til dømes bruk av sanksjonar). Noreg har ønskt å utvide og effektivisere verkemiddelapparatet til Tryggingsrådet. Vi har difor arbeidd for meir fleksible tiltak – direkte retta mot økonomiske drivkrefter i konflikt og for å utvikle strategiar til å avverje konflikt.

### 9.5. Flyktningar og internt fordrivne

Tre hovudsaker sette sitt preg på Noregs internasjonale engasjement for å styrkje menneskerettssituasjonen for flyktningar i 2002: arbeidet for eit sterkare internasjonalt vern av flyktningar, tiltak mot overgrep overfor kvinner og jenter i flyktningleirar og behovet for betre dekking av dei grunnleggjande materielle behova til flyktningar.

Noreg deltok svært aktivt i dei globale konsultasjonane om internasjonalt vern i regi av FNs høgkommissær for flyktningar (UNHCR), som førte fram til eit omfattande handlingsprogram (Agenda for Protection) for å betre vernet av flyktningar. Gjennom dei omfattande

konsultasjonane vart det stadfesta at flyktningkonvensjonen av 1951 (med tilhøyrande protokoll av 1967) framleis gjeld, og dermed også det grunnleggjande prinsippet om "non-refoulement", at ingen kan returnerast til område der liv eller tryggleik vil vere i fare. Dette er viktig for å kunne sikre retten til å søkje asyl i ei tid då det krevst ekstra innsats for å halde asylsystema intakte i kampen mot overbelastning og misbruk.

Vern av flyktningar er framleis kjernen i UNHCR-mandatet. Men handlingsprogrammet set dagsordenen for ein atskilleg breiare og meir offensiv innsats ikkje minst for å finne varige løysingar på flyktningsituasjonar. Noreg har lagt stor vekt på at det er uhaldbart at flyktningar blir sitjande år ut og år inn i leirar med lita eller inga von om ei betre framtid. Det er opplagt behov for større merksemd om gløymde flyktningsituasjonar og ein brei innsats for å skape dei vilkåra som er nødvendige for å kunne avvikle desse. Ut frå ønsket om å hjelpe flest mogeleg har ein på norsk side støtta høgkommissærens tilnærming til lokale løysingar og uttrykt vilje til å medverke i denne samanhengen.

Skuldingar om seksuelle overgrep mot kvinner og born i flyktningleirar i Vest-Afrika førte til større kunnskap om behovet for eigne vernetiltak i løpet av 2002. Det var svært graverande at skuldingane vart retta mot humanitært personell som i utgangspunktet skulle hjelpe og sikre særleg dei mest utsette av flyktningane. Noreg var blant dei som først tok sterk avstand frå slike "grovt umoralske, fullstendig utilgjevelege og totalt utolelege" handlingar, slik det vart uttrykt i det norske innlegget i UNHCRs faste komité 5. mars 2002. Noreg medverka til at UNHCR og andre humanitære organisasjonar stadfesta sin nulltoleranse overfor slike handlingar. Vi arrangerte eit internasjonalt seminar om vern av flyktningkvinner og -jenter i Oslo januar 2002. Ønsket var å framheve både den viktige ressursen som kvinnene representerer og den utsette situasjonen dei opplever i flyktningtilværet. Målsetjinga frå norsk side har vore å gjere heile det humanitære miljøet betre klar over dette, også leiinga av store og mannsdominerte organisasjonar som UNHCR.

I tillegg til utfordringane på verneområdet kom problema med å skaffe tilstrekkeleg materiell bistand til naudlidande flyktningar til å stå sentralt i det internasjonale flyktningarbeidet i 2002. Særleg siste halvåret opplevde UNHCR ei finansiell krise som gjekk ut over dekkinga av grunnleggjande materielle behov hos flyktningar. Difor er det avgjerande å skape eit meir solid finansieringsgrunnlag for UNHCR. Som ein av dei største bidragsytarane til UNHCR i absolutte tal, og den desidert største per innbyggjar, har Noreg vore eit godt føredøme på internasjonalt medansvar. Noreg har teke til orde for at UNHCR må bli betre finansiert over det faste FN-budsjettet i tråd med dei opphavlege føresetnadene, og at gjevarlanda må samordne seg betre og ta større ansvar for å finansiere budsjettet som dei har vore med på å vedta. Dette blir sentrale spørsmål i ein nødvendig reformprosess.

Internt fordrivne lever i eige land, og er difor i utgangspunktet ikkje omfatta av det internasjonale vernet som folkeretten gjev flyktningar. Noreg har i ei årrekkje arbeidd for auka merksemd om dei mange millionane internt fordrivne for å sikre at menneskerettane deira vert oppfylte. Gjennom politisk og økonomisk støtte til spesialrepresentanten for internt fordrivne, som sorterer under generalsekretæren i FN, og til Flyktningerådets database over internt fordrivne og vidare gjennom opplærings- og opplysningsarbeid har Noreg vore med på å skape aksept for at internt fordrivne ikkje skal vere overlatne til styresmaktene i eigne land og deira evne og vilje til å gje vern og hjelp. Også i 2002 kunne ein spore framgang, mellom anna i form av auka aksept for



spesialrepresentantens tilrådingar om internt fordrivne.

### 9.6. Humanitære standardar

Enkelte menneskerettskonvensjonar er slik oppbygde at statane kan gjere inngrep i visse rettar dersom landet er i krig eller annan naudsituasjon. Nokre rettar, som retten til liv og forbodet mot tortur, kan ikkje avgrensast sjølv under slike forhold. Retten til å gjere inngrep må sjåast i samanheng med andre folkerettslege regelsett som tek sikte på å verne individa ved krig og væpna konflikt. Det er likevel slik at nokre saker fell mellom dei to typane regelsett, kanskje fordi statane ikkje har slutta seg til konvensjonane eller fordi den faktiske situasjonen ikkje kjem inn under relevante føresegner. Dette er bakgrunnen for arbeidet med å fastslå såkalla grunnleggjande humanitære standardar, som skal gjelde i alle land og i alle situasjonar.

Noreg har sidan 1995 vore hovudforslagsstillar i FNs menneskerettskommisjon om grunnleggjande humanitære standardar. Noreg ønskjer på denne måten å rette søkjelyset mot den vanskelege stillinga menneskerettane kjem i under krig og konflikt. Det har vore utarbeidd ei lang rekkje rapportar om dette til menneskerettskommisjonen, og ein ventar no på ein konsolidert rapport til kommisjonsmøtet i 2004. Denne rapporten vil kunne peike ut målsetjingar og verkemiddel framover.

### 9.7. Den internasjonale straffedomstolen (ICC)

Den internasjonale straffedomstolen (ICC) tredde i funksjon 1. juli 2002 etter at over 60 statar hadde

ratifisert domstolsvedtektene (Roma-vedtektene). Det første statspartsmøtet i ICC vart halde i New York 3.-10. september 2002. Det herskar ingen tvil om Noregs fulle støtte til domstolen og målsetjingane med denne. Noreg har spela ei pådrivarrolle i forhandlingane og i førebuingane til den praktiske etableringa og oppbygginga av domstolen i Haag. Noreg var mellom anna det første landet som gav økonomisk støtte til det frivillige FN-fondet for ICC. Under partsmøtet ratifiserte Noreg som einaste stat avtalen om privilegium og immunitet for domstolen. I og med at ICC er oppretta gjennom ein traktat og dermed ikkje er eit FN-organ, er iverksetjinga av denne avtalen heilt vesentleg for drifta av domstolen.

Etableringa av domstolen er banebrytande i straffeforfølginga av grove krigsbrotsverk, folkemord og brotsverk mot menneskeslekta, og er ein milepel i folkeretten. Samanlikna med etablering av nye domstolar i kvart enkelt tilfelle, vil det internasjonale samfunnet med dette få vesentleg kortare reaksjonstid. Kortare reaksjonstid vil innebere meir truverdig avskrekking mot masseovergrep og medverke til langsiktig fred og forsoning etter konflikt. Med ein permanent institusjon vil dei enkelte statane dessutan lettare vite kva dei har å rette seg etter.

Ei rekkje statar har innarbeidd prinsippa for å kunne etterleve krava frå domstolen og samarbeide med denne, og fleire er i ferd med å gjere det. Domstolskonseptet inneber eit svært avgrensa inngrep i statssuvereniteten. Kvar stat får framleis hovudansvaret for å straffeforfølgje dei alvorlegaste brotsverka. Det er berre når statar ikkje vil ta dette ansvaret alvorleg, eller ikkje er i stand til det, at domstolen kjem inn i biletet (komplementaritetsprinsippet). Noreg arbeidde difor aktivt i 2002 for å sikre tilslutnad til domstolen. I 2002 ratifiserte 37 nye statar statuttane for domstolen.

### 9.8. Særleg om fredsprosessen på Sri Lanka

Noreg har lang erfaring frå fredsprosessar i mange delar av verda. I 2002 var det særleg fredsforhandlingane på Sri Lanka mellom Tamiltigrane (LTTE) og srilankiske styresmakter som var i fokus. Noreg er nøytral tilretteleggjar for forhandlingane. Tre forhandlingsrundar vart gjennomførte i 2002 og fleire er planlagde i 2003.

Drøfting av menneskerettsspørsmål har ein sentral plass i fredsprosessen. I tredje forhandlingsrunde i desember 2002 vart partane einige om grunnprinsipp for ei politisk løysing. Partane slo fast at menneskerettar vil vere eit viktig element i ein endeleg fredsavtale og eit nytt politisk system. Partane var òg samde om å drøfte vern av menneskerettar under prosessen.

Begge partar erkjenner at spesielt born i nord og aust på Sri Lanka har vore hardt ramma av den væpna konflikten mellom LTTE og styresmaktene i Sri Lanka. LTTE har i samband med dette sagt seg villig til å samarbeide med UNICEF om å utarbeide ein handlingsplan for born som er ramma av den væpna konflikten i nord og aust. Planen vil omfatte tiltak for å stoppe rekruttering av mindreårige til dei militære avdelingane i LTTE. LTTE har forplikta seg til å stoppe all rekruttering av born under 18 år, og har starta prosessen med å sende personar under 18 år tilbake til foreldra. Planen inneheld òg tilbod om rehabilitering, mellom anna helsetilbod, tilbod om skulegang og anna opplæring.

Partane sette ned ein underkomité for kvinnespørsmål i desember 2002 for å sikre at fredsprosessen tek omsyn til kvinners behov og rettar. Partane har også avtalt å samarbeide med Røde Kors (ICRC) om å utvikle ein verifikasjonsmekanisme for personar som er sakna i kamp og for ufrivillige forsvinningar.

### 9.9. Særleg om fredsprosessen i Sudan

Etter frigjeringa i 1956 har Sudan i lange periodar vore herja av borgarkrig. Over to millionar menneske har mist livet og meir enn fire millionar menneske er internt fordrivne. I store delar av Sør-Sudan har leveforholda vore svært vanskelege med uventa og valdelege aksjonar både frå de dei regulære militære styrkane og militsar. Den manglande sivile stabiliteten har ført til store problem m.a. for den lokale matvareproduksjonen. Svolt og vanskelege ernæringsforhold har vore utbreidd i fleire regionar. Fleire internasjonale tiltak har over lengre tid vore sette i verk for å etablere fred i Sudan.

Den austafrikanske organisasjonen Inter-Governmental Authority on Development (IGAD) tok våren 2002 initiativ til fredsforhandlingar mellom regjeringa og opprørarane i Sudan People's Liberation Movement/Army (SPLMA) i Sør-Sudan. Noreg har delteke i forhandlingane som observatør saman med m.a. USA, Storbritannia og Italia. Det har vore god framgang i fredsforhandlingane. Partane har som målsetjing at ein fredsavtale bør liggje føre tidleg hausten 2003. Ei våpenkvile er i praksis etablert mellom partane i form av ein avtale av 15. oktober 2002, ein avtale som seinare er utvida og forlengd til 30. juni 2003. Avtalen sikrar m.a. befolkninga mot militær aktivitet og opnar for humanitær bistand i heile landet. Eventuelle innrapporterte overgrep vil bli vurderte av eit eige internasjonalt overvakingsorgan.

Brota på menneskerettane i Sudan er svært omfattande. FNs tidlegare spesialrapportør for menneskerettar i Sudan, Gerhard Baum, rapporterte under møtet i MR-kommisjonen i mars 2003 at ingen av dei grunnleggjande fridomane vart respekterte i Sudan. Spesialrapportøren har særleg vore uroa over at regjeringshæren og opprørshæren SPLA har gjennomført summariske avrettingar i strid med retten til liv. Mange av straffemetodane som vert brukte i Sudan (t.d. amputasjonar), er ikkje i samsvar med konvensjonar som Sudan har ratifisert. Eit aktuelt spørsmål i fredsforhandlingane er spørsmålet om forrang for sharialovgjevinga framfor internasjonale menneskerettskonvensjonar. Problemstillinga er relevant for statusen til hovudstaten i Sudan. Etablering av ein sannings- og forsoningskommisjon er eit diskusjonstema som venteleg vil bli avklara i sluttfasen av fredsforhandlingane. Noreg støttar bilateralt fleire forsoningsprosessar både i Nord- og Sør-Sudan.

### 9.10. Særleg om fredsprosessen i Colombia

Det norske engasjementet i fredsprosessen i Colombia er styrt av eit ønske om å kunne følgje og støtte innsatsen for å finne ei politisk forhandlingsløysing på konflikten, medverke til auka respekt for menneskerettane og gjere sitt til å lindre lidingane sivilbefolkninga vert utsett for som følgje av den langvarige konflikten. Som tillegg til den politiske og diplomatiske innsatsen i sjølve fredsprosessen vert det difor ytt finansiell og praktisk støtte til viktige humanitære og menneskerettsrelaterte tiltak (folkeopplysningstiltak overfor det sivile samfunnet, menneskerettsovervaking, institusjonsstyrking, arbeid for urfolksrettar, humanitær bistand til internflyktningar). Under den norske deltakinga i dei to vennelandsgruppene som er mobiliserte for å få til ein fredsprosess med høvesvis FARC-EP og ELN, har respekt for menneskerettar og internasjonal humanitær rett vore sentrale tema i dei mange møta og drøftingane ein har hatt med partane. Dette har gjeve høve til å skjerpe merksemda om menneskerettar og internasjonal humanitær rett og å ta opp dei systematiske overgrepa som skjer (kidnappingar, utpressing, terrorhandlingar, angrep på sivile mål, bruk av barnesoldatar). I møte og seminar i samband med konfliktløysingsarbeidet gjev Noreg uttrykk for sine haldningar og synspunkt når det gjeld å respektere og etterleve menneskerettar og internasjonal humanitær rett, noko som er ein føresetnad dersom ein skal finne varige politiske løysingar på konflikten.



# 10 Rettsstatsprinsipp

## 10.1. Rettstryggleik

Trygging av rettsstillinga til enkeltborgaren, også i forhold til styresmaktene i landet, er den overordna målsetjinga for ein rettsstat. Dette omfattar mellom anna vern mot vilkårleg fridomskrenking og sikring av rettferdig rettargang ved uavhengige domstolar både i sivile saker og i straffesaker. Desse grunnleggjande prinsippa, saman med andre sentrale menneske-rettar og grunnleggjande fridomar, er kjernen i den rettstryggleiksgarantien som internasjonale menneskerettar søkjer å etablere for kvar borgar. Desse prinsippa ligg til grunn for det arbeidet norske styresmakter gjer, nasjonalt som internasjonalt.

Nedanfor følgjer ein omtale av nokre av dei tiltaka regjeringa sette i verk i 2002 for å betre retts-tryggleiken i Noreg, mellom anna i samband med inndraging av førarkort, tempoet i straffesaks-behandlinga, varetektsfengsling i isolasjon og erstatning etter straffeforfølging. Det må òg nemnast at Høgsterett i 2002 kunngjorde fleire dommar som bygde på menneskerettar. Den europeiske menneskerettskonvensjonen stod sentralt i dei fleste. Fire saker fekk særleg omtale, og desse gjaldt forholdet mellom administrative sanksjonar, EMK artikkel 6 og forbodet mot dobbeltstraff i EMKs tilleggsprotokoll nr. 7 artikkel 4.

### *10.1.1. Inndraging av førarkort*

Justisdepartementet sende 20. september 2002 på høyring eit forslag til lovendringar som vil innebere at domstolane, og ikkje lenger politiet, skal ta stilling til spørsmål om å inndra førarkort m.m. som følgje av straffbare handlingar. Forslaget vil medføre at spørsmålet skal behandlast som ledd i straffesaka.

Til grunn for forslaget ligg særleg ønsket om ein samordna reaksjon og omsynet til at den domfelte treng ei raskare og samla fastsetjing av konsekvensane av den straffbare handlinga. Domstolsbehandling av inndragingsspørsmålet er òg den vanlegaste ordninga i vestlege land. Høyringsinstansane har i hovudsak vore positive til forslaget, og Justisdepartementet tek sikte på å fremje ein proposisjon for Stortinget våren 2003. Det har vore reist spørsmål om kor vidt dagens ordning er i samsvar med internasjonale avtalar som Noreg er part i på dette området.

### *10.1.2. Raskare straffesaksbehandling og varetektsfengsling i isolasjon*

På bakgrunn av tilrådingar frå torturkommisjonen i Europarådet om omfanget av varetektsfengsling i Noreg føreslo regjeringa i odelstingsproposisjon nr. 66 (2001-2002) nokre endringar i straffe-prosesslova om raskare straffesaksavvikling og varetektsfengsling i isolasjon. Forslaga vart vedtekne ved lov 28. juni 2002 nr. 55. Dei fleste av

dei føreslegne endringane tok til å gjelde 1. oktober 2002. Endringane har som formål å sikre kortare behandlingstid i straffesaker, men det er òg gjort viktige endringar i reglane om varetekt i isolasjon. Desse skal dels sikre ei meir påliteleg behandling av spørsmålet om kor vidt varetektsinnsette skal underleggjast full eller delvis isolasjon, dels setje grenser for når og kor lenge isolasjon kan nyttast. Dei tidlegare reglane om varetekt i isolasjon og praktiseringa av dei har vore kritisert av internasjonale kontrollorgan. Ved utforminga av nye reglar har departementet lagt stor vekt på tilrådingane frå kontrollorgana.

Varetekt i isolasjon er ei spesielt stor påkjenning, og utgjer ein risiko for den psykiske helsa til den fengsla. Vilkåra bør difor vere særleg strenge for å vedta fullstendig isolasjon. Bruk av fullstendig og delvis isolasjon vart tidlegare ikkje fastsett av retten, men følgde av rettens vedtak om brev- og besøkskontroll eller -forbod. Straffeprosesslova er no endra slik at fullstendig isolasjon og delvis isolasjon skal fastsetjast uttrykkjeleg av retten. Det er òg innført nye reglar om at retten skal fastsetje ein tidsfrist for isolasjon og om grenser for kor lenge ein person kan haldast fullstendig isolert.

Personar som har vore varetektsfengsla i samband med saka og som seinare blir domfelte, har krav på eit frådrag i straffa på like mange dagar som dei har sete i varetekt. Sidan varetekt i full isolasjon er særleg belastande, er det innført eit særskilt frådrag i straffa for slik isolasjon. Ekstrafrådraget svarer til éin dag for kvart påbyrja tidsrom på 2 døgn som den dømde har vore isolert (straffelova § 60). Det er òg gjort ei rekkje lovtiltak for å sikre ei raskare straffesaksbehandling. Her kan nemnast reglar om fristar for å halde hovudforhandling i tingretten og i lagmannsretten.

Hovudforhandling skal haldast snarast råd. Om ikkje særlege omstende er til hinder, skal hovudforhandlinga ha teke til innan seks veker etter at saka kom inn til tingretten, og innan åtte veker etter at anke til lagmannsretten er lagd fram til ankeforhandling dersom den sikta var under 18 år då brotsverket vart gjort eller er varetektsfengsla når saka vert tillyst.

#### *10.1.3. Erstatning etter straffeforfølging*

Etter forslag frå regjeringa i Ot.prp. nr. 77 (2001-2002) vedtok Stortinget i desember 2002 nye reglar om erstatning etter straffeforfølging, jf. lov 10. januar 2003 nr. 10. Lovendringa har som målsetjing å styrkje rettane til den som utan eiga skuld er blitt straffeforfølgd, og medverkar til ei betre gjennomføring av det vernet som følgjer av uskuldspresumsjonen i den europeiske menneskerettskonvensjonen og FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar. Mellom anna skal det ikkje lenger vere eit vilkår for å kunne krevje erstatning at den sikta er i stand til å føre bevis for si uskuld. Dessutan vert det i lova gjort klart at tap som følgje av menneskerettsstridig fridomskrinking under straffeforfølging gjev krav på erstatning.

#### *10.1.4. Internasjonale tiltak*

Rettstryggleik står sentralt for regjeringa også i det internasjonale menneskerettsarbeidet. Rettsstatsprinsippa er sentrale tema i våre bilaterale kontaktar med andre land, også i menneskerettsdialogane.

Vern av menneskerettar er òg ein sentral del av arbeidet for fredsbygging og gjenreising etter konflikt. Eit slikt vern er avhengig av at det vert bygd opp eit velfungerande rettsapparat og at borgarane har tilgang til dette.

Problemstillingar knytte til rettstryggleik er òg sentrale tema i det multilaterale menneskeretts-arbeidet. Regjeringa har delteke aktivt i arbeidet for å fremje slike rettstryggleiksgarantiar, mellom anna gjennom resolusjonsforhandlingar i FN på

område som tortur og fridomskrenking, summariske og vilkårlege avrettingar, ufrivillige forsvinningar, vilkårleg fridomskrenking, dødsstraff, menneskerettar og terrorisme, integritet i rettsvesenet, menneskerettar og rettsvesenet - spesielt i forhold til mindreårige, retten til kompensasjon for brot på menneskerettane, tiltak for å fremje og konsolidere demokratiet og kravet om uavhengige dommarar og advokatar.

Norsk støtte til Guatemala kan trekkjast fram som eksempel. Sidan 1999 har Noreg støtta styrking av rettssystemet gjennom UNDP med tre offentlege institusjonar som sluttbrukarar: påtalemakta (Ministerio Publico), domstolane (Organismo Judicial) og instituttet for fri rettshjelp (Instituto de Defensa Publico Penal). Støtte er òg gjeve til stiftinga for studiar av lovbruk (FESPAD, Fundación de Estudios para la Aplicación del Derecho). Stiftinga fungerer mellom anna som eit kompetansesenter i menneskerettsopplæring for det sivile samfunnet.

I Malawi utgjer godt styresett og menneskerettar eitt av dei avtala samarbeidsområda. Samarbeidet med styresmaktene er konsentrert om støtte til tre grunnlovsfesta institusjonar: lovkommisjonen, menneskerettskommisjonen og ombodsmannens kontor. Også antikorrupsjonsbyrået får støtte. Desse institusjonane er berebjelkar i den demokratiske grunnlova som vart vedteken då diktaturet fall på byrjinga av 90-tallet. Malawi står overfor store oppgåver etter fleire tiår med einevelde og grove brot på menneskerettane. Den norske støtta er ledd i ein strategi for å hjelpe institusjonane med å byggje opp den kompetansen og kapasiteten dei treng for å fylle rollene dei er tildelte etter grunnlova.

Noreg har lagt vekt på å støtte opp om reformer i retts- og politivesenet på Balkan, og har sendt polititenestemenn til Bosnia-Hercegovina, Serbia og Montenegro, Kroatia og Makedonia. Noreg har lagt vekt på å medverke til auka menneskerettsforståing i nasjonale politistyrkar og til rekruttering av minoritetar og kvinner til politiet, og har også sendt instruktørar til politiskulen i Kosovo og Makedonia. Vidare er det gjeve omfattande støtte til "The Independent Judicial Commission" i Bosnia-Hercegovina, som har hovudansvaret for reform av den juridiske sektoren i landet. I Serbia-Montenegro har Noreg gjeve støtte til opplæring av lokalt politi og reorganisering av eit politidistrikt. Ei litt anna side av rettstryggleiksarbeidet er norsk støtte til etablering og styrking av demokratiseringsarbeidet i regionen, mellom anna i ombodsmannsinstitusjonane.

### 10.2. Dødsstraff

Noreg er mot alle former for dødsstraff, fordi dødsstraff strir mot prinsippet om at livet er ukrenkjeleg. Dette prinsippet er grunnleggjande for vår rettsoppfatning. Alle norske føresegner om dødsstraff vart oppheva i 1979.

Dødsstraff er ikkje forbode etter den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK) eller FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar, men er det etter tilleggsprotokollar til desse konvensjonane. Tilleggsprotokollane bind her som elles berre dei landa som har slutta seg til dei. Noreg er part i begge protokollane.

Noreg har delteke aktivt i arbeidet med den 13. tilleggsprotokollen til EMK. Denne protokollen går lengre enn protokoll nr. 6 til EMK, som vart vedteken 28. april 1983, ved å forby dødsstraff også for handlingar i krigstid eller under krigstrussel. Tilslutninga til protokollen inneber eit viktig politisk signal om at dødsstraff vert sett på som prinsipielt uakseptabelt. Protokollen vart underteikna av Noreg og 32 andre land 3. mai 2002, men hadde ikkje fått tilstrekkeleg mange ratifikasjonar til å tre i kraft i 2002.

Noreg markerer jamleg motstand mot bruk av dødsstraff. Spørsmålet blir teke opp både bilateralt overfor statar som praktiserer dødsstraff og i multilaterale forum som FN, OSSE og Europarådet. I FN deltek Noreg aktivt for å avskaffe bruken av dødsstraff. Dette skjer først og fremst gjennom utarbeiding og framlegging av resolusjonar i menneskerettskommisjonen og Hovudforsamlinga i FN, som behandlar spørsmålet kvart år. Under fjorårssesjonen i menneskerettskommisjonen var Noreg medforslagsstillar til ein resolusjon om dødsstraff. Noreg har også slutta seg til ei rekkje erklæringar frå EU om dødsstraff. Ved at vi går saman med andre, vert norske synspunkt meir relevante.

USA ratifiserte FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar i 1992, men reserverte seg mot forbodet mot å bruke dødsstraff på mindreårige og gravide kvinner. USA har heller ikkje slutta seg til tilleggsprotokollen om dødsstraff. Noreg og dei fleste EU-landa har protestert mot den amerikanske reservasjonen, ettersom vi meiner at konvensjonen i seg sjølv utelukkar slike atterhald som USA har teke. Noreg tek jamleg opp bruken av dødsstraff med amerikanske styresmakter på generelt grunnlag, og har også funne det nødvendig å protestere overfor amerikanske styresmakter i enkelttilfelle der den dødsdømde var under 18 år eller mentalt sjuk då brotsverket vart gjort. Noreg uttrykkjer samtidig støtte til positive tiltak, mellom anna avgjerda i USAs høgsterett som forbyr bruk av dødsstraff mot mentalt tilbakeståande menneske.

### 10.3. Tortur

Tortur er forbode i menneskerettskonvensjonane om sivile og politiske rettar og i fleire spesialkonvensjonar. Det er òg oppretta eigne globale og regionale overvakingsmekanismar, mellom anna klageordningar, undersøkingskomitear og spesialrapportørar som berre arbeider med torturspørsmål.

Noreg har vore kritisert av torturkomiteen i FN for ikkje å ha noko eige straffebod mot tortur som byggjer på ein torturdefinisjon i samsvar med artikkel 1 i FN-konvensjonen om tortur. Justisdepartementet sende 13. juni 2002 på høyring eit forslag om eit eige straffebod mot tortur saman med NOU 2002: 4 Ny straffelov og enkelte andre spørsmål. Handlingar som er definerte som tortur etter artikkel 4 i konvensjonen, vil vere straffbare etter andre føresegner i straffelova, slik at vi ikkje treng eit slikt eige straffebod for å oppfylle våre folkerettslege plikter på dette punktet. Ved å innføre eit eige straffebod ville ein likevel gjere forbodet tydelegare, samstundes som det blir enklare å dokumentere omfanget av tortur. Departementet har på denne bakgrunnen sendt spørsmålet om eit eige straffebod mot tortur i den nye straffelova ut på høyring.

På det internasjonale planet har arbeidet for å få vedteke ein frivillig tilleggsprotokoll til FNs torturkonvensjon stått sentralt i 2002. Den frivillige protokollen inneber at partane forpliktar seg til å etablere uavhengige nasjonale besøksmekanismar og ein internasjonal besøksmekanisme. Begge mekanismane er meinte til å førebyggje tortur i fengsel og andre stader der menneske sit i forvaring. Arbeidet med å utarbeide ein slik tilleggsprotokoll tok til i 1994. Forhandlingane har vore vanskelege, mellom anna fordi dei utvida undersøkingsfullmaktene tilleggsprotokollen opnar for, støyter mot mange lands syn på nasjonalstatens suverenitet. Noreg har fått ei sentral rolle i arbeidet for å få tilleggsprotokollen vedteken. Under FNs menneskerettskommisjon i 2002 vart teksten til den frivillige tilleggsprotokollen vedteken med norsk støtte og med stort fleirtal. Utkastet til tilleggsprotokoll vart også behandla i




Hovudforsamlinga. Noreg tilhøyrde kjernegruppa av land som arbeidde for forslaget, både i FN-systemet og bilateralt ved å kontakte aktuelle land. USA har ikkje vore positive til tilleggsprotokollen, og kravde avrøysting over forslaget i Hovudforsamlinga. Forslaget vart likevel vedteke med klart fleirtal også i Hovudforsamlinga. Den frivillige tilleggsprotokollen er no lagd fram for underteikning. På norsk side vurderer ein no gjennomføringstiltak med sikte på snarleg norsk underteikning og ratifikasjon av tilleggsprotokollen.



# 11 FN-systemet

FN spelar ei leiarrolle i det internasjonale menneskerettsarbeidet. Dei fleste menneskerettskonvensjonane har utspring i FN, og gjennom desse er det oppretta eigne såkalla gjennomførings- eller overvakingsmekanismar. Dei mekanismane som vart oppretta gjennom FN-pakta i 1945, til dømes Hovudforsamlinga og Tryggingsrådet, er svært viktige også for det internasjonale menneskerettsarbeidet. Dei førstnemnde vert gjerne omtala som konvensjonsbaserte mekanismar, mens dei sistnemnde kallast paktbaserte. Nedanfor skal vi sjå nærare på desse FN-baserte organa, særleg Hovudforsamlinga og menneskerettskommisjonen.

## 11.1. Tredjekomiteen i Hovudforsamlinga

Arbeidet i tredjekomiteen i FNs hovudforsamling, som tek hand om menneskerettar og sosial spørsmål, må for 2002 kunne karakteriserast som noko meir positivt enn venta. Nokre viktige resultat vart oppnådde, mellom anna ein resolusjon om vern av menneskerettar i kampen mot terrorisme, ein ny frivillig protokoll til torturkonvensjonen og ei meir konstruktiv behandling av spørsmål i samband med rasisme. Likevel var behandlinga av mange tema prega av store motsetnader, som gjorde seg gjeldande både langs ein nord/sør-akse, mellom vestlege og islamske verdiar og ikkje minst mellom USA og andre vestlege land. Trass i at dei mest restriktive landa får mindre sjanse til å dominere dagsordenen under Hovudforsamlinga enn tilfellet er i til dømes FNs menneskerettskommisjon, vart det rekordmange voteringar i samband med dei ulike resolusjonane.

Under behandlinga av prinsipielt viktige spørsmål der USA og andre vestlege land ikkje kunne einast, til dømes i omtalen av den internasjonale straffedomstolen (ICC) og dødsstraffproblematikken, inntok USA svært rigide posisjonar under forhandlingane og kravde til sist votering over mange resolusjonar der ein elles hadde venta konsensus. Omnibus-resolusjonen om born vart for eksempel vedteken i komiteen med røystetala 164-1-0, der USA avstod på grunn av mellom anna referansar til dødsstraff og den internasjonale domstolen (ICC). Å få USA med i ein positiv, konsensusorientert dialog om internasjonale menneskerettsspørsmål vil vere ei av de største utfordringane både EU og andre vestlege land står overfor i førebuingane til hovudforsamlinga neste år.

Ein av milepelane i Hovudforsamlinga var at ein etter ti års vanskelege forhandlingar endeleg lukkast i å vedta ein protokoll til torturkonvensjonen. Gjennom protokollen vert det oppretta ein internasjonal besøksmekanisme som er meint å skulle førebyggje bruk av tortur i fengsel og andre stader der menneske sit i forvaring. Partane forpliktar seg også til å etablere uavhengige nasjonale besøksmekanismar. Dette

var òg ei sak som møtte særleg sterk motstand frå USA. Den frivillige protokollen var eitt av dei spørsmåla som var høgst prioriterte frå norsk side, og Noreg deltok svært aktivt i lobbyarbeidet for denne resolusjonen, både i ei lita ”vennegruppe” i New York og gjennom utanriksstasjonane.

Ei anna problemstilling som særleg prega arbeidet i tredjekomiteen var vern av menneskerettane i kampen mot terrorisme. Her vedtok komiteen etter vanskelege forhandlingar ein resolusjon som set dette spørsmålet på dagsordenen i FN og sender eit viktig politisk signal om at menneskerettane ikkje skal li overlast i kampen mot terrorisme. Sjølv om forhandlingane tydeleg viste at dette temaet framleis er sensitivt i ein FN-samanheng, og resolusjonen for så vidt er ”svakare” enn mange hadde ønskt, har FNs høgkommissær for menneskerettar no fått eit eksplisitt mandat til å arbeide med denne problemstillinga. Saka vil måtte følgjast opp både i FNs menneskerettskommisjon og i Hovudforsamlinga i 2003.

Noreg hadde som i tidlegare år ansvaret for koordineringa av resolusjonen om menneskerettsforkjemparar. Her lukkast ein både i å få konsensus om teksten og å styrkje fjorårsteksten med mellom anna ei viktig prinsipiell tilvising til at nokre grunnleggjande menneskerettar ikkje kan fråvikast under noko omstende. Dette la eit godt grunnlag for ytterlegare styrking av denne norske resolusjonen under den 59. sesjonen i menneskerettskommisjonen, der mandatet til FNs spesialrepresentant òg skal fornyast.

Hovudforsamlinga fekk på nytt fram ei rekkje kontroversielle spørsmål, mellom anna i forhandlingane om ein finsk resolusjon om vilkårlege avrettingar der det til sist måtte 14 voteringar til. Ulike spørsmål som var høgt prioriterte frå vestleg side, mellom anna ei tilvising til straffeforfølging for drap pga. seksuell legning (som elles var i tråd med rapporten frå spesialrapportøren) var svært kontroversielle. Omtalen av dødsstraffproblematikken var det heller ikkje mogeleg å einast om i denne samanhengen. Etter kvart vart det tydeleg at det underliggjande problemet var ei svært kritisk haldning til spesialrapportøren for vilkårlege avrettingar, som mange land meinte har gått langt ut over sitt mandat. I lys av dette vil det vere ei utfordring å få forlengt dette viktige mandatet.

Tredjekomiteen vedtok i 2002 ei rekkje resolusjonar om menneskerettssituasjonen i enkeltland, mellom anna om Irak, Burma, DR Kongo og Sudan. Mange beklaga at EU let vere å leggje fram ein eigen resolusjon om menneskerettssituasjonen i Iran. Denne resolusjonen vart nedrøysta under førehavinga i menneskerettskommisjonen tidlegare på året, og EU skal ha vurdert det slik at det ville vere uheldig å leggje fram resolusjonen for så å tape ei votering.

Plenumsdebatten om rasisme dreia seg i stor grad om islamofobi og kva Internett har å seie for spreiing av rasistisk materiale. Resolusjonsforhandlingane var i første rekkje prega av spørsmål rundt oppfølging av verdskonferansen om rasisme i Durban. Oppfølginga av Durban har vore eit svært kontroversielt tema. Under møtet i menneskerettskommisjonen våren 2002 lukkast utviklingslanda, med nokre afrikanske land i spissen, i å få vedteke ein resolusjon med element som gjekk atskilleg lengre enn det allereie kontroversielle Durbandokumentet. I Hovudforsamlinga lukkast det etter svært vanskelege forhandlingar å få i stand ny vestleg oppslutnad om behandlinga av rasismeresolusjonen. Konsensus om denne resolusjonen var likevel aldri innan rekkevidde. EU og Noreg røysta for teksten, men fann det ikkje rett å stille som medforslagsstillarar til teksten. Utfordringa framover vil vere å ta konstruktivt del i arbeidet med oppfølginga av verdskonferansen. Noreg har

valt eit meir pragmatisk syn enn mange andre vestlege land når det gjeld deltaking i dei ulike oppfølgingsmekanismane, og vonar på sikt å kunne vere brubyggjar i dette spørsmålet og medverke til ei nedtoning av dei negative haldningane som har prega det internasjonale arbeidet mot rasisme etter Durban.

Kvinneinnlegga var også i 2002 retta mot fordømming av æresdrap, vald mot kvinner, handel med kvinner og kvinner i væpna konflikt. Også Noreg la vekt på desse temaa i det nasjonale kvinneinnlegget. Noreg peika også på det viktige i særskilde tiltak retta mot jentebarn, og kom inn på temaet reproduktive rettar, som òg omfattar kjønnslemlesting. I motsetnad til for to år sidan lukkast ein i år på eit tidleg tidspunkt i å komme til semje om ein nederlandsk tekst med fordømming av æresdrap. Dei tradisjonelle resolusjonane om oppfølging av Beijing-konferansen, kvinneprosenten i FN-sekretariatet og oppfølginga av CEDAW-resolusjonen vart også vedtekne ved konsensus. Frå norsk side la ein vekt på at dei tradisjonelle tekstane ikkje skulle svekkjast. Det er ein tendens til at desse tekstane i aukande grad kjem under press frå land som ønskjer ei generell svekking av kvinnetekstane.

I debatten om urfolk heldt Noreg eit nordisk innlegg der det blant anna vart peika på behovet for å få oppretta eit sekretariat i New York for det nye permanente forumet for urfolkssaker. FNs økonomiske og sosiale råd (ECOSOC) hadde ikkje lukkast i å komme til semje om dette, mellom anna fordi USA og Japan meinte det ikkje var nødvendig å yte midlar til sekretariatet. Saman med Sverige og Canada medverka Noreg (også i femtekomiteen) til at det vart oppslutnad om å opprette tre av seks stillingar f.o.m. 1. januar 2003. Tre stillingar til vil bli drøfta i samband med budsjettbehandlinga neste haust. Noreg hadde elles også koordineringsansvaret for konsensusresolusjonen om det internasjonale urfolkstiåret (1995-2004).

Noreg vil aktivt følgje opp spørsmålet om ressursar til det permanente forumet for urfolkssaker i kommande sesjonar.

I det norske innlegget om flyktningspørsmål vart hovudvekta lagd på dei uheldige verknadene den økonomiske krisa hos UNHCR vil ha for flyktningar, og på behovet for å få slutt på langvarige flyktningsituasjonar. Begge sakene er svært viktige for menneskeverdet til flyktningar.

### 11.2. Tryggingsrådet

Tryggingsrådet utøver sitt ansvar for å oppretthalde freden og tryggleiken internasjonalt på vegner av alle medlemslanda i FN, slik det følgjer av FN-pakta artikkel 24. Tryggingsrådet består av valde og faste medlemmer, der dei fem faste medlemmene i praksis pregar arbeidet i rådet meir enn dei valde. Ansvaret for arbeidet og vedtaka i rådet er likevel likt fordelt mellom dei 15 medlemmene. Noreg tok dette ansvaret på alvor dei to åra vi var medlemmer (2001 og 2002).

Regjeringa tok som utgangspunkt at svært mykje av arbeidet i Tryggingsrådet dreiar seg om politisk krisehandtering, og at dagsordenen for rådet i stor grad er styrt av internasjonale hendingar. Arbeidet med aktuelle saker ville difor krevje størstedelen av merksemda. I det meir langsiktige arbeidet ville ein konsentrere seg om tre hovudområde: dei underliggjande årsakene til krig og konflikt, fokusering på utfordringane i Afrika og oppfølging av Brahimi-rapporten for å styrkje FN si evne til å planleggje og gjennomføre fredsoperasjonar. I oppfølginga av hovudprioriteringane ville ein frå norsk side bidra til at Tryggingsrådet i aukande grad arbeider for ei samla tilnærming til førebyggjande innsats, konflikthandtering og fredsbygging. Ein ville vidare medverke til at innsatsen på militære, politiske, humanitære, ressursmessige og utviklingspolitiske område er samkøyrd og gjensidig forsterkande.



Erfaringane frå Tryggingsrådet har vist at dei prioriteringane Noreg sette for sitt arbeid, har vore både relevante og realistiske. Dei er i høg grad aktuelle også på andre utanrikspolitiske arenaer enn Tryggingsrådet, og vil bli vidareførte som norske satsingsområde i og utanfor FN-ramma.

Inga enkeltsak sette sterkare preg på Noregs arbeid i Tryggingsrådet enn Irak. Norske interesser er best tente med eit effektivt og normsetjande FN. Saker som er viktige for fred og tryggleik på internasjonalt plan skal behandlast av Tryggingsrådet i FN, og vedtak må ha heimel i FN-pakta og gjeldande folkerett. Dette har vore grunnleggjande for Noreg i behandlinga av Irak-spørsmålet. For Noreg har det alt å seie at dette prinsippet står fast og at det kollektive tryggingssystemet som følgjer av FN-pakta ikkje må undergravast. Som leiar av sanksjonskomiteen for Irak sette Noreg store ressursar inn på å skaffe seg oversikt over både den omfattande saksmengda og dei underliggjande problemstillingane.

Terrorangrepet mot USA 11. september 2001 sette sterkt preg på arbeidet i Tryggingsrådet resten av den tida Noreg var med. Erkjenninga av at internasjonal terrorisme og spreiing av masseøydeleggingsvåpen utgjer den mest overhengande trusselen mot internasjonal fred og tryggleik, har samla eit overveldande fleirtal av landa i verda i kampen mot dei kreftene som søkjer å ramme grunnverdiane i samfunnet og undergrave menneskeverdet og demokratiske samfunnsnormer.

Noreg har engasjert seg sterkt i det arbeidet Tryggingsrådet gjer for å slå tilbake den internasjonale terrorismen og i alle sider ved internasjonal fredsbygging og forsoning. Utgangspunktet er at kampen mot internasjonal terrorisme står sterkast med ein samla innsats forankra i Tryggingsrådet. Regjeringa har heile tida nøye vurdert korleis tiltaka rådet har sett i verk mot internasjonal terrorisme samsvarer med dei folkerettslege avtalane vi er med i, ikkje minst om menneskerettane. Noreg tek prinsipielt utgangspunkt i at det ikkje finst haldepunkt for å tolke FNs pålegg eller føreslegne lovtiltak i den lei at dei bryt med grunnleggjande menneskerettar. Samtidig er det grunn til å understreke at sjølve terrorhandlingane er ein alvorleg trussel mot menneskerettane. Regjeringa meiner at kampen mot internasjonal terrorisme må førast ved å byggje på og styrkje respekten for grunnleggjande rettstryggleiksprinsipp.

Noreg har vore ein viktig og tonegjevande medspelar i det humanitære hjelpearbeidet og gjenreisinga i Afghanistan. Som leiar for gjevarlandskoordineringa for Afghanistan i 2002 medverka Noreg til at Tryggingsrådet og heile det internasjonale samfunnet kunne leggje til grunn ei samla tilnærming til innsatsen i Afghanistan. Noreg la i Tryggingsrådet vekt på at humanitært hjelpearbeid og langsiktige gjenreisingsaktivitetar måtte vere viktige supplement til fredsprosessen. Dette var også viktig for å skape samfunnsforhold som ikkje lenger gav grobotn for terrorisme.

Den norske prioriteringa av Afrika i Tryggingsrådet har samanheng med at afrikanske konfliktar

dei siste åra har utgjort nesten to tredjedelar av sakene rådet har hatt oppe. Mange av desse sakene gjeld ikkje primært konflikt mellom statar, men interne, borgarkrigsliknande konfliktar i statar som fungerer dårleg eller har brote heilt saman. Økonomiske drivkrefter knytte til utbyting av naturressursar er ofte med på å forlengje desse konfliktane.

Den norske presidentskapen i Tryggingsrådet i mars 2002 var eit særleg krafttak. Presidentrolla er spesielt viktig når det gjeld å leggje arbeidet i rådet til rette og drive det framover ved å skape brei oppslutnad om prioriterte saker. Det er når Tryggingsrådet står samla det vert oppnådd konkrete resultat. Grundig innsats for å finne samlande løysingar var ein leietråd for Noreg i heile medlemskapsperioden, og kom til særleg nytte i presidentskapsperioden.

I den norske presidentskapsmånaden vart det arbeidd intenst med ei rekkje saker, men den enkeltsaka som prega perioden sterkast, og der Noreg spela ei avgjerande rolle, var fredsinnsatsen i Midtausten.

Noreg har under tryggingsrådsperioden arbeidd konsekvent for å styrkje FNs fredsbevarande kapasitet og har støtta oppfølginga av forslaga i Brahimi-rapporten. Noreg var i 2002 leiar av Tryggingsrådet si arbeidsgruppe for fredsbevarande operasjonar. Hovudmålet har vore å føre troppebidragsytarane inn i ein tettare dialog med Tryggingsrådet og FN-sekretariatet i samband med førebuing og gjennomføring av FNs fredsoperasjonar. Eitt av Noregs første initiativ i Tryggingsrådet var elles å løyve midlar til oppfølging av tryggingsrådsresolusjon 1308 frå juli 2000 om førebygging og kontroll av hiv/aids i samband med fredsoperasjonar.

Menneskeleg tryggleik har vore ein lite påakta dimensjon i internasjonalt konfliktarbeid. Ved å arbeide for å integrere denne dimensjonen i tryggingsrådsarbeidet har Noreg oppnådd konkrete resultat. På norsk initiativ vart det utarbeidd eit eige dokument (Aide Mémoire) med forankring i Tryggingsrådet, der alle verne- og menneskerettsreglar som alt ligg føre i tidlegare tryggingsrådsvedtak er framstilte i ei samla og oversiktleg form. Dokumentet er blitt eit nyttig verktøy for Tryggingsrådet i utarbeidinga av mandat for fredsoperasjonar og eit referanse-dokument for OCHA. Noreg har ein tonegjevande posisjon i internasjonale nettverk i FN-miljøet der det vert sett fokus på menneskeleg tryggleik, mellom anna når det gjeld vern av sivile og sårbare grupper i konflikt, barnesoldatar, spreiing av handvåpen og humanitære aksjonar. Noreg har teke initiativet til og leier ei vennegruppe i New York som arbeider med spørsmål som har å gjere med vern av sivile. Kvinner, fred og tryggleik er òg eit tema som vert sett i samband med det norske engasjementet i Tryggingsrådet.

Ulovlig utnytting av naturresursar som olje, diamantar, mineral og tropisk tømmer genererer store inntekter som ofte går til å finansiere valdelege konfliktar. Noreg arbeidde difor i Tryggingsrådet for å setje dei økonomiske drivkreftene i konfliktar på den internasjonale dagsordenen. Under presidentskapsmånaden i mars arrangerte Noreg i samarbeid med forskingsinstitusjonen International Peace Academy i New York ein internasjonal konferanse om økonomiske drivkrefter i krig og konflikt. På konferansen, under leiing av utanriksminister Petersen, vart norsk og internasjonal forsking på dette området lagd fram for medlemmene i Tryggingsrådet. Slik kunnskap vil kunne brukast til å finne fram til meir målretta sanksjonar som rammar bakmennene og dei reelle avgjerds-takarane, ikkje sivilbefolkninga.

Noreg har delteke i internasjonale prosessar (dei såkalla Interlaken-, Bonn/Berlin- og Stockholm-

prosessane) som skal effektivisere sanksjonspolitikken i FN og styrkje implementeringa av sanksjonar. Under debatten i Tryggingsrådet om sanksjonsreform har Noreg medverka aktivt til innføring av målretta og tidsavgrensa sanksjonar.

Tryggingsrådet har fleire gonger under den norske medlemskapsperioden drøfta spørsmål i tilknyting til internasjonal straffeforfølging.

Noreg har vore ein sterk pådrivar for å finne samlande løysingar som kan gjere Tryggingsrådet meir effektivt. Konsensusorientert arbeid er med på å støtte og styrkje stillinga til FN som global organisasjon. Prioritering av ei slik arbeidsform og målsetjing følgjer òg av Noregs nasjonale interesser. Noreg arbeider for ein internasjonal orden der store og små makter skal bindast til kvarandre i eit mellomstatleg samarbeid basert på FN-pakta og folkeretten og som skal haldast oppe av eit globalt system av sterke multilaterale institusjonar.

### 11.3. Menneskerettskommisjonen

Den 58. sesjonen i menneskerettskommisjonen må karakteriserast som den vanskelegaste på mange år. Han var prega av store motsetningar, særleg mellom dei vestlege landa og utviklingslanda og mellom islamske og vestlege normer. Desse motsetningane kom til utrykk både i plenumsdiskusjonen, i resolusjonsforhandlingane og i voteringane. Kommisjonen var tydeleg påverka av ytre hendingar og den globale politiske dagsordenen, først og fremst utviklinga i Midtausten og kampen mot terrorisme, men også av den vedvarande usemja om oppfølginga av Durban-dokumentet om rasisme. Polariseringa i kommisjonen gjorde seg særleg gjeldande i behandlinga av fleire landsituasjonar, i resolusjonane om rasisme og retten til utvikling, i behandlinga av resolusjonar om makroøkonomiske forhold med tvilsamt menneskerettsinnhald og i livssyns- og rettsstatsspørsmål (æresdrap, seksuell legning, dødsstraff m.m.). Mange nytta òg plenumsmøta til å ta opp bilaterale konfliktar, og til tider var replikkvekslingane prega av sterk språkbruk.

Polen vart vald til formann for kommisjonen. Sør-Afrika, Syria og Tyskland vart valde til viseformenn, mens Brasil blei vald til rapportør. Asia-gruppa freista også denne gongen å hindre dei frivillige organisasjonane i å delta i kommisjonen. Vestgruppa arbeidde derimot aktivt for å sikre at dei frivillige organisasjonane fekk delta på linje med tidlegare år. Dette var ei medverkande årsak til at dei frivillige organisasjonane ikkje vart ytterlegare hindra i å delta i arbeidet i kommisjonen.

Samansetjinga av kommisjonen med mange ytterleggåande medlemmer frå Asia og Afrika gjorde samarbeidet vanskeleg. Fleirtalet i kommisjonen misbrukte dessverre si makt til å presse gjennom vedtak, ofte utan reell debatt og til dels utan konsultasjonar.

Forsøka på å dempe debatten om individuelle rettar og statleg ansvar for å fremje og tryggje desse rettane og heller fokusere meir på mellomstatlege forhold, sette òg sitt preg også sesjonen. Motstanden mot behandling av individuelle landsituasjonar var igjen svært sterk og sette sitt preg på heile arbeidet i kommisjonen. Dei landa som frykta å få resolusjonar ”mot” seg, allierte seg med andre i same situasjon.

Kommisjonen var med andre ord prega av sterk usemje. Høgkommissæren for menneskerettar peika i sitt avsluttande innlegg på at ho frykta at vernemandatet til kommisjonen er i ferd med å bli svekt. Nokre land ønskjer å styrkje arbeidet for å betre etterlevinga av gjeldande konvensjonar. Dei prøver å påvise og påtale statlege brot på grunnleggjande menneskerettar, og meiner at

overgrep mot individuelle menneskerettar ikkje er ei intern sak. Mange av utviklingslanda ser på innblanding utanfrå som uønskt, og fokuserer ofte på at grunnen til eventuelle manglar ved respekten for menneskerettane ligg i ytre forhold (fattigdom, manglande utvikling, okkupasjon m.m.).

Desse ideologiske skiljelinene var lett synlege under debatten om landsituasjonar. Dei vestlege landa vart ofte skulda for å vere selektive i sin omtale av land og for å politisere debatten. Mange utviklingsland tok til orde for at dialog og samarbeid ville vere meir effektive verkemiddel i arbeidet for å fremje og verne menneskerettane enn konfrontasjon og "finger-pointing". Fleire land ønskjer rett og slett at punktet om landsituasjonar skal strykast frå saklista.

Det viktigaste som vart oppnådd, var at det etter ti års arbeid vart vedteke ein frivillig tilleggsprotokoll til torturkonvensjonen. Protokollen, som i praksis er ei besøksordning, opnar for betre kontroll med korleis statane etterlever torturkonvensjonen. Land som ikkje er partar i konvensjonen, og land som tydeleg ikkje aktar å slutte seg til protokollen, forsøkte ikkje uventa å hindre vedtaket, men lukkast ikkje.

Vidare vart det vedteke å opprette arbeidsgrupper som skal utarbeide ein frivillig protokoll til konvensjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar og eit rettsleg bindande instrument om forsvinningar. Det vart òg utpeika ein eigen spesialrapportør for menneskerettar og helse.

Elles unngjekk ein å svekkje dei viktige resolusjonane under dagsordenspunktet om sivile og politiske rettar. Ein fekk òg gjenoppretta konsensus om resolusjonane om tortur og ytringsfridom og sikra forlenging av mandatet til spesialrapportøren om ytringsfridom. På den negative sida var behandlinga av menneskerettane i enkeltland vanskelegare enn på mange år, og motstanden mot å behandle landsituasjonar var sterkare og meir samordna enn tidlegare. Resultatet vart fleirtal for at resolusjonen om menneskerettssituasjonen i Zimbabwe ikkje skulle behandlast, og resolusjonane om Tsjetsjenia og Iran vart ikkje vedtekne. I den konfidensielle prosedyren (lukka møte berre for medlemmer) vart det dessutan vedteke å fjerne fleire landsituasjonar frå saklista. Vidare vart resolusjonen om Ekvatorial-Guinea svekt og resolusjonen om Sudan blei vedteken med eit fleirtal på berre ei røyst. Det lukkast heller ikkje å få vedteke ein resolusjon som skulle styrkje menneskerettselementet i arbeidet mot terrorisme. USA kjende seg sterkt ramma av denne resolusjonen og arbeidde målbevisst for å hindre at han vart vedteken. Resultatet var at behandlinga av resolusjonen vart utsett til 2003.

Fleire tematiske resolusjonar vart vedtekne utan reelle forhandlingar og vilje til å oppnå konsensus. Dette gjeld blant anna resolusjonane om rasisme, retten til utvikling, globalisering og dei fleste kubanske resolusjonane med tvilsamt menneskerettsinnhald. Det vart vidare oppretta fleire arbeidsgrupper for oppfølging av Durban-dokumentet. Mandata til arbeidsgruppene er omstridde, uklare og til dels overlappande med andre mandat. I tillegg til å svekkje oppslutninga om oppfølginga av Durban og det vidare internasjonale arbeidet med kamp mot rasisme, kan desse nye gruppene komme til å medverke til å flytte fokus i menneskerettsarbeidet bort frå tradisjonelle mekanismar.

Noreg var observatør i kommisjonen under den 58. sesjonen, etter å ha vore medlem dei tre føregåande år. Noreg deltok likevel svært aktivt under sesjonen og søkte å gjere sitt til å fremje respekten for menneskerettane, også i land med alvorlege menneskerettsproblem. Rettane til urfolk, born, kvinner og minoritetar var spørsmål

som vart vektlagde saman med resolusjonsforhandlingane om sivile og politiske rettar og samleresolusjonen om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar. Det vart halde 10 norske innlegg i plenum, inkludert hovudinnlegget ved utanriksminister Jan Petersen. I dette innlegget vart det blant anna fokusert på respekt for menneskerettane og kampen mot terrorisme. Det blei uttrykt sterk uro over situasjonen i Midtausten og utviklinga i Zimbabwe. Kvinners rettar, retten til liv og kampen mot tortur var andre viktige tema i innlegget. Vidare heldt Noreg eit innlegg om urfolksrettar på vegner av dei nordiske landa. Noreg var dessutan med på eit nordisk fellesinnlegg om rettane til funksjonshemma. Noreg var også med på eit fellesinnlegg om konvensjonsorgana som Canada heldt på vegner av Australia, Canada, Chile, Noreg og New Zealand.

Noreg deltok aktivt i forhandlingane om ei lang rekkje resolusjonar, og hadde hovudansvaret for resolusjonen om menneskerettsforsvararar. Denne vart vedteken utan avrøysting. Resolusjonen hadde 60 medforslagsstillarar og blei styrkt på fleire punkt i høve til tilsvarande resolusjon i Hovudforsamlinga. Resolusjonen konsoliderer mandatet til generalsekretærens spesialrepresentant og legg eit godt grunnlag for fornyinga av dette mandatet i 2003. Noreg la vidare fram eit utkast til vedtak om grunnleggjande humanitære standardar. Vedtaket inneber at det vil bli utarbeidd ein konsolidert studie om temaet som vil bli drøfta i kommisjonen om to år. Vedtaket vart gjort utan avrøysting.

Sesjonen viste at Noreg kan spele ei viktig rolle som brubyggjar mellom ulike aktørar på menneskerettsområdet, også som observatør. Noreg vert i dei fleste krinsar oppfatta som ein konsensusorientert aktør som legg vekt på dialog framfor konfrontasjon og som har ein "balansert" menneskerettsagenda. Dette fører til at ein får tillit i dei ulike forhandlingssituasjonane, og gjer sitt til at det sjølv i ein svært vanskeleg kontekst kan lukkast å oppretthalde konsensus om dei norske initiativa.

### 11.4. Høgkommissæren for menneskerettar

Kontoret til FNs høgkommissær for menneskerettar (UNHCR) tener som sekretariat for menneskerettskommisjonen og mekanismane under denne og for dei ulike konvensjonsorgana. I tillegg har høgkommissærens kontor dei seinare åra etablert ei rekkje landkontor ("field offices"), mellom anna i Colombia, Burundi, DR Congo og Kambodsja. Desse kontora har både rådgjevings- og overvakingsfunksjonar.

I lys av ei stadig aukande forståing og vektlegging av at arbeidet for større respekt for menneskerettane skal stå sentralt i alt FN-arbeid, har høgkommissæren i det siste ytterlegare auka sitt nærvær som ein integrert del av FNs regulære landkontor. Høgkommissærens kontor er òg involvert i ulike fredsskapande/fredsbevarande operasjonar i FN-regi, noko som òg er i tråd med Generalsekretærens ønske om at menneskerettane skal integrerast i alle FN-aktivitetar. Høgkommissæren yter også fagleg hjelp og rådgjeving til ei rekkje land.

Trass i stadig fleire arbeidsoppgåver og aukande aktivitetsnivå er det framleis ein svært liten del av det regulære FN-budsjettet som går til høgkommissæren (ca 1,5 %), og kontoret er avhengig av frivillige bidrag. Noreg var i 2002 ein av dei aller største gjevarane til høgkommissærens kontor med eit bidrag på ca. 4 millionar USD.

Under den 58. sesjonen i menneskerettskommisjonen kunngjorde Mary Robinson at ho ikkje ville søkje forlenging av sitt mandat som høgkommissær. I september vart Sergio Vieira de Mello frå Brasil utnemnd til etterfølgjar. Allereie i desember 2002 gjesta han Noreg, der han la fram sine tankar og prioriteringar for arbeidet med

menneskerettane internasjonalt. De Mello vil byggje vidare på den effektiviseringa av verksemda som forgjengaren stod for, og vil arbeide vidare med reformer og forbetringar. Ikkje minst vil den nye høgkommissæren leggje vekt på å betre aktivitetane og effektiviteten til kontoret på landnivå og på auka samarbeid med andre viktige aktørar i FN-systemet.

### 11.5. Konvensjonsorgana

Seks av FNs menneskerettskonvensjonar vert ofte omtala som hovudkonvensjonar, nemleg konvensjonane om sivile og politiske rettar, økonomiske, sosiale og kulturelle rettar, tortur, rasediskriminering, kvinner og born. Felles for alle desse seks konvensjonane er at dei etablerer sjølvstendige overvakings- eller gjennomføringsmekanismar. Eit anna namn er konvensjonsorgan, til skilnad frå dei organa som er etablerte gjennom FN-pakta (som FNs hovudforsamling, tryggingsråd og menneskerettskommisjon). Konvensjonsorgana er utstyrte med varierande verkemiddel og kompetanse, men typiske oppgåver er gjennomgang av periodiske rapportar frå statane, utarbeiding av generelle kommentarar som utdjupar konvensjonsføresegnene, avgjerder i individklagesaker og eigne undersøkingar i felten.

Det er klart behov for reformer av arbeidet i komiteane. Noreg støttar reformarbeidet, og arbeider parallelt for å sikre at komiteane fungerer best mogeleg og får tilført nødvendige midlar. Noreg støttar òg arbeidet med å etablere nye verkemiddel under dei eksisterande komiteane. Det er dessverre mange konvensjonspartar som ikkje ser seg tente med effektive overvakingskomitear og som motarbeider alle forsøk på å utvikle effektive overvakingsmekanismar.

FNs menneskerettskomité – som er konvensjonsorganet for FN-konvensjonen om sivile og politiske rettar – behandla ei individklagesak mot Noreg i 2002 (Jonassen v. Norway, Communication No. 942/2000). Saka gjaldt samiske beiterettar på privat grunn. Menneskerettskomiteen avviste å ta opp saka til realitetsbehandling, mellom anna under tilvising til ei pågåande ekspropriasjonssak. Norske styresmakter vart likevel oppmoda om å sikre ei rask avklaring i denne saka.

FNs torturkomité behandla den tredje periodiske rapporten frå Noreg i 2002, og hadde ingen spesielle merknader til denne.

### 11.6. ILO

ILO er FNs særorganisasjon for arbeidslivet, og vart etablert for å betre levekår, arbeidsforhold og arbeidsutsikter for arbeidstakarar verda over. ILO gjennomfører sitt mandat gjennom vedtaking av internasjonale konvensjonar og tilrådingar om organisasjonsfridom, arbeidsforhold, diskriminering i arbeidslivet og sosial tryggleik.
I tillegg til den utbreidde normative verksemda driv ILO eit omfattande globalt bistandssamarbeid for å fremje demokrati og menneskerettar, redusere arbeidsløyse og fattigdom og styrkje arbeidarvernet. ILO er ein trepartsorganisasjon, der styrande organ er samansette av arbeidstakarar, arbeidsgjevarar og regjeringar. Noreg vart i 2002 medlem av ILO-styret for ein treårsperiode.

Åtte av ILO-konvensjonane er rekna som kjernekonvensjonar og omhandlar retten til organisering og kollektive forhandlingar, lik løn for menn og kvinner, ikkje-diskriminering i arbeidslivet og avskaffing av tvangsarbeid og barnearbeid. Konvensjon nr. 182 frå 1999 om avskaffing av dei verste formene for barnearbeid var i 2002 ratifisert av 132 land, og hadde dermed den høgste ratifiseringstakta i ILO-historia. Mange land har behov for økonomisk bistand og fagleg assistanse med iverksetjinga av konvensjonane. Så godt som alle aktivitetane Noreg støttar gjennom ILO, har med rettar å gjere.

Den overordna målsetjinga for ILO er å arbeide for eit anstendige arbeidsliv ("decent work") verda over. Med anstendig arbeidsliv er meint like rettar for alle kvinner og menn slik at dei kan delta i anstendig, produktivt arbeid på eit fritt, rettferdig, trygt og menneskeverdig grunnlag. ILO knyter den overordna målsetjinga og mandatet til det første tusenårsmålet om å halvere talet på ekstremt fattige innan 2015. ILO har dessutan eit spesielt ansvar for målsetjing nummer 16 under det åttande tusenårsmålet: utvikling og iverksetjing av strategiar for å skape anstendig og produktivt arbeid for ungdom. Gjennom medlemskap i organisasjonen og innbetaling av kjernebidrag er Noreg med på å støtte opp under desse måla. Noreg yter òg frivillige bidrag til program og prosjekt på følgjande område: barnearbeid, trepartsdialog og sysselsetjing.

Frå norsk side vert det arbeidd for forankring av ratifiserte konvensjonar gjennom program og prosjekt i utviklingsland. Desse involverer i stor grad fagforeiningar og arbeidstakarorganisasjonar. Opplæring og bevisstgjering om rettar, deriblant innhaldet i og utøvinga av nasjonal lovgjeving og ILO-konvensjonar, er sentrale element i desse prosjekta.

Alle prosjekt som Noreg støttar gjennom ILO, har eit likestillingsaspekt. Dette er bevisst frå norsk side. Særleg for eitt av prosjekta, som inneber opplæring av medlemmer i landarbeidar-organisasjonar i Latin-Amerika, er ei sentral målsetjing å få fleire kvinner inn i formelle avgjerdsstrukturar.

Det arbeidsområdet i ILO som i dag får mest fagleg bistand, er kampen mot barnearbeid. Noreg har sidan 1998 spela ei aktiv rolle på dette området gjennom finansiering av eit omfattande og mangfaldig program. Programmet har hatt to komponentar som ser på utdanning som eit ledd i å få born ut av arbeid. Jenter er definerte som ei sårbar gruppe og vert vigde spesiell merksemd innanfor desse programkomponentane. Mens det i statistikk over born i arbeid er registrert fleire gutar enn jenter, er realiteten at jenter arbeider i vel så stor grad som gutar. Jenter er i stor grad sysselsette i heimen. Statistikk over denne gruppa har vore lågt prioritert, og heimearbeidande har heller ikkje vore med i statistikk over barne-arbeidarar. Noreg støttar eit samarbeidsprosjekt mellom Verdsbanken, UNICEF og ILO som skal styrkje statistikkarbeidet på dette området. Prosjektet har medverka til å generalisere og vidareutvikle variablane og verdiane som vert nytta i forsking på barnearbeid.

Mens ILO tradisjonelt har konsentrert seg om formell sektor, opplever ein no ei gryande interesse for den uformelle økonomien, som omfattar størstedelen av dei fattige i verda. For første gong var uformell økonomi i 2002 tema for ein av komiteane under den årlege arbeids-konferansen. Det er ofte i denne sektoren kvinner er økonomisk aktive. Noreg vidareførte i 2002 støtte til eit prosjekt i Asia retta mot å utvikle nye strategiar for å gje kvinner auka tilgang til mikrohelseforsikring gjennom ordningar forvalta av deira eigne organisasjonar. Behovet for slike innfallsvinklar er opplagt i land der trygdesystema ikkje kan dekkje den uformelle sektoren. Denne tilnærminga medverkar til å gjere kvinner meir klar over sine rettar samtidig som dei får betra helseutsikter.

I ei verd prega av auka globalisering og liberalisering har kjernemandatet til ILO fått fornya interesse. Mellom anna på bakgrunn av erklæringa frå ministermøtet i WTO hausten 2001, som framheva ILO sitt ansvar for spørsmål i samband med globalisering og arbeidstakarrettar, tok generaldirektøren i ILO initiativ til å opprette ein verdskommisjon for den sosiale dimensjonen ved globaliseringa. Dette er ein uavhengig kommisjon som har til mål å dreie globaliserings-

debatten frå konfrontasjon til dialog og å komme med innspel til korleis dei positive sidene ved globaliseringa kan nå fleire menneske enn tilfellet er i dag. Verdskommisjonen vil venteleg leggje fram sin sluttrapport i byrjinga av 2004. Verdskommisjonen har registrert sterk uro over mange sider ved globaliseringa – i alle regionar i verda og i svært ulike grupper. Dette gjev seg mellom anna utslag i ei aukande kjensle av manglande innverknad eller "stemme" i forhold til utviklinga. Det er denne uroa verdskommisjonen er oppteken av å møte på ein fornuftig måte. Noreg støttar verdskommisjonens arbeid politisk og økonomisk.

### 11.7. Utviklingsbankane

Menneskerettane ligg til grunn for den utviklingsstrategien dei multilaterale utviklingsbankane følgjer, i første rekkje i tilknyting til økonomiske og sosiale rettar, som er kjernen i bankverksemda. Verdsbanken og dei regionale utviklingsbankane opererer likevel ikkje med eigne retningsliner eller strategiar for menneskerettar, og politiske og sivile rettar er eit ømtolig tema som følgje av ueinsarta politiske syn og haldningar i medlemslanda. Menneskerettar i vid forstand styrer likevel bankverksemda og utlånspolitikken, med utvikling av godt styresett som nøkkelord. Klare brot på menneskerettane vil verke inn på den generelle oppfatninga av styresettet i dei ulike landa, og vil både direkte – gjennom fordelingsnøklar – og indirekte spegle seg av i utlåna. Vidare arrangerer Verdsbanken (og Den interamerikanske utviklingsbanken for enkelte land) såkalla "Consultative Group"-møte (CG-møte) for mottakarland der blant anna situasjonen når det gjeld styresett vert gjennomgått.

Noreg er ein aktiv medspelar i internasjonale gjeldslettetiltak. Den viktigaste mekanismen er "Heavily Indebted Poor Countries (HIPC) Initiative", som omfattar både bilateral og multilateral gjeld og skal redusere gjelda for 35-40 av dei fattigaste landa med gjennomsnittleg 2/3. Ei slik frigjering av ressursar gjev langt større rom for å setje i verk tiltak mot fattigdom, og vil såleis sikre mottakarlanda langt større evne til å innfri økonomiske og sosiale rettar. I samband med HIPC-initiativet vert det ikkje minst fokusert på at ein skal auke offentlege utgifter til helse, utdanning og andre formål spesifikt retta mot dei fattigaste.

Det er likevel brei semje om at gjeldslette åleine ikkje skaper utvikling, og at gjeldslette utan vilkår ikkje er nokon farande veg. Gjeldslette skal i første rekkje komme den fattigaste delen av befolkninga til gode. Landa må difor forplikte seg til både å føre ein politikk som ikkje leier tilbake i eit gjeldsuføre og å bruke frigjorde ressursar til utvikling og fattigdomsreduksjon. HIPC-initiativet er difor nært knytt til utarbeiding av nasjonale strategiar for fattigdomsreduksjon (Poverty Reduction Strategy Papers - PRSP), som er hovudinstrument for å nå desse måla.

Eit svært viktig element i PRSP-prosessen er at strategiane skal vere eigde av landet sjølv og utformast og iverksetjast gjennom aktiv deltaking frå det sivile samfunnet. Noreg er blant pådrivarane for at også nasjonale parlament og andre folkevalde organ skal ha ei sentral rolle i dette arbeidet. I mange av dei aktuelle landa er det svak tradisjon for folkeleg deltaking i viktige samfunnsprosessar. HIPC-initiativet og PRSP-tilnærminga dreiar seg såleis også om demokratisering og styrking av sivile og politiske rettar. I tillegg legg ein stor vekt på tiltak mot korrupsjon og for styrking av offentleg finansforvaltning. Dette medfører ei sterkare ansvarleggjering av styresmaktene og medverkar til auka innsyn i forvaltninga av offentlege ressursar.



# 12 Regionale system

## 12.1. Europarådet

Den europeiske menneskerettsdomstolen er det viktigaste instrumentet Europarådet har til rådvelde i arbeidet for menneskerettane. Domstolen er oppretta i medhald av den europeiske menneskerettskonvensjonen av 1950 (EMK). Enkeltmenneske som meiner at rettane deira etter konvensjonen er krenkte, kan rette klage om det til domstolen. Frå november 1998 har domstolen fungert i si noverande form med 41 permanente dommarar, ein frå kvart medlemsland. Dommarar frå dei tre nyaste medlemslanda, Armenia, Aserbajdsjan og Bosnia-Hercegovina, er førebels ikkje valde. Dommarane vert valde av parlamentarikarforsamlinga i Europarådet for ein seksårsperiode med høve til attval.

Effektiviteten ved domstolen er betydeleg auka i høve til det tidlegare systemet. I 2002 tok domstolen over 18 000 avgjerder, 844 av desse var dommar. I dommane vart det funne brot på konvensjonen i 630 saker. Meir enn halvparten av desse var mot Italia (325). Trass i auka effektivitet er domstolen ikkje i stand til å halde tritt med det stadig aukande talet på saker som kjem inn. I 2002 kom det inn nær 31 000 klager. Av desse vart over 28 000 registrerte og vil dermed bli behandla av domstolen. Den stadig aukande saksmengda har gjeve domstolen eit betydeleg kapasitetsproblem. Behandlingstida er auka frå to til tre år, i nokre tilfelle meir. På sikt vil desse problema gå ut over truverdet og statusen til domstolen, og medlemslanda er difor samde om at noko må gjerast for å betre situasjonen. Ministermøtet i november 2002 vedtok på denne bakgrunnen å arbeide vidare med å vurdere forslag til reformer i domstolssystemet.

På grunnlag av rapporten frå ei evalueringsgruppe har den europeiske styringskomiteen for menneskerettar (CDDH) arbeidd med å fremje forslag til endringar i domstolssystemet. Nokre forslag inneber endringar i EMK. Komiteen vurderer både forenklingar av saksbehandlinga i domstolen og å gje domstolen større fullmakt til å avvise saker som er uviktige. Vidare ser CDDH på korleis oppfølginga av dommane kan effektiviserast. Det vert diskutert tiltak som kan gjennomførast nasjonalt i medlemslanda for å redusere talet på saker som kjem opp for domstolen. Etter vedtaket på ministermøtet i november 2002 er siktemålet at arbeidet skal resultere i konkrete forslag som kan behandlast på ministermøtet i mai 2003.

Dei seinare åra er domstolen blitt supplert med fleire nye kontrollmekanismar på menneskeretts-området. Torturkomiteen i Europarådet (CPT) har i oppgåve å sjå til at medlemslanda ikkje bruker tortur mot borgarane. Komiteen har uinnskrenka tilgjenge til fengsel og andre varetektsinstitusjonar i alle medlemslanda. Ekspertkomiteen mot rasisme, intoleranse og framandfrykt (ECRI), den europeiske komiteen for sosiale rettar og den

rådgjevande komiteen for rammekonvensjonen om vern av nasjonale minoritetar er andre viktige instrument. I mai 2003 vil ECRI gjeste Noreg. Besøket er eit ledd i den regulære overvakinga av medlemslanda.

Sidan 1999 har Europarådet hatt ein eigen kommissær for menneskerettar. Oppgåva hans er å medverke til å fremje kunnskap om og respekt for menneskerettar i medlemslanda i Europarådet. Arbeidet til kommissæren inneber mellom anna besøk i medlemslanda, og rapportane hans gjev verdifull informasjon om menneskeretts-situasjonen i desse landa. Sist kommissæren var i Noreg var i 2001.

Konflikten i Tsjetsjenia har lenge vore følgd nøye i Europarådet. Dette har medført at Europarådet sidan våren 2000 har hatt tre ekspertar ved kontoret til president Putins menneskeretts-representant i republikken. Mandatet til ekspertane er forlengt til juli 2003. Europarådet er for tida den einaste internasjonale organisasjonen på menneskerettsområdet som har løyve til å vere til stades i Tsjetsjenia.

Som ei følgje av terrorhandlingane i USA 11. september 2001 tok generalsekretæren i Europarådet initiativet til ein handlingsplan for interkulturell og interreligiøs dialog. Handlingsplanen skal bidra til å fremje toleranse og forståing mellom ulike kulturelle og etniske grupper i samfunnet. Som ei følgje av dette initiativet er det i løpet av 2002 halde fleire møte mellom Europarådet og representantar for ulike religiøse og kulturelle grupper.

Den europeiske menneskerettsdomstolen felte i 2002 ingen dommar i norske saker, men fleire saker vart avviste (som ”inadmissible”). I fire av sakene vart det felt grunngjevne avgjerder. Tre av desse gjeld saker som tidlegare har påkalla stor merksemd, iallfall i juristkrinsar, og skal kort omtalast her:

Den første saka (sak nr. 45837/99, Kleuver vs. Norway) gjaldt påstandar om krenking av artikkel 8 og artikkel 3 ved varetektsfengsling og soning for narkotikabrotsverk. Hovudpunktet i klaga knytte seg til at klagaren vart skild frå det nyfødde barnet sitt då ho sat varetektsfengsla i tre månader i 1990-91. I tillegg til dette vart det påstått ytterlegare sju krenkingar. Fem av desse gjekk ut på at påstått overdrivne krav til sikring mot rømmingsrisiko førte til unødig belastande bruk av personell – ofte uniformert – og til bruk av handjern/transportjern. Det sjette forholdet gjaldt fleire kroppsvisiteringar i fengselet etter at klagaren hadde vore på besøk hos sonen ved ein spedbarnsheim og seinare då sonen var på besøk i fengselet. Det sjuande forholdet gjaldt restriksjonar i bruken av telefon som klagaren var utsett for mens ho sat i fengsel. Ulike sider av saka vart vurderte av Høgsterett i avgjerder som er inntekne i Rt. 1994 s. 1244 og Rt. 1998 s. 1190. I tillegg til dei nemnde påståtte krenkingane hevda klagaren at artikkel 6 var krenkt ved at ein av dommarane i sistnemnde sak var inhabil. I si avgjerd av 30. april 2002 fann EMD at alle klagepunkta måtte avvisast som opplagt grunnlause, jf. EMK artikkel 35 tredje ledd.

Den andre saka (sak nr. 38190/97, Federation of offshore workers’ trade unions (OFS) and others vs. Norway), gjaldt påstått krenking av artikkel 11 i samband med vedtakinga av tvungen lønsnemnd i 1994. Under lønsforhandlingane i 1994 kom ikkje OFS og NHO/Oljeindustriens Landsforening til semje om lønsoppgjeret. Det vart varsla streik og lockout, noko som ville ramme heile kontinental-sokkelen. Tvungen lønsnemnd vart vedteken etter ca. 14 timar med streik/lockout. OFS gjekk deretter til sak og hevda at dette var eit ulovleg inngrep i streikeretten deira. Staten vann i

Høgsterett, jf. Rt 1997 side 580. OFS klaga så Noreg inn for EMD, og gjorde gjeldande at Noreg hadde krenkt EMK artikkel 11, blant anna under tilvising til utviklinga i ILO-konvensjonane og den europeiske sosialpakta med omsyn til vern av streikeretten. Noreg gjorde gjeldande at klaga måtte avvisast som opplagt grunnlaus ("manifestly ill-founded"). Det vart argumentert for at retten til streik ikkje er verna av artikkel 11 første ledd, og at det ikkje i noko tilfelle var skjedd eit inngrep i fagforeiningsrettane etter artikkel 11 første ledd. Subsidiært vart det hevda at eit eventuelt inngrep var rettkomme etter EMK artikkel 11 andre ledd. Domstolen avviste klaga som opplagt grunnlaus, jf. artikkel 35 tredje ledd, og gjekk inn på dei tre norske partspåstandane utan å konkludere med omsyn til om det låg føre eit inngrep etter EMK artikkel 11 første ledd.

Den tredje saka (sak nr. 12750/02, Adele Johansen vs. Norway) bygde på ei tidlegare sak for EMD. Adele Johansen fekk i 1996 medhald i EMD i at Noreg ikkje hadde oppfylt EMK artikkel 8 fordi kontakten mellom henne og dottera vart broten ved omsorgsovertakinga i 1989/90. Johansen gjekk i 2002 til ny sak mot Noreg for brot på EMK artikkel 8. Saka gjaldt to forhold: for det første stadfestinga av adopsjonsvedtaket i Borgarting lagmannsrett, for det andre kravet frå Johansen om foreldreansvar og samvær med dottera. Johansen påstod òg at Noreg hadde krenkt artikkel 46 i konvensjonen ved ikkje å innrette seg etter dommen frå 1996. EMD avviste klaga på to ulike grunnlag. Klaga frå Johansen over retten til foreldreansvar og samvær med dottera vart avvist som for seint framsett, jf. EMK artikkel 35 første ledd. EMD peika samtidig på at denne delen av saka uansett kunne avvisast som opplagt grunnlaus, jf. artikkel 35 tredje ledd. Klaga over sjølve adopsjonsvedtaket vart avvist som opplagt grunnlaus, jf. artikkel 35 tredje ledd. EMD peika på at vedtaket var rimeleg i høve til kva som var best for barnet, og slutta seg til lagmannsrettens vurderingar. Når det gjaldt klaga over at Noreg ikkje hadde følgt opp den siste dommen, jf. artikkel 46, peika EMD på at den føreliggjande saka reiste nye spørsmål som det ikkje var teke stilling til under den første saka. Også dette spørsmålet vart difor avvist.

### 12.2. OSSE

Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) er ein viktig arena der Noreg er aktivt med i arbeidet for demokratisk utvikling, rettsstatleg styre og respekt for menneskerettane. Innsatsen organisasjonen gjer på Balkan, i Sentral- og Aust-Europa elles og i SUS-landa, er viktig også for Noreg. Av det betydelege bidraget vi yter til arbeidet i OSSE, går den absolutt største delen til arbeidet med den såkalla menneskelege dimensjonen.

Deltakarlanda i OSSE har forplikta seg til prinsippet om at eiga etterleving og utvikling når det gjeld menneskerettar, demokrati og rettsstyre er ei sak som vedgår dei alle. I praksis går arbeidet i OSSE når det gjeld den menneskelege dimensjonen difor ut på å kontrollere at landa etterlever desse verdiane og på å medverke til forbetringar gjennom rådgjeving og direkte prosjektsamarbeid. OSSE er gjennom sendelaga til stades i land og regionar der store oppgåver er uløyste når det gjeld utvikling av demokratiske institusjonar, rettsstyre og respekt for menneskerettane, og der få andre internasjonale organisasjonar er etablerte. Den politiske dialogen i OSSE sikrar også at land som sjeldan deltek direkte i internasjonale diskusjonar om menneskerettar og demokrati, blir høyrde og får tilbakemelding.

OSSE-kontoret for demokratiske institusjonar og menneskerettar, ODIHR, gjennomførte i 2002 over 100 prosjekt i meir enn 20 land i OSSE-regionen. I 2002 var aktiviteten framleis stor på Balkan,

samtidig som det skjer ei opptrapping av aktiviteten i Sentral-Asia. Valobservasjon og utvikling av valstandardar, kamp mot handel med menneske, likestilling mellom kjønna og rettar for roma- og sintifolket har stått sentralt i 2002. Endå ei oppgåve kom til hausten 2002 med varetaking av menneskerettsaspekt i kampen mot terrorisme. Rettane til nasjonale minoritetar, ytringsfridom og eigarskap i tilknyting til media og Internett er tema som har oppteke høgkommissæren for nasjonale minoritetar (HCNM) og representanten for dei frie media (RFM) i 2002.

Dei siste åra har OSSE gjort eit betydeleg arbeid mot handel med menneske. Dette er eit aukande problem som rammar alle landa i OSSE-regionen. Fleire hundre tusen menneske blir kvart år frakta til og frå og innanfor OSSE-regionen og utsette for slaveliknande utnytting – mange kvinner og born innanfor den kommersielle sexindustrien. Menneskehandel utgjer grove brot på menneskerettane til ofra, medverkar til framvekst og styrking av transnasjonale kriminelle grupper og er med på å undergrave stabiliteten og tryggleiken i vid forstand. Dette krev ein effektiv, koordinert og tverrfagleg internasjonal respons. I arbeidet mot menneskehandel har OSSE med si praktiske erfaring frå feltverksemd ein fordel framfor mange andre internasjonale organisasjonar. OSSE har etablert ein terminologi og eit fleirdimensjonalt fokus på problemet som dominerer den internasjonale debatten. OSSE har også utarbeidd ei rekkje praktiske tilrådingar til sine medlemsland, og har gjort problemstillinga til eit element i opplæring og regelverk for personell på OSSE-oppdrag. I september 2002 var menneskehandel tema for eit seminar under det årlege implementeringsmøtet for den menneskelege dimensjonen i Warszawa. Under ministermøtet i Porto i desember 2002 vart det vedteke ei substansiell og god erklæring mot menneskehandel, som blant anna inneber at det i 2003 skal utarbeidast ein handlingsplan for det vidare OSSE-arbeidet på feltet.

Noreg har medverka til OSSE-arbeidet mot menneskehandel mellom anna ved at det er ytt støtte til spesialgruppa under stabilitetspakta for Søraust-Europa og ved å setje inn ein person i stillinga som rådgjevar for menneskehandelsspørsmål ved OSSE-sendelaget i Beograd. Den norske støtta vil auke i 2003, mellom anna med bidrag til ODIHRs prosjektfond mot menneskehandel.

### 12.3. Austersjørådet

Austersjørådet vart etablert i 1992 som eit forpliktande samarbeid i Austersjøregionen. Russland, dei baltiske landa, Polen, Tyskland, dei nordiske landa og EU er medlemmer. Samarbeidet i Austersjørådet omfattar ei rekkje emne, og av desse har demokratiutvikling vore blant dei mest sentrale.

Noreg hadde i perioden 2001/2002 formannskapen i arbeidsgruppa for demokratiske institusjonar. Hovudsaker under den norske formannskapen var samarbeid med det sivile samfunnet og frivillige organisasjonar, borns rettar, likestillingsspørsmål og arbeidet mot rasisme og framandfrykt. Noreg arrangerte eit seminar om rasisme i Bergen 8. og 9. februar 2002 der ein m.a. drøfta oppfølging av verdskonferansen mot rasisme og spørsmålet om nasjonale handlingsplanar for menneskerettar.

Den seinare tida har også kampen mot handel med kvinner og born vore eit prioritert område i fleire av institusjonane i Austersjørådet. Det føregår eit omfattande politi- og justissamarbeid i regi av arbeidsgruppa mot organisert kriminalitet. I januar 2002 vart det etablert ei arbeidsgruppe for innsats overfor born i fare. Arbeidsgruppa koordinerer det regionale samarbeidet om born

som er offer for seksuell utnytting. Kommissæren i Austersjørådet, Helle Degn, har vore med på å setje fokus på problemet blant anna gjennom regional nettverksbygging. Kommissær Degn legg vekt på vidare oppbygging av demokratisk kultur og god lovgjevingspraksis i medlemslanda. Ho understrekar at kampen mot organisert kriminalitet, menneskehandel og korrupsjon må halde fram for å styrkje utviklinga av stabile demokrati og legitime styresett.

### 12.4. Barents-samarbeidet

Barents-samarbeidet fyller ti år i januar 2003. Det er delvis eit regjeringssamarbeid (gjennom Barentsrådet, som består av dei nordiske landa, Russland og EU-kommisjonen), og delvis eit regionalt samarbeid (gjennom Barents regionråd, med 13 deltakande fylke i Russland, Finland, Sverige og Noreg i tillegg til urfolks-representantar). Barentsregionen omfattar eit område fem gonger større enn Noreg med om lag 6 millionar innbyggjarar.

Eit hovudmål for Barents-samarbeidet er å medverke til berekraftig utvikling generelt, også gjennom å styrkje demokrati, rettsstatsprinsipp og godt styre i dei russiske områda. Målsetjingane er konkretiserte gjennom eit omfattande og mangearta prosjektsamarbeid. Ein berebjelke er mellomfolkeleg samarbeid og eit fylkessamarbeid som saknar sidestykke i tilsvarande internasjonalt samarbeid.

Den auka kontakten gjennom Barents-samarbeidet har gjeve mange delar av den russiske befolkninga innblikk i korleis eit demokratisk samfunn er organisert og fungerer. I samarbeidet vert det mellom anna lagt vekt på fri informasjon, open forvaltning og avgjerdstaking, høve for underprivilegerte grupper til å ta del og på kompetanseoverføring på mange område. Ungdomsarbeid står sentralt. Målet er mellom anna å setje fart i framveksten av ein ny generasjon med større evne til å delta i reform og utvikling i Russland.

Barents-samarbeidet representerer i tillegg ei viktig plattform for samarbeid mellom urfolk i regionen, dvs. samar, nentsarar og vepsarar. Vern og styrking av den kulturelle eigenarta til urfolka og styrking av helse og andre livsvilkår står sentralt. Det same gjeld urfolksrettane, slik dei mellom anna går fram av Agenda 21.



# 13 Menneskerettsdialogar

Menneskerettsdialogar er samarbeid om menneskerettar med eit land som har menneskerettsproblem, men der det samtidig er potensial for forbetring gjennom dialog og kontakt. Ein reell og fruktbar dialog stiller krav om gode kontaktar mellom aktørar på ulike nivå. Politiske kontaktar er eit sentralt element i dialogen, men like viktig er den nettverksbygginga som skjer mellom embetsverk, rettsvesen, akademikarar og frivillige organisasjonar. Nettverka gjer det mogeleg å utveksle informasjon, bekymringar og kritikk gjennom kontaktar basert på tillit.

Eit viktig prinsipp som alltid vert poengtert overfor dialogpartnaren, er at ein menneskerettsdialog ikkje skal vere til hinder for norsk påtale av menneskerettsbrot i landet, til dømes i multilaterale forum. Menneskerettsdialog er berre eitt av fleire verkemiddel for å betre menneskerettssituasjonen i landet. Arbeidsmetodar, intensitet og temaval kan variere frå dialog til dialog.

Noreg arbeidde i 2002 med å forsterke dialogane og å utvide konseptet til nye land. Felles for dialogarbeidet er at ein ønskjer å konsentrere arbeidet om færre tema, at desse skal strekkje seg over lengre tid og at det må knytast konkrete prosjekt til dei tema som vert tekne opp. Noreg ønskjer å dra fleire aspekt inn i dialogarbeidet, til dømes kva rolle landet spelar i multilaterale forum, og det er dermed ikkje lenger berre den interne menneskerettssituasjonen dialogen dreiar seg om.

Noreg har sidan 1997 hatt ein formell menneskerettsdialog med Kina. Denne dialogen er bygd rundt årlege rundebord på politisk nivå og ekspertnivå, og vert forsterka av ei rekkje konkrete menneskerettsprosjekt i Kina. I april 2002 blei menneskerettsdialogen med Indonesia formelt opna med ein større konferanse om menneskerettar i Jakarta. Ved Norsk senter for menneskerettar er det etablert eit Kina-program og eit Indonesia-program, som utgjer ein av fleire komponentar i dialogen med desse to landa.

I 2002 heldt Noreg fram med etableringsarbeidet overfor Vietnam. Noreg støttar allereie fleire prosjekt i landet der målsetjinga er å medverke til å betre demokrati- og menneskerettssituasjonen og å fremje godt styresett. LO medverkar med overføring av kompetanse til tillitsvalde og kollektive forhandlingar i nært samarbeid med sin vietnamesiske motpart Vietnam General Confederation of Labour.

Noreg la i 2002 grunnlaget for å innleie ein menneskerettsdialog med eit land i Afrika. Det er òg etablert eit utstrekt samarbeid om menneskerettar med Tyrkia (samtalar på politisk nivå og embetsmannsnivå og støtte til tyrkiske organisasjonar), utan at dette blir definert inn i kategorien menneskerettsdialog.



# 14 Vedlegg

## 14.1. Ombodsordningane

I Noreg finst det ei rekkje mekanismar utanom domstolane som kan behandle klager om påståtte menneskerettskrenkingar. Utfallet av desse klagesakene er ikkje bindande for styresmakter eller privatpersonar, men vert tillagt stor vekt. Sentralt blant desse overvakings- og klagemekanismane står Sivilombodsmannen (Stortingets ombodsmann for forvaltninga). Rapporten frå Sivilombodsmannen er teken med nedanfor saman med rapportane frå Barneombodet, Likestillingsombodet og Ombodsmannen for forsvaret og sivile vernepliktige. Senter mot etnisk diskriminering har ein ombodsliknande funksjon på sitt felt, og rapport frå senteret er teken med til slutt.

### *14.1.1. Sivilombodsmannen*

Sivilombodsmannen, Stortingets ombodsmann for forvaltninga, ser det som viktig å kunne vere med på å fremje gjennomføringa av menneskerettar både i norsk forvaltningspraksis og internasjonalt. Stortingets kontroll- og konstitusjonskomité har uttala seg positivt om informasjonsverksemda sivilombodsmannen driv innanlands og utanlands, då dette er med på å auke kunnskapen om sivilombodsmannens rolle både nasjonalt og i andre land.

Gjennom arbeidet med enkeltsaker der menneskerettsspørsmål kjem opp, er sivilombodsmannen med på å spreie kjennskap til og forståing for følgjene av dei internasjonale menneskerettsavtalane Noreg er med i. Også under besøk, mellom anna fengsel (i løpet av året fekk Åna fengsel og Oslo fengsel besøk), og i møteverksemda legg ombodsmannen vekt på å fremje arbeidet for menneskerettane.

Sivilombodsmannen ser det vidare som viktig å gje informasjon til land som ønskjer å byggje ut sitt eige menneskerettsvern. Interessa for ombodsmannsinstitusjonen er stor i utlandet, og gjennom året tek sivilombodsmannen imot ei rekkje delegasjonar og representantar frå forskjellige land og informerer om demokrati og menneskerettar. I tillegg held sivilombodsmannen føredrag og deltek på møte og konferansar i utlandet. På den måten er ombodsmannen med på å spreie kunnskap om ein demokratisk institusjon som i mange land kan gjere ein viktig innsats for menneskerettane.

I 2002 tok sivilombodsmannen imot parlamentarikarar frå ei rekkje land, mellom andre Cuba, Vietnam og Russland. Han hadde òg besøk av delegasjonar med dommarar og advokatar, mellom anna frå Etiopia, Uganda, Rwanda og Mongolia. I tillegg var mellom andre den indonesiske justisministeren og riksadvokaten og justisministeren i Rwanda på besøk. På denne måten vert det utveksla erfaringar og informert om arbeidet med å byggje ut menneskerettsvernet. Sivilombodsmannen har elles besøkt PICCR, ein

palestinsk borgarrettsorganisasjon (eit slag ombodsmannsinstitusjon) i Ramallah for mellom anna å informere om den norske ombodsmannsordninga. To av medarbeidarane til sivilombodsmannen var dessutan i Kosovo og heldt kurs for dei tilsette hos ombodsinstitusjonen der ("Ombudsperson in Kosovo").

*14.1.2. Barneombodet*

